

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	8.etg. Statsporten, Wigandgården
Dato:	25.11.2014
Tid:	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.


Tid: Tysdag 25. november 2014

Stad: Wigandgården 8. etg. møterom: Statsporten kl. 10.00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall. Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no



Tom Knudsen

Kopi: Varamedlemene

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 36/14	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 37/14	Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 04.11.2014	2014/22674	
PS 38/14	Justering av undervisningstilbudet- skuleåret 2015/16	2014/22618	
PS 39/14	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14	2014/23262	
PS 40/14	Avklaring av vidaregåande skuler i Åsane	2014/10030	
PS 41/14	Ymse		

PS 36/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2014/22674-3
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	37/14	25.11.2014

Godkjenning av møtebok Yrkesopplæringsnemnda 04.11.2014

Forslag til avgjerd

Møtebok fra Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.11.2014 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Stadsporten, Wigandgården, 8.etg.
Dato: 04.11.2014
Tidspunkt: 10:00 – 11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marte Malones	Medlem	A
Tom Knudsen	Medlem	NHO
Edel Teige	Medlem	NHO
Roger Pilskog	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Hege Kristin Mjelde	Medlem	LO
Ørjan Magnussen	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Stian Femoen	Roald Stenseide	H
Atle Rasmussen	Hege Kristin Mjelde	LO
Marie Vatlø Moldeklev		Lærlingerep.vara

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 27/14	Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 27.05.14	2014/22674	
PS 28/14	Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 09.09.14	2014/22674	
PS 29/14	Referatsaker (Meldingar)		
PS 30/14	Minoritetsspråklege elevar i Hordaland. Status 2014. Utfordringar og tiltak	2014/22380	
PS 31/14	Plan for kompetanseutvikling 2012-2015, tiltak 2015.	2014/22562	
PS 32/14	Endring av fagskulen sin plass i styringssystemet	2014/22192	
PS 33/14	Elev- og lærlingombud	2014/22610	
PS 34/14	Svar på spørsmål frå OPHE vedk tiltak for lærebedrifter	2014/22472	
PS 35/14	Ymse		

PS 26/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Vedtak

Ingen merknader til møteinnkalling. Sakliste vart godkjent.

PS 27/14 Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 27.05.14

Forslag til avgjerd

Møteboka fra Yrkesopplæringsnemda sitt møte 27.05.14 vart tatt til orientering

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Vedtak

Møtebok vart tatt til orientering.

PS 28/14 Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 09.09.14

Forslag til avgjerd

Møteboka fra Yrkesopplæringsnemda sitt møte 09.09.14 vart tatt til orientering

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Vedtak

Møtebok vart tatt til orientering.

PS 29/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Vedtak

Ingen referatsaker (meldingar) til dette møte

PS 30/14 Minoritetsspråklege elevar i Hordaland. Status 2014. Utfordringar og tiltak

Forslag til vedtak:

Opplærings- og helseutvalet tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen sine forslag til tiltak.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Opplærings- og helseutvalet tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen sine forslag til tiltak.

PS 31/14 Plan for kompetanseutvikling 2012-2015, tiltak 2015.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2012-2015.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2012-2015.

PS 32/14 Endring av fagskulen sin plass i styringssystemet

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber om at:

1	Fylkesrådmannen utarbeider ei sak til Fylkestinget med forslag om endring av vedtektene for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova.
2	Fylkesrådmannen gjennomgår og vurderer formelle sider ved organiseringa av sekretariatsfunksjonen.
3	Hordaland fagskulestyre vert oppmoda om å vurdere å utarbeide eit delegasjonsdokument som formaliserar kva oppgåver som er lagt til Opplæringsavdelinga og Personalseksjonen.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget ber om at:

1	Fylkesrådmannen utarbeider ei sak til Fylkestinget med forslag om endring av vedtektene for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova.
2	Fylkesrådmannen gjennomgår og vurderer formelle sider ved organiseringa av

	sekretariatsfunksjonen.
3	Hordaland fagskulestyre vert oppmoda om å vurdere å utarbeide eit delegasjonsdokument som formaliserar kva oppgåver som er lagt til Opplæringsavdelinga og Personalseksjonen.

PS 33/14 Elev- og lærlingombud

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Det var 7 representantar til stades.

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

Yrkesopplæringsnemnda ber at saken fremskyndes til høsten 2015, slik at elev- og lærlingombud kan iverksettes fra januar 2016

Røysting Knudsen/Pilskog sitt forslag vart vedteke om 1 røyst (H)

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda ber at saken fremskyndes til høsten 2015, slik at elev- og lærlingombud kan iverksettes fra januar 2016

PS 34/14 Svar på spørsmål frå OPHE vedk tiltak for lærebedrifter

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1	Yrkesopplæringsnemnda oppfordrer skoleeier å ta tak i skolene og samordne skolenes aktivitet på prosjekt til fordypning, og fastsette at prosjekt til fordypning skal foregå i, og i samarbeid med lærebedriftene.
2	Yrkesopplæringsnemnda ber om oppdatert statistikk til Y-nemndas møte i januar 2015
3	Yrkesopplæringsnemnda be om at ordfører/rådmann i Hordalands kommuner kalles inn til møte med Y-nemnda i starten 2015.

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Opplærings- og helseutvalet tek saka til etterretning og støttar fylkesrådmannen sine tiltak for å styrkje dialog mellom skule og bedrift kring kvalitet og læringsutbytte av opplæringa i skule.

1	Yrkesopplæringsnemnda oppfordrer skoleeier å ta tak i skolene og samordne skolenes aktivitet på prosjekt til fordypning, og fastsette at prosjekt til fordypning skal foregå i, og i samarbeid med lærebedriftene.
2	Yrkesopplæringsnemnda ber om oppdatert statistikk til Y-nemndas møte i januar 2015
3	Yrkesopplæringsnemnda be om at ordfører/rådmann i Hordalands kommuner kalles inn til møte med Y-nemnda i starten 2015.

PS 35/14 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 04.11.2014

Vedtak

Oversikt over godkjente lærebedrifter i perioden 09.09.2014 til 03.11.2014 vart delt ut.

Det planlegges en strategisamling for Yrkesopplæringsnemnda i mai 2015.

Studietur for Yrkesopplæringsnemnda i 2015 til Danmark, det vil bli jobbet videre med dette.

Hordaland fylkeskommune har søkt Utdanningsdirektoratet om å få stå som arrangør av den årlege samlinga – Arena for kvalitet 2015. Ein tenkjer vidare då å søkje om å få arrangere NM for yrkesfag i 2016.

Restanseliste vart etterlyst – vil bli lagt fram i neste møte.



Arkivnr: 2014/22618-37

Saksbehandlar: Nils Skavhellen, Svein Kirkevik, Torbjørn Mjelstad, Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	38/14	25.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		
Fylkesutvalet		

Justering av undervisningstilbudet - skuleåret 2015/16

Samandrag

Saka om justering av undervisningstilbudet er også i år ei tilpassing til forventa søkjartal, vedtaka i skulebruksplanen, røynslene frå siste års inntak og trongen for læreplassar i dei aktuelle faga. I år legg fylkesrådmannen fram ei sak som i hovudsak har grunnlag i vedtaka i skulebruksplanen. I tillegg tilrår fylkesrådmannen, som hovudregel, oppretting av tilbod som vart lagt ned hausten 2014. Dersom det heller ikkje er søkjargrunnlag til tilbodet skuleåret 2015/16, vil det berre unntaksvis verte fremja forslag om oppretting hausten 2016. Fylkesrådmannen har som hovudregel ikkje tatt med oppretting av fleire elevplassar der skulane allereie har tilbodet. Slike justeringar må eventuelt tilpassast søkjartala ved prognoseinntaket i mars, og eventuelt i løpet av sommaren 2015.

Skulane har hatt saka til uttale og kommentarar. Skulane sine tilbakemeldingar er lagt ved saka.

I denne saka er det ein auke på 103 elevplassar samanlikna med inneverande skuleår. I dette talet ligg og konsekvensar av tidlegare auke/reduksjon som følgjer naturleg etter tidlegare års vedtak (Matematisk tilpassing). Det er lagt ved ein eigen tabell som syner desse tilpassingane.

Etter prognoseinntaket vil fylkesrådmannen leggje fram ei justeringssak til politisk behandling, dersom det må vurderast om eit utdanningsprogram/programområde skal leggjast ned ved ein skule.

Som hovudregel vert det sett krav til oppfyllingsgrad på 85 % i høve til budsjettert elevtal. Dersom ei gruppe kjem under minimumskravet, skal avgjerd om eventuell nedlegging vurderast opp mot tilbodet i regionen og i fylket samla sett. Denne vurderinga blir gjort administrativt.

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane;

Oppretting hausten 2015 (politisk)						
Elevar	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
12	DH	Vg1	DHDHV1----	Design og handverk	660	Etne vgs
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	665	Stord vgs
15	DH	Vg2	DHDTE2----	Design og tekstil	652	Fitjar vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	630	Kvinnherad vgs
14	SS	Vg2	SSSSS2----	Salg, service og tryggleik	630	Kvinnherad vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	628	Odda vgs
12	TP	Vg2	DHSME	Smedfaget	628	Odda vgs

12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	628	Odda vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	628	Odda vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	657	Hjeltnes vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	635	Norheimsund vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	615	Øystese gymnas
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	632	Voss vgs
15	SS	Vg2	SSRLV2----	Reiseliv	632	Voss vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	632	Voss vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSBUA2----	Barne og ungdomsarbeidar	644	Fusa vgs
12	EL	Vg1	ELELE1----	Elektrofag	648	Austevoll vgs
15	EL	Vg1	EL	Elektrofag m/studiekompetanse	636	Laksevåg vgs
27	PB	Vg3	PBPBY3----	Påbygg. gen. Studiekompetanse	656	Lønborg vgs
27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	638	Åsane vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	641	Austrheim vgs
15	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	634	Knarvik vgs
20	EL	Vg1	ELELE1P---	Taf-elektro	634	Knarvik vgs
358	Oppretting hausten 2015 (politisk)					
Nedlegging hausten 2015 (politisk)						
Elevar	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
-12	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	660	Etne vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	628	Odda vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	635	Norheimsund vgs
-15	EL	Vg1	ELELE1----	Elektro	636	Laksevåg vgs
-27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	656	Lønborg vgs
-78	Nedlegging hausten 2015 (politisk)					
280	Endring hausten 2015					

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.11.2014

Saka om justering av undervisningstilbodet er kvart år ei tilpassing til forventta søkjartal, vedtaka i skulebruksplanen, røynslene frå siste års inntak og trongen for læreplassar i dei aktuelle faga. I år legg fylkesrådmannen fram ei sak som i hovudsak har grunnlag i vedtaka i skulebruksplanen. I tillegg tilrår fylkesrådmannen, som hovudregel, oppretting av tilbod som vart lagt ned hausten 2014. Dersom det heller ikkje er søkjargrunnlag til tilbodet skuleåret 2015/16, vil det berre unntaksvis verte fremja forslag om oppretting hausten 2016. Fylkesrådmannen har som hovudregel ikkje tatt med oppretting av fleire elevplassar der skulane allereie har tilbodet. Slike justeringar må eventuelt tilpassast søkjartala ved prognoseinntaket i mars, og eventuelt i løpet av sommaren 2015.

Skulane har hatt saka til uttale og kommentarar. Tilbakemeldingar frå skulane er lagt som vedlegg til saka.

I denne saka er det ein auke på 103 elevplassar samanlikna med inneverande skuleår. I dette talet ligg og konsekvensar av tidlegare auke/reduksjon som følgjer naturleg etter tidlegare års vedtak (Matematisk tilpassing). Det er lagt ved ein eigen tabell som syner desse tilpassingane.

Etter prognoseinntaket vil fylkesrådmannen leggje fram ei justeringssak til politisk behandling dersom det må vurderast om eit utdanningsprogram/programområde skal leggjast ned ved ein skule. Justeringar for tilpassing til søkjartala ved prognoseinntaket i mars, og eventuelt i løpet av sommaren 2015, vert gjort administrativt.

Studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen

Det er framleis for stor kapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen. Det vert lagt fram eiga sak om tilpassing av dette tilbodet våren 2015, slik det vart meldt i FUV-sak 205/14 «Oppfølging av skulebruksplanen».

Forholdet mellom elevane sine ønskje og næringslivet sine behov

I Hordaland vel om lag 50 % (3200) av eit årskull eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Statistikk syner at berre om lag 1/3 (1100) av eit årskull vert lærlingar to år seinare. Om lag ¼ (800) vel å ta påbygg til generell studiekompetanse. I tillegg gjer elevar omval, sluttar, tek vg3 i skule, eller byrjar i lære allereie etter Vg1. I 2013 var det om lag 150 ungdommar som fekk læreplass etter Vg1. Om lag 80 av desse hadde gått Vg1 bygg- og anleggsteknikk (BA).

Talet på elevplassar ved dei ulike utdanningsprogramma/programområda har dei siste åra vore godt tilpassa søkjargrunnlaget. Dette samsvarar ikkje alltid med tilgangen på læreplassar. Likevel er det slik at dei elevane som kjem ut frå ungdomsskulen, har rett til inntak på eitt av tre utdanningsprogram. Inntaket til dei vidaregåande skulane må også tilpassast dette.

Inntaket i 2014 viste at mange av søkjarane frå ungdomsskulen nyttar søknadsskjemaet sitt for lite. Ofte blir det berre ført opp eitt utdanningsprogram og to-tre skular. Dette kan tyde på stor motivasjon for dette eine utdanningsprogrammet, men dersom søkjaren ikkje får plass, vil alternativa straks bli vesentleg redusert.

Det er ulike faktorar som er avgjerande for om ein elev får læreplass eller ikkje. Kvar elevane bur, kvalifikasjonane (i mange fag må ein ha over 4 i snittkarakter for å få læreplass) og fråver i opplæringa avgjer ofte om ein elev får læreplass eller ikkje. Skulane sitt arbeid med faget prosjekt til fordjuping (PTF), påverkar også kor lett eller vanskeleg det er for elevane å få læreplass. På landsbasis blir om lag 70 % av alle lærekontraktar teikna gjennom bruk av PTF.

Avviket mellom elevane sine kvalifikasjonar og ønskje og næringslivet sin trong for lærlingar gjer at vi kvart år må ha alternativ slutt opplæring for nokre grupper. Det er særleg innanfor Teknikk og industriell produksjon (TIP) at det er fleire elevar enn det er læreplassar.

For søkerane som ikkje fekk læreplass i 2013, oppretta Hordaland fylkeskommune Vg3 i skule innanfor ulike TIP-fag. Om lag 50 ungdommar fekk tilbod om å ta Vg3 i skule innanfor industrimekanikar og sveis- og platearbeidarfaga, men berre 21 starta opp på tilbodet. I bilfaga starta ein opp med 13 elevar ved Norheimsund vgs. Det var 18 ungdommar som fekk tilbod. Dette tilbodet går over 18 månader. I dei maritime fag starta ein opp med 14 elevar i motormannfaget ved Rubbestadneset vgs, medan det var 20 ungdommar som fekk tilbod om plass.

Tala for 2014 ser ganske like ut innanfor TIP-faga. Også i år vil 21 elevar få tilbod ved Hop kompetansesenter i faga industrimekanikar og sveis- og platearbeidarfaga. 45 ungdommar har fått tilbod. I bilfaga er det planlagt oppstart ved Norheimsund vgs, og så langt er det venta sju elevar. 18 ungdommar har fått tilbod om plass. I Vg2 maritime fag er det i år to løp, det eine er i tett samarbeid med Statsråd Lehmkühl, der er det åtte elevar. Alle som fekk dette tilbodet, takka ja. Tilbodet dekkar faga motormann og matros. Vidare har Rubbestadneset vgs starta opp med seks elevar i motormannfaget. 14 ungdommar fekk tilbod. Av omsyn til målet om auka fullføring går undervisninga over 18 månader.

I 2014 har ein arbeidd med å finne tilbod til elevar frå Vg2 EI-energi. Vg3- tilbod startar opp i januar 2015. Tilbodet vil vert gitt i samarbeid med bransjeorganisasjonen Nelfo og opplæringskontoret for elektrofag (Okel). 18 ungdommar vil få tilbod. Også dette tilbodet vil strekkje seg over 18 månader.

Tilgang på læreplassar - behovet for fagarbeidarar

Fagopplæringskontoret hentar inn intensjonsavtalar frå bedriftene i januar kvart år. Basert på tal over tid lagar fylkesrådmannen anslag for kor stort behovet for lærlingar vil bli komande år. I nokre fag er utfordringa at det er for få elevar i høve talet på læreplassar. I første omgang handlar det då om å auke rekrutteringa til bestemte fag heller enn rett dimensjonering av skuletilbodet.

For andre fag er utfordringa at det er for mange elevar i høve til talet på læreplassar. Dei to tradisjonelle utdanningsprogramma Teknisk og industriell produksjon og Elektrofag har størst avvik mellom elevtal og tilgjengelege læreplassar. Det er liten tvil om at ein over lang tid har dimensjonert for høgt i desse faga. Hordaland fylkeskommune har hatt slutt opplæringsløp i skule i desse faga i mange år. Det ser ikkje ut til at mangelen på læreplassar har innverknad på søkjemønsteret.

Totalt vart det i 2013 teikna om lag 450 lærekontraktar innan TIP-faga. I skuleåret 2012/13 var det om lag 700 elevar på dei ulike TIP-faga på Vg2. Det betyr at om lag 60 % av elevane på Vg2 får tilbod om læreplass. Det er Vg2-faga industriteknologi, bilfag og maritime fag som skil seg ut.

Når det gjeld bilfag, vart det i 2013 inngått om lag 90 kontraktar. Tala for 2014 syner så langt ein marginal nedgang. I dette fagområdet er bilfaget lette kjøretøy det største. Her er totalt 65 lærekontraktar i 2013. Så langt i 2014 er det registrert 63 kontraktar. Det bør vere eit større potensiale for læreplassar innanfor bilfaga. Fagopplæringskontoret har saman med «Aksjon lærebedrift» hatt særskilt fokus på dette området. Det er likevel naudsynt med Vg3 i skule også i 2014.

I maritime fag er det også i 2014 starta Vg3 slutt opplæring i skule for om lag 15 elevar. Bransjen melder om moglege oppgang i 2015, og fagopplæringskontoret vil vere i tett dialog med bransjen gjennom våren 2015. Dersom problema med å skaffe læreplass vert like store som i 2014, må fylkesrådmannen vurdere å redusere dimensjoneringa på dette faget. Rogaland held fram med å dimensjonere ned tilboda på dei maritime faga og legg ned ein klasse i 2015.

Elevar som kjem frå Vg2 industriteknologi, har utfordringar knytt til å kome seg vidare i løpet. Hordaland har gjennom fleire år hatt eit tett og godt samarbeid med Hop kompetansesenter, som i løpet av eit års opplæring fører dei fleste fram til fagprøva med positivt resultat. I år startar 21 elevar frå Vg2 industriteknologi på Hop kompetansesenter.

Elektro er til liks med TIP eit populært utdanningsprogram. Om lag 450 elevar går på Vg2 innanfor elektrofaga. Om lag 70 % av elevane går på EI-energi. Dei andre elektrofaga er avviksfag. Det betyr at

elevane går tre år på skule og skal vere 18 månader i lære. Tida i bedrift vert rekna som verdiskaping og utløyser i utgangspunktet ikkje lærlingtilskot. Dersom desse elevane ikkje får læreplass, får dei tilbod om fagprøve i løpet av påfølgjande haust. I 2013 vart det innført ei prøveordning med lærlingtilskot for denne gruppa i Hordaland. Det førte til at fleire fekk læreplass. Lærlingtilskotsordninga er vidareført i 2014. Faget EI-energi har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. I 2013 var det difor ikkje nødvendig å opprette Vg3 i skule. I 2014 har likevel talet på nye lærekontraktar gått ned att. Sluttopplæring Vg3 skule må difor opprettast att i januar 2015.

Elektrikarfaget er det største lærefaget, og små endringar i inntaket gjer utslag. Vi har dei siste åra hatt over 200 lærekontraktar. I 2014 vil talet verte lågare. Bransjen signaliserer ingen store reduksjonar, men det er utfordringar knytt til geografisk fordeling.

Analyser av statistikk for faga TIP og Elektro syner store variasjonar mellom skulane når det gjeld kor stor del av elevane som har fått læreplass påfølgjande haust. Det kan bety at tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv er vel så avgjerande for læreplass som korrekt dimensjonering. Dersom ein ser på elevar som gjekk Vg2 industriteknologi, syner statistikken store variasjonar mellom skulane. Lågaste skår er 21 % i lære påfølgjande haust, medan beste skår er 80 % av elevane ute i lære påfølgjande haust. På EI-energi er variasjonane frå 38 % på det lågaste til 93 % på det høgaste. Kva for skule elevane går på, er altså svært avgjerande for om dei får læreplass eller ikkje.

Omtale av skular der fylkesrådmannen gjer framlegg om endring skuleåret 2015/16

Etne vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1 Design og handverk.

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2014 grunna lite søkjartal. Skulen har elles hatt Vg1 Design og handverk sidan innføringa av Kunnskapsløftet i 2006, og før den tid vart det gitt tilbod om formgjevingsfag. Fylkesrådmannen finn det difor rett å gjere framlegg om at tilbodet blir oppretta att. Dersom det heller ikkje denne gongen melder seg nok søkjarar, kan det bli vanskeleg å få tilbake utdanningsprogrammet ved skulen.

Nedlegging:

Vg2 Interiør og utstillingsformgjevar

Skulen har ikkje Vg1 Design og handverk skuleåret 2014/15. Det er såleis heller ikkje grunnlag for å ha Vg2 skuleåret 2015/16.

Bømlo vidaregåande skule

Skulen har søkt om å få opprette Vg1 Studieførebuande med formgjevingsfag. Fylkesrådmannen tilrår ikkje endringar i skuletilboda i Sunnhordland før skulebruksplanen er gjennomført. I tillegg blir det på sentralt hald arbeidd med at Studiespesialiserande utdanningsprogram med formgjevingsfag skal bli eit nytt utdanningsprogram med nye læreplanar og nytt namn.

Stord vidaregåande skule

Oppretting:

Vg2 Kjøretøy

Dette tilbodet vart lagt ned ved skulen våren 2015 grunna lågt søkjartal. Skulen har tradisjon for å gje dette tilbodet, som også er det einaste i Sunnhordlandsregionen. Fylkesrådmannen tilrår difor at ein opprettar

tilbudet att for skuleåret 2015/16. Dersom det framleis ikkje er søkjargrunnlag til tilbudet, kan det bli vanskeleg å opprette dette att seinare.

Fitjar vidaregåande skule

Oppretting:

Vg 2 Design og tekstil

Våren 2014 vart dette tilbudet lagt ned grunna lågt søkjartal. Overraskande nok melde det seg så mange søkjarar til Vg1 Design og handverk, at det vart sett i gang ei ekstra klasse ved dette utdanningsprogrammet hausten 2014. Med dette utgangspunktet bør det vere søkjargrunnlag til at Vg2 Design og tekstil kan kome i gang att frå hausten 2015. Skulen har ikkje andre tilbod innanfor Vg2 Design og handverk, men Vg1-kurset gir også grunnlag for å søkje Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag.

Kvinnherad vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1 Restaurant og matfag.

Dette tilbudet vart lagt ned våren 2014 på grunn av låg søknad. Det kom ein del reaksjonar på dette, m.a. fekk Opplæringsavdelinga brev frå ein del søkjarar som ønskte å søkje tilbudet etter at det var lagt ned. Fylkesrådmannen finn det rett å gjere framlegg om at tilbudet blir oppretta att, men vil nemne at søkjargrunnlaget var relativt lågt også før tilbudet vart lagt ned våren 2014. Som alle andre tilbod som blir lagt ned, vil det vere meir utfordrande å få tilbudet oppretta på nytt dersom det blir lagt ned to år etter kvarandre. Det er difor viktig at det kjem søkjarar til Vg1 Restaurant- og matfag skuleåret 2015/16 for at tilbudet skal kunne oppretthaldast vidare på skulen.

Vg2 Sal, service og tryggleik

Skulen hadde ikkje tilbod om Vg1 Service og samferdsel skuleåret 2013/14. Det førte til at det heller ikkje var grunnlag for Vg2 innanfor dette utdanningsprogrammet. Frå hausten 2014 er Vg1-tilbudet oppretta att ved skulen, og det gjer det naturleg at elevane også får tilbod om å halde fram i Vg2.

Odda vidaregåande skule

Skulen søker om å få oppretta Vg1 Idrettsfag på nytt. Etter skulebruksplanen skal skulen ikkje ha dette utdanningsprogrammet. Fylkesrådmannen finn det difor ikkje rett å argumentere for å opprette Vg1 Idrettsfag ved skulen no.

Oppretting:

Innføringsklasse for minoritetsspråklege søkjarar

Aktuelle søkjarar til dette tilbudet kan variere mykje frå år til år. Sist skulen hadde innføringsklasse var skuleåret 2011/12. Ut frå den informasjonen som skulen har henta inn, kan det sjå ut som at det er grunnlag for å opprette tilbudet att frå hausten 2015. Det er difor viktig å gjere tilbudet søkbart i Vigo, så får ein sjå om talet på kvalifiserte søkjarar er høgt nok til å starte opp frå hausten 2015.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Tilbudet vart lagt ned våren 2014 grunna lågt søkjartal. Skulen har i mange år hatt tilbod innanfor dette utdanningsprogrammet. Søkjargrunnlaget dei siste åra har likevel i beste fall vore ujamnt, ofte heller svakt. Fylkesrådmannen ønskjer likevel å opprette tilbudet att frå hausten 2014. Søkjargrunnlaget komande år kan avgjere om det er aktuelt å tilby dette utdanningsprogrammet ved skulen i framtida.

Vg2 Smedfaget

Dette er ei landslinje, dvs. eit tilbod som kan søkjast på like vilkår, uansett kva fylke søkjarane er busette i.

Tilbodet ligg under utdanningsprogrammet Design og handverk. Dette er eit «smalt» utdanningsprogram som gir eit dårleg søkjargrunnlag til smedfaget. Det er no svært truleg at Vg1 Teknikk og industriell produksjon blir godkjent som inntaksgrunnlag til Vg2 Smedfaget (såkalla kryssløp). Dette vil auke talet på kvalifiserte søkjarar monaleg. Vg1 Teknikk og industriell produksjon er det yrkesfaglege utdanningsprogrammet med flest elevplassar både i Hordaland og landet elles. Fylkesrådmannen finn det difor rett at tilbudet blir forsøkt oppretta att for skuleåret 2015/16.

Vg2 Kjøretøy

Dett tilbudet vart lagt ned våren 2014 på grunn av lågt søkjartal. Som elles i denne saka tilrår fylkesrådmannen at tilbod som vart lagt ned våren 2014, som hovudregel, blir oppretta att for komande skuleår. Skulle søkjartalet våren 2015 også bli for lågt til at tilbudet kan starte opp, vil det bli meir utfordrande å få oppretta tilbudet att seinare.

Nedlegging:

Vg2 Byggteknikk.

Skulen har ikkje Vg1 Bygg- og anleggsteknikk skuleåret 2014/15. Det er difor heller ikkje grunnlag for å oppretthalde Vg2 Byggteknikk skuleåret 2015/16.

Hjeltnes vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1 Naturbruk

Skulen har i fleire år hatt låg søking til Vg1 Naturbruk. Tilbodet vart lagt ned våren 2014 fordi det då berre var ein søkjar.

Som elles i denne saka meiner fylkesrådmannen, denne gongen under tvil, at tilbod som blir lagt ned om våren, bør få ein ny sjanse året etter. Det bør likevel stillast krav til at det melder seg minst seks søkjarar som har dette som primærønskje.

Norheimsund vidaregåande skule

Skulen har søkt om å få opprette TAF innanfor dei fire utdanningsprogramma som skulen har; Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Helse- og oppvekst og Teknikk og industriell produksjon. Skulen opplyser at dei har samarbeidsbedrifter og om lag fem intensjonsavtalar innanfor kvart av dei fire ovannemnde utdanningsprogramma.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for fire TAF-tilbod over fleire år ved skulen. Når ein opprettar TAF-tilbod er det avgjerande viktig at tilbodet blir varig. Når skulen satsar på TAF-tilbod innanfor fire utdanningsprogram, vil dette føre til at søkjartalet til dei ordinære utdanningsprogramma, og ikkje minst i høve til studiespesialiserande på Øystese gymnas, kan bli så lite at det ikkje er mogleg å oppretthalde eit breitt og godt tilbod på nokon av skulane. Søkjarane til TAF-tilbodet vil i all hovudsak kome frå same region som søkjarar til ordinære klassar.

Ein minner også om at skulen inneverande skuleår ikkje har tilbod om Vg1 Bygg- og anleggsteknikk på grunn av lågt søkjartal. Søkjartala til dei andre utdanningsprogramma er heller ikkje høgare enn dei bør vere for å oppnå relativt fulle klassar. Når elevtala i Vg1 blir lågare, kan dette også føre til at Vg2-tilbod blir lagt ned. Skulen har alt måtte leggje ned Vg2-tilbod på grunn av låge søkjartal. I tillegg vil x-tal aktuelle søkjarar til TAF-tilbodet elles vere interesserte i ordinært studiespesialiserande utdanningsprogram på Øystese gymnas. Denne skulen slit med å oppretthalde to fulle parallellar på kvart årssteg, og det er svært truleg at elevtalet vil bli redusert med oppretting av TAF-tilbod i Norheimsund. I tillegg til dette tek TAF-

tilboda læreplassar over fire år, noko som kan gjere det vanskelegare for ordinære Vg2-elevar å få læreplass. Regionen har diverre ikkje same type «lokomotiv» innanfor næringslivet som ein m.a. har i Fusa og Knarvik.

Oppretting

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Dette tilbudet vart lagt ned våren 2014 grunna lågt søkjartal. Skulen har hatt tilbudet i mange år, med varierende søkjartal. Fylkesrådmannen tilrår at tilbudet blir oppretta att for skuleåret 2015/16. Dersom det skulle vise seg at det heller ikkje no er søkjargrunnlag til klassen vil det krevje meir å få oppretta tilbudet att seinare år.

Nedlegging:

Vg2 Byggteknikk

Skulen har ikkje Vg1 Bygg- og anleggsteknikk skuleåret 2014/15. Det er difor ikkje heller grunnlag for å oppretthalde Vg2 Byggteknikk skuleåret 2015/16.

Voss vidaregåande skule

Skulen har søkt om å få starte opp med vekslingsmodellen innanfor reiselivsfaget. Fylkesrådmannen tilrår ikkje denne søknaden. Hovudårsaka til dette er at ein først må få eit stabilt rekrutteringsgrunnlag til Service og samferdsel på Voss. Som ein ser nedanfor, blir det tilrådd å opprette eit ordinært Vg2 Reiseliv frå hausten 2015. Fylkesrådmannen er også svært usikker på om det vil vere nok aktuelle søkjarar til eit slikt tilbud i tillegg til det ordinære Vg2-tilbodet innanfor reiselivsfaget. Realistisk sett er det tvilsamt om eit slikt smalt fag, med generell dårleg rekruttering, får noko særleg søkjarar frå andre regionar av fylket, i alle fall over noko tid.

Oppretting:

Vg2 Kjøretøy

Skulen har i fleire år hatt dette tilbudet, men på grunn av låg søking vart det lagt ned våren 2014. Skulen ønskjer å opprette tilbudet att, og fylkesrådmannen er samd i dette. Dersom det heller ikkje skulle bli godt nok søkjargrunnlag våren 2015, vil det bli meir utfordrande å opprette tilbudet att seinare.

Vg2 Reiseliv

Vg2 Reiseliv vart lagt ned før skuleåret 2014/15 fordi skulen ikkje har hatt Vg1 Service og samferdsel. Sistnemnde utdanningsprogram er no oppretta att ved skulen, og med godt elevgrunnlag i ein klasse. Fylkesrådmannen finn det difor rett å opprette eit Vg2-tilbod for den aktuelle elevgruppa.

Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar

Skulen har hatt dette tilbudet år om anna. Det er alltid vanskeleg å seie noko sikkert kva grunnlag det er for å opprette eit slikt tilbud. Fylkesrådmannen ser det slik at det er positivt å gjere tilbudet søkbart i Vigo. Dersom det ikkje melder seg nok elevar, i første rekkje dei med Ungdomsrett, må tilbudet leggjast ned att.

Øystese gymnas

Oppretting:

Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar

Også denne skulen har hatt dette tilbudet tidlegare, men med svært varierende søkjargrunnlag. Tilbodet er først og fremst retta mot kvalifiserte elevar, dvs. med godkjent grunnskule og opphaldsløyve, som treng å lære meir norsk før dei kan nyttiggjere seg undervisning i ordinære klassar. Fylkesrådmannen er usikker på

om behovet for ein slik klasse i regionen, men ønskjer å gjere tilbodet søkbart i Vigo slik at ein ser trongen for dette tilbodet.

Fusa vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1: Naturbruk

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2014. Skulen har hatt Vg1 Naturbruk i mange år, og har også dette tilbodet innanfor TAF-opplæringa (Marine fag). Som tidlegare nemnt i denne saka, finn ein det rett å prøve å opprette tilbod att som vart lagt ned året før. Dersom det viser seg at det heller ikkje våren 2015 er søkjargrunnlag, vil det nok bli meir utfordrande å få tilbodet aktivt att seinare.

Vg2 Helsearbeidarfaget

Også dette tilbodet vart lagt ned våren 2014 på grunn av lågt søkjartal. Skulen har hatt dette tilbodet i mange år, **også i TAF-modellen**. Fylkesrådmannen tilrår at tilbodet blir oppretta att frå hausten 2015.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget.

I skulebruksplanen er det sagt at skulen skal ha tilbod om Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Sidan skulen i år berre har ein klasse i utdanningsprogrammet Vg1 Helse- og oppvekstfag, er fylkesrådmannen litt usikker på om det er grunnlag for både Vg2 Helsearbeidarfaget og Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Skulen har hatt ein «gallup» blant elevane om kva programområde dei ønskjer til neste år. Resultatet vart at ni av elevane ville søkje Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Sjølv om ein slik «gallup» langt frå er bindande, skulle dette tyde på at ein også får søkjargrunnlag til Vg2 Helsearbeidarfaget - særleg når ein reknar med at dette programområdet også går inn i TAF-modellen. Fylkesrådmannen rår difor til at Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget blir oppretta, så får søkjartala til våren avgjere om det er grunnlag for setje i gang tilbodet.

Austevoll vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1 Elektrofag

I skulebruksplanen er skulen ført opp med Vg1 Elektrofag. Etter at dette tilbodet vart oppretta for nokre år sidan, har søknaden vore heller låg. Våren 2014 var søkjartalet så lågt at tilbodet vart lagt ned. Som fleire andre stader i denne saka tilrår fylkesrådmannen at tilbod som vart lagt ned våren 2014, «får ein ny sjanse» i 2015. Dersom det våren 2015 heller ikkje er søkjargrunnlag for tilbodet, skal det mykje god dokumentasjon til for at tilbodet skal bli oppretta att dei næraste åra.

Laksevåg vidaregåande skole

Oppretting:

Vg1 Elektrofag med spesiell studiekompetanse (under føresetnad av nedlegging av ein ordinær Vg1 klasse Elektrofag)

Skulen har søkt om å få opprette eit «særtilbod» innanfor Elektrofag. Dette er eit tilbod for dei som ønskjer å utdanne seg som ingeniørar/sivilingeniørar, men som ønskjer å få dette på ein litt annan måte enn det ordinære løpet med to år i utdanningsprogrammet Elektrofag og deretter eitt år på allmennfagleg påbyggingskurs.

Elevane kan også i denne modellen velje å gå ut i lære på vanleg måte etter Vg2 EI-energi, men tilbodet er meint å vere for dei som etter tre år ønskjer spesiell studiekompetanse for eit godt utdanningspunkt til ingeniørutdanninga på høgskule/universitet.

Fylkesrådmannen viser likevel til at søkjarar med to år i yrkesfaglege utdanningsprogram + eitt år på allmennfagleg påbyggingskurs også kan oppnå spesiell studiekompetanse. Fordelen med modellen på Laksevåg videregående skole er at elevane i skuletida får meir praksis enn i det ordinære løpet. På den andre sida vil nok teorien i Vg1 og Vg2 vere noko meir krevjande enn vanleg Vg1 og Vg2. Tilbodet vil bli lagt til rette med at fleire av teorifaga/fordjupingsfaga passar inn i Vg1 Elektrofag, Vg2 EI-teknikk og Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs. Gjennom dei tre åra vil elevane også få ei praksisnær undervisning med utplassering i bedrift. Det er gjort intensjonsavtalar om praksisplassar i aktuelle bedrifter. Fylkesrådmannen er i utgangspunktet noko tilbakehalden med å opprette mange modellar som avvik frå dei ordinære læreplanane. Det er avgjerande viktig at elevane får den undervisninga dei skal ha for å få godkjent kompetanse. Det er ingen grunn til å tru at dette ikkje er oppfylt i denne saka, men fylkesrådmannen vil likevel vere varsam med for mange avvik frå den ordinære læreplanen. Skulane tevlar om elevane, og prøver difor å lage tilbod som kan vere meir interessante enn dei ordinære tilboda. Fylkesrådmannen tilrår likevel at Laksevåg videregående skole får opprette Vg1 Elektrofag med spesiell studiekompetanse.

På grunn av at det er kvart år er mange elevar som ikkje får lærekontrakt innanfor elektrofaga, vil fylkesrådmannen presisere at tilbodet ovanfor må inngå i det godkjende (budsjetterte) klassetalet som Laksevåg videregående skole alt har. Det betyr at det må leggjast ned ein ordinær Vg1-klasse Elektrofag frå skuleåret 2015/16. Dersom det skulle vise seg at det nye tilbodet ikkje får nok søkjargrunnlag til å starte opp, kan klassetalet på ordinært Vg1 Elektrofag aukast att. Skulen opplyser at dei ikkje vil starte opp det nye tilbodet dersom det fører til at ein ordinær Vg1-klasse i Elektrofag blir lagt ned.

Lønborg videregående skole

Frå skuleåret 2014/15 vart det oppretta Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs for dei som har fagbrev/yrkeskompetanse etter tre år i vidaregåande skule. Lønborg videregående skole var ein av dei skulane som fekk tilbodet. Meininga med dette var å styrke skulen sitt elevgrunnlag. Røynslene viser at dette ikkje har slått til. Det viser seg at søkjarane i større grad søker til større skular med fleire utdanningsprogram. Truleg heng dette saman med at denne søkjargruppa har vore elevar ved desse skulane tidlegare. Fylkesrådmannen rår difor til at Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs for dei som har fagbrev/yrkeskompetanse bli flytta til Åsane videregående skole. For å kompensere elevtalet ved Lønborg videregående skole blir det tilrådd å ta inn ein ekstra ordinær klasse Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs - skulen får då til saman to klassar, noko som også har vore vanleg tidlegare.

Oppretting:

1 klasse Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs (ordinær klasse)

Nedlegging:

1 klasse Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs for søkjarar med fagbrev/yrkeskompetanse med tre år i vidaregåande skule.

Åsane videregående skole

Oppretting:

Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs for elevar med fagbrev/yrkeskompetanse etter tre år i vidaregåande skule (flytta frå Lønborg videregående skole)

Austrheim vidaregåande skule

Oppretting:

Vg1 Restaurant- og matfag

I skulebruksplanen er det sagt at skulen bør ha tilbod om utdanningsprogrammet Restaurant og matfag. Skulen har også hatt dette tilbodet tidlegare, men dei to siste åra har søkjargrunnlaget vore for lite til at det har kome i gang. Generelt i fylket, og på landsbasis, har søkjartala til dette utdanningsprogrammet gått ned meir eller mindre kvart år etter 2009. I område som Austrheim er det viktig å kunne gje tilbod om eit breitt tal utdanningsprogram, men det må også vere realistisk i høve til talet på ungdommar som bur der. Skulen kan ikkje rekne med å få særleg mange søkjarar frå andre delar av Nordhordland enn dei som naturleg har Austrheim vidaregåande skule som sin nærskule.

Fylkesrådmannen vil rå til at Vg1 Restaurant og matfag blir oppretta att frå hausten 2015. Dersom søkjartalet også i 2015 blir for lågt til at tilbodet kan kome i gang, må ein truleg innsjå at det ikkje er grunnlag for tilbodet ved skulen med mindre søkjartalet generelt tek seg opp att.

Knarvik vidaregåande skule

Oppretting:

Vg2 Interiør og utstillingsdesign

Skulen har stort sett alltid hatt dette tilbodet, men det vart lagt ned når skulen måtte redusere elevtalet på Vg1 frå to til ein klasse hausten 2013. Søkjartalet tok seg opp att til skuleåret 2014/15, og skulen har no to Vg1-klassar. Fylkesrådmannen finn det difor rett å opprette Vg2 Interiør og utstillingsdesign frå hausten 2015.

Vg1 TAF Elektro (auke med 20 elevplassar)

Skulen er den største i landet innanfor TAF-opplæring. Det blir gitt tilbod innanfor utdanningsprogramma Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Helse- og oppvekstfag og Teknikk og industriell produksjon. Skulen ønskjer å gjere det mogleg å auke elevtalet innanfor TAF-elektro slik at det kan gjevast tilbod om opplæring/læreplassar i programområda **Automatisering og EI-energi**. Aktuelle samarbeidsbedrifter har lenge ønskt at skulen fekk dette tilbodet.

Dersom ein aukar talet på plassar med 20, får skulen til saman 50 plassar ved TAF-Elektro/Teknikk og industriell produksjon. Dette gjev også ei meir effektiv og kostnadssparande teoriundervisning innanfor TAF-modellen for desse faga. Skulen har intensjonsavtalar med aktuelle bedrifter, og har fått lovnad om at desse skal vidareførast utover komande skuleår. Bedriftene i regionen er generelt svært positive til TAF-opplæringa ved Knarvik vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen har vurdert om tilbodet på Vg2 og Vg3 Automatisering ved Austrheim vidaregåande skule vil kunne oppretthaldast når Knarvik vidaregåande skule får auka tilbodet sitt til også å gjelde TAF Automatisering. Automatiseringsfaget er eit populært fag, og det er kvart år mange søkjarar som ikkje får plass i Hordaland på dette programområdet. Sjølv om ein sjølvsgatt ikkje kan seie noko heilt sikkert om dette, trur fylkesrådmannen at det framleis vil vere søkjarar til Automatisering i Austrheim. Grunnlaget for dette vil sjølvsgatt vere eit godt søkjartal til skulen sitt tilbod på Vg1 Elektrofag.

Fylkesrådmannen vil også stadfeste at skulen kan tilpasse talet på plassar innanfor dei ulike utdanningsprogramma slik at dei blir i samsvar med talet på læreplassar kvart år. Skulle det eit år t.d. vere fem færre læreplassar innanfor elektrofag, kan det «kompenserast» ved å ta inn fem fleire innanfor Teknikk og industriell produksjon. Skulen må sjølvsgatt halde seg innanfor ramma av det totale elevtalet som er vedtatt innanfor TAF-programma.

Oppretting hausten 2015 (politisk)						
Elevar	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
12	DH	Vg1	DHDHV1----	Design og handverk	660	Etne vgs
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	665	Stord vgs
15	DH	Vg2	DHDTE2----	Design og tekstil	652	Fitjar vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	630	Kvinnherad vgs
14	SS	Vg2	SSSSS2----	Salg, service og tryggleik	630	Kvinnherad vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	628	Odda vgs
12	TP	Vg2	DHSME	Smedfaget	628	Odda vgs
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	628	Odda vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	628	Odda vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	657	Hjeltnes vgs
12	BA	Vg1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	635	Norheimsund vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	615	Øystese gymnas
12	TP	Vg2	TPKJT2----	Køyrety	632	Voss vgs
15	SS	Vg2	SSRLV2----	Reiseliv	632	Voss vgs
12	AO	Vg1	AOLOV0J---	Forbr kurs for min. språklige	632	Voss vgs
12	NA	Vg1	NANAB1----	Naturbruk	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	644	Fusa vgs
15	HS	Vg2	HSBUA2----	Barne og ungdomsarbeidar	644	Fusa vgs
12	EL	Vg1	ELELE1----	Elektrofag	648	Austevoll vgs
15	EL	Vg1	EL	Elektrofag m/studiekompetanse	636	Laksevåg vgs
27	PB	Vg3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	656	Lønborg vgs
27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	638	Åsane vgs
12	RM	Vg1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	641	Austrheim vgs
15	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	634	Knarvik vgs
20	EL	Vg1	ELELE1P---	Taf-elektro	634	Knarvik vgs
358	Oppretting hausten 2015 (politisk)					

Nedlegging hausten 2015 (politisk)						
Elevar	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
-12	DH	Vg2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	660	Etne vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	628	Odda vgs
-12	BA	Vg2	BABYG2----	Byggteknikk	635	Norheimsund vgs
-15	EL	Vg1	ELELE1----	Elektro	636	Laksevåg vgs
-27	PB	Vg3	PBPBY4YK--	Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev	656	Lønborg vgs
-78	Nedlegging hausten 2015 (politisk)					
280	Endring hausten 2015					

Oppretting hausten 2015 (Administrativ)						
Elev	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
15	ID	Vg2	IDIDR2----	Idrettsfag	660	Etne vgs
15	ID	Vg2	IDIDR2----	Idrettsfag	665	Stord vgs
27	ST	Vg1	STUSP1----	Studiespesialiserende	621	Bergen katedralskole
27	ST	Vg2	STUSP2Z---	Studiespesialisering m/forberedende IB	621	Bergen katedralskole
84 Oppretting hausten 2015 (Administrativ)						
Nedlegging hausten 2015 (Administrativ)						
Elev	Utd.prog	Trinn	Kode	Kurs	Org.sted	Skolenamn
-15	ID	Vg3	IDIDR3----	Idrettsfag	660	Etne vgs
-12	TP	Vg2	TPPIN2----	Industri teknologi	665	Stord vgs
-27	ST	Vg2	STUSP2----	Studiespesialiserende	665	Stord vgs
-27	ST	Vg3	STUSP3----	Studiespesialiserende	665	Stord vgs
-27	ID	Vg2	IDIDR2----	Idrettsfag	628	Odda vgs
-15	MK	Vg3	MKMED3----	Medium og kommunikasjon	650	Voss Husflidskule
-27	ST	Vg3	STUSP3----	Studiespesialiserende	611	Os gymnas
-27	ST	Vg3	STUSP3----	Studiespesialiserende	612	Fana Gymnas
-27	ST	Vg3	STUSP3----	Studiespesialiserende	647	Fyllingsdalen vgs
-27	ST	Vg3	STUSP3----	Studiespesialiserende	664	Garnes vgs
-15	MK	Vg2	MKMED2----	Medium og kommunikasjon	664	Garnes vgs
-27	ST	Vg2	STUSP2----	Studiespesialiserende	617	Tertnes vgs
-273 Nedlegging hausten 2015 (Administrativ)						
-189 Endring hausten 2015						



Arkivnr: 2014/23262-1
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	39/14	25.11.2014
Opplærings- og helseutvalet	91/14	02.12.2014
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		

Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14

Samandrag

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkestinget.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14

Fylkesrådmannen, 11.11.2014

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og gjennomføring. Målsettinga for gjennomføring over fem år er 80 % innan 2015.

Ved skular som har oppnådd særleg gode resultat gjennom Ny GIV-prosjektet ser vi at forankring på skuleleiarnivået har vore avgjerande. Når ein på alle nivå etterspør og har god oversikt over enkeltelevar, sikrar rektor at heile organisasjonen arbeider systematisk for å fange opp og setje i verk tiltak overfor elevar som treng oppfølging av ymse slag.

I denne tilstandsrapporten er det Skoleporten som blir brukt som kjelde når vi omtaler gjennomføringsgrad over fem år, medan det tidlegare år er SSB som har vore nytta. Det er fleire grunnar til å gjere denne endringa, og dette vil bli omtala i kapittelet *Auka gjennomføring*. Dei viktigaste årsakene er likevel at Skoleporten gir dei offisielle tala, og at vi her kan velje bort privatskulane. Dette gir meir presise tal for HFK som skuleeigar. Sidan Skoleporten er offentleg, legg vi også til rette for openheit og føreseieleg bruk av data.

Med utgangspunkt i data frå Skoleporten får vi ein gjennomføringsgrad for elevkullet som starta i vidaregåande opplæring i 2008, på 68,9 %. Det er ein auke på 1,4 prosentpoeng frå 2007-kullet. Nasjonalt ligg gjennomføringa på 69,9 %, ein differanse på eitt prosentpoeng.

Gjennomføringsgraden i HFK for 2008-kullet er som tidlegare høgast på dei studieførebuande utdanningsprogramma, med ein prosent på 84,4 som har fullført over fem år. Tilsvarande for alle yrkesfaga er 60,6 %. Hordaland ligg over landsgjennomsnittet på gjennomføring på yrkesfag, der differansen er på 3,6 prosentpoeng. På dei studieførebuande utdanningsprogramma ligg Hordaland 2 prosentpoeng lågare enn nasjonalt snitt, høvesvis 84,4 % mot 86,4 % .

For å lukkast med å nå målet om auka fullføring er det avgjerande at skulane har system for å sikre tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging av elevar som kan vere i faresona og som kan trenge tilrettelegging for å lukkast.

Opplæringsavdelinga har utarbeidd dokumentet *Blikk for alle – fokus på den enkelte*, som peikar på viktige område som har kome fram gjennom Ny GIV-satsinga. Det skal vere til inspirasjon og rettleiing for korleis skulane kan oppfylle forventningane til tidleg identifikasjon, kartlegging og tett oppfølging av elevane.

Hordaland har ein større del elevar i yrkesfag enn landssnittet, og det er positivt at også desse elevane i større grad enn landssnittet fullfører over fem år. I den samanhengen må ein også sjå på måla i Samfunnskontrakten, og korleis ein kan leggje til rette for auka fullføring gjennom auka tilgang på lære plassar.

Det har vore ein auke i avlagde fag- og sveineprøver dei fem siste åra, saman med ein nedgang i stryk på prøvene i same periode. Samfunnskontrakten har som mål å auke talet på lære plassar med 20 % til 2015. I Hordaland har det dei siste åra vore ein auke i *løpande* lærekontraktar, men ein liten nedgang i *nye* kontraktar frå 2012 til 2013. I 2014 var det også ein auke i søkjarar til lærekontrakt. Det er tidleg å seie noko om i kor stor grad Hordaland vil nå målet, men det er sentralt i eit gjennomføringsperspektiv at det er tilgang på lære plassar for elevane som ønskjer det.

Totalt sett har HFK også færre sluttarar enn nasjonalt for 2008-kullet, målt over femårsperioden. Samla sett har vi likevel fleire elevar som manglar eitt eller fleire fag, slik at dei ikkje får fullført og bestått. HFK har også fleire elevar som framleis er i opplæring fem år etter oppstart på Vg1 samanlikna med nasjonalt nivå. Det er desse elevane som ikkje har bestått eitt eller fleire fag, som i hovudsak gjer at Hordaland har eitt prosentpoeng lågare gjennomføring over fem år enn snittet nasjonalt.

Når ein ser på registrerte årsaker til at elevar sluttar i den vidaregåande skulen i HFK, er det personlege årsaker og frávær som skil seg ut. Den aggregerte fráværutviklinga viser lita endring sett over dei siste fire

åra, sjølv om det er nokre svingingar mellom skuleåra. Her må ein ta høgde for lokale forskjellar. Alle skulane jobbar med å redusere fråværet, noko som krev ulike tiltak av ulikt omfang, alt etter kva føresetnader skulane har. Dette er eit område som har stor merksemd på skulebesøka frå opplæringsavdelinga, og vil også ha det i tida framover.

Både fråvær og personlege årsaker kan ha årsaker som ligg utanfor det skulen kan løyse aleine, t.d. psykisk og fysisk helse. Helse- og opplæringssektoren må derfor i større grad sjå kvarande i samanheng, og hausten 2014 opna arbeidsgruppa for *Helsefremjande skule* dialog og samarbeid med ulike kompetansemiljø. I arbeidet framover er det då viktig å ha eit heilskapleg blikk på helse og læring. Tre skular med ulik profil og storleik er tenkt inn i pilotprosjektet.

Lærlingar og bedrifter blir oppmoda om å registrere årsak til heving av lærekontraktar når det er semje om heving. Det er ikkje lovpålagt å gjere dette, og ved samtalar med lærlingar som har heva kontrakten, kjem det fram at det ikkje alltid er den oppgitte årsaka som er den eigentlege grunnen til heving av lærekontrakt. Det ein ser, er at når ein lærling avbryt kontrakten, får han eller ho ofte inngått ein ny kontrakt kort tid etter.

Oppfølgingstenesta (OT) får tidleg kontakt med storparten av ungdommane som avbryt opplæringa. Nasjonalt var det 60 % av ungdommane som var i OT ved utgangen av skuleåret 2011/12, som var i arbeid eller opplæring ved starten av skuleåret 2012/13. 30 % av ungdommane var tilbake i OT. Den største utfordringa ligg i å skaffe nok eller riktig tilbod til dei som ikkje er tilbake i opplæring.

Det viser seg at lokalt er dei mest vellukka verkemidla tiltak frå NAV, samt praksisplassar og studiesenter i dei vidaregåande skulane. Utfordringa ligg i at dette er eit tilbod til dei som er busette i Bergensregionen, og at få skular i Bergen og fylket elles har eit tilbod til dei som ikkje har elevstatus, men som like fullt er eit fylkeskommunalt ansvar.

Elevane sitt læringsmiljø er avgjerande for læring og inngår som ein del av kvalitetsvurderinga i opplæringa. Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle relasjonane mellom elev og lærar og elev-elev. Desse relasjonane gir støtte for læring og utvikling. Elevundersøkinga gir elevane moglegheit til å seie kva dei meiner om forhold som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen.

Frå hausten 2013 blei det lagt til spørsmål knytt til om elevane opplever krenkingar i skulekvardagen, i tillegg til spørsmål om mobbing. Vi ser at delen elevar som opplever mobbing, går ned, ei utvikling vi har sett over fleire år. Frå undersøkinga i 2012 - 2013 er det ei halvering i delen av elevar som opplever mobbing 2-3 gonger i månaden eller meir. Dette er også ein trend ein ser nasjonalt.

I undersøkinga hausten 2013 blei elevane presentert for spørsmål om krenkingar før spørsmål om mobbing. Vi ser at det er ein større del elevar som rapporterer at dei har blitt krenka enn kva det er som har blitt mobba. Undersøkinga stiller seks spørsmål knytt til krenkingar, og det er stor variasjon i elevar som rapporterer om 2-3 gonger i månaden eller meir, avhengig av kva krenking det blir spurt om. Det er hendingar knytt til utestenging og verbale krenkingar som det er hyppigast rapportert på.

Forskjell i svara tyder på at elevane skil mellom det å oppleve mobbing og krenkingar. Sidan det er flest elevar som rapporterer om krenkingar som å bli gjort narr av, bli halden utanfor og å bli spreidd løgner om, kan ein konklusjon vere at elevane ikkje opplever slike krenkingar som mobbing. Ein alternativ konklusjon er at det er ei underrapportering av mobbing, sidan fleire elevar rapporterer om ulike typar krenkingar.

Tilstandsrapporten peikar på ein del sentrale område for å auke gjennomføringa. Desse knyter seg i stor grad til vidareføring av erfaringar frå Ny GIV, der tett oppfølging av elevane i overgangen frå grunnskule til vidaregåande, mellom trinna på vidaregåande, og fokus på nærværsfaktorar er sentrale. Samtidig er det naudsynt å fortsetje arbeidet for å vidareutvikle kvaliteten og samanhengen i det fireårige løpet i fag- og yrkesopplæringa.

I *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane* er dei prioriterte tiltaksområda *klasseleiing, vurdering for læring og bruk av IKT i læringsarbeidet* forankra. Desse områda er

sentrale for å auke kvaliteten på opplæringa, som legg grunnlaget for auka læringsutbytte og fullføring. Tilstandsrapporten vurderer kvaliteten på områda gjennom analyse av ulike tilgjengelege kjelder, som rapportar frå skulane, Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa. I tillegg finst det mykje kvalitative data som ikkje let seg talfeste, men som er sentrale i tilstandsvurderinga.

I arbeidet med klasseleiing fokuserer mange skular på arbeidsro og felles regelhandtering, men også på dei gode og trygge relasjonane med elevane. Det er viktig å inkludere elevane som aktørar i eiga læring og læringsmiljø. God klasseleiing kan ikkje utøvast utan at relasjonen med eleven og elevgruppa er god.

Undervisningsevalueringa viser at ein stor del elevar gir gode tilbakemeldingar på område som er vesentlege for at vurdering skal virke læringsfremjande. Resultat frå både Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa viser at ein mindre del av elevane opplever at dei får høve til å delta i vurdering av eige arbeid.

Satsinga på målretta utviklingsarbeid og organisering av læringsprosjekt knytt til IKT i læringsarbeidet ser ut til å fungere godt. Prosjektarbeidet skapar engasjement og kollektiv verksemd. Dei skulane som har sett i verk læringsprosjekt med bruk av nettbrett i praktiske fag, rapporterer at dette bidreg til tydelegare undervegs- og framovermeldingar og auka eigenvurdering.

Tilstandsrapport

Vidaregåande opplæring 2013/14



Innhold

Innhold	2
Innleiing	3
Lesarretteiing	3
Samandrag	4
Mål og strategi	7
Nøkkeltal	10
Auka læringsutbytte og fullføring	12
Auka læringsutbytte	12
Auka fullføring	16
Gjennomføring i skule	16
Gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa	20
Sentrale innsatsområde for å auke fullføringa	27
Læringsmiljø	31
Pedagogiske innsatsområde for å auke læringsutbyttet	36
Spesialpedagogisk arbeid	42
Vidaregåande opplæring for vaksne	44

Innleiing

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkestinget.

Arbeidet med kvalitet i den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune er forankra i System for verksemdbasert vurdering (VBV). I styringsdokumentet finn vi hovudmålet for den vidaregåande opplæringa:

Auka læringsutbytte og fullføring

For skuleåra 2013-2015 skal følgjande tre tiltaksområde ha særskilt merksemd:

- Klasseleiing
- Vurdering for læring
- Bruk av IKT i læringsarbeidet

Til grunn for tilstandsvurderinga og denne rapporten ligg fleire kjelder. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein standardisert mal, som inneheld eit sett med indikatorar. I tillegg til indikatorar frå malen, er rapporten bygd ut med dei prioriterte tiltaksområda klasseleiing, vurdering for læring og bruk av IKT i læringsarbeidet, spesialpedagogisk arbeid og vidaregåande opplæring for vaksne. Kjeldene blir nærare presentert i lesarrettleiinga.

Målet er at tilstandsrapporten skal vere eit godt grunnlag for vurdering, debatt og dialog og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling.

Lesarrettleiing

Tilstandsrapporten er delt inn i kapittel etter tema. Til grunn for rapporten ligg ulike datakjelder, dokumentasjon, kunnskap og faglege vurderingar frå tilsette på skulane og i opplæringsavdelinga. Det finst svært mykje ulik informasjon tilgjengeleg, av varierende kvalitet og nytteverdi. Dei kvantitative tala i rapporten byggjer på data frå Extens/PULS, SSB, Skoleporten og Vigo, og viser både lokale og nasjonale tal.

Under følgjer ein kort presentasjon av to viktige kjelder: Elevundersøkinga og rapportering frå skulane.

Elevundersøkinga

Ei viktig kjelde til kunnskap om tilstanden i den vidaregåande skulen i Hordaland fylkeskommune er Elevundersøkinga. Denne undersøkinga blir gjennomført kvart år og er obligatorisk for Vg1, i tillegg vel mange skular å også tilby undersøkinga for elevar på Vg2 og Vg3.

Conexus analyserer undersøkinga på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. Dei har samla spørsmåla i indikatorar, som blir vurdert samla for å gi betre innsikt i tilstanden på ulike område.

Analysen inneheld mellom anna ei vurdering av korleis områda som blir målt kan sjåast i lys av prinsipp for opplæringa og Læringsplakaten frå del to i læreplanverket. Dersom ein indikator er illustrert med grønt, betyr det at vi skårar høgt på variablane som inngår i indikatoren. Lys gul og mørk gul betyr at verdiane ligg mellom høgt og lågt, mens raudt betyr at vi skårar lågt. Grenseverdiane er sette med tanke på at det skal vere signifikante forskjellar. Fordi det er sett ulike grenseverdiane for dei ulike indikatorene, går det ikkje an å samanlikne talverdiane på indikatorene med kvarandre, men fargen på indikatoren kan gi eit bilete på stoda.

I denne rapporten viser vi til resultat på utvalde indikatorar for å belyse ulike tema. Elevundersøkinga er ei viktig kjelde til å få betre innsikt i kva elevane meiner om sentrale spørsmål. Det er likevel viktig å ha med seg at det, som i andre typar spørjeundersøkingar, kan vere ulike feilkjelder som kan spele inn på resultatet. Til dømes er det ikkje alltid sikkert at spørsmåla er godt nok utforma for å gi svar på det ein lurar på, eller elevane kan leggje andre meiningar i omgrepet enn det dei som analyserer gjer.

Det finst også informasjon om Elevundersøkinga på skoleporten.udir.no.

Rapportering frå skulane

Skulane skal i følge forskrifta til opplæringslova § 2-1 «jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket og Kunnskapsløftet.»

Alle skulane leverer kvart år ein tilstandsrapport til opplæringsavdelinga som ein del av VBV-systemet. Dei skulevise tilstandsrapportane skal innehalde rapportering på måloppnåing, kjenneteikn og korleis skulen vurderer si utvikling i høve til eigne målsettingar og dei prioriterte tiltaksområda i styringsdokumentet. Mellom anna kan skulane bruke Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa for å sjå utviklinga på ulike område og samanlikne både over tid og mellom avdelingar.

Hovudmålet med tilstandsvurderingsarbeidet er at skulane sjølve skal få betre grunnlag for å planlegge og evaluere sitt eige utviklingsarbeid. I tillegg er desse tilstandsrapportane ei viktig kjelde til kunnskap på skuleeigarnivå om utfordringar og arbeid med pedagogisk utvikling på skulane. Tilstandsrapportane går inn som ein integrert del av den kvalitative vurderinga i denne rapporten.

Samandrag

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og gjennomføring. Målsettinga for gjennomføring over fem år er 80 % innan 2015.

Ved skular som har oppnådd særleg gode resultat gjennom Ny GIV-prosjektet, ser vi at forankring på skuleleiarnivået har vore avgjerande. Når ein på alle nivå etterspør og har god oversikt over enkeltelevar, så sikrar rektor at heile organisasjonen arbeider systematisk for å fange opp og setje i verk tiltak overfor elevane som treng oppfølging av ymse slag.

I denne tilstandsrapporten er det Skoleporten som blir brukt som kjelde når vi omtaler gjennomføringsgrad over fem år, medan det tidlegare år er SSB som har vore nytta. Det er fleire grunnar til gjere denne endringa, og vil bli omtala i kapitlet *Auka gjennomføring*. Dei viktigaste årsakene er likevel at Skoleporten gir dei offisielle tala, og at vi her kan velje bort privatskulane. Dette gir meir presise tal for HFK som skuleeigar. Sidan Skoleporten er offentleg, legg vi også til rette for openheit og føreseieleg bruk av data.

Med utgangspunkt i data frå Skoleporten, får vi ein gjennomføringsgrad for elevkullet som starta i vidaregåande opplæring i 2008, på 68,9 %. Det er ein auke på 1,4 prosentpoeng frå 2007-kullet. Nasjonalt ligg gjennomføringa på 69,9 %, ein differanse på eitt prosentpoeng.

Gjennomføringsgraden i HFK for 2008-kullet er, som tidlegare, høgast på dei studieførebuande utdanningsprogramma, med ein prosent på 84,4 som har fullført over fem år. Tilsvarande for alle yrkesfaga er 60,6 %. Hordaland ligg over landsgjennomsnittet på gjennomføring på yrkesfag, der differansen er på 3,6 prosentpoeng. På dei studieførebuande utdanningsprogramma ligg Hordaland 2 prosentpoeng lågare enn nasjonalt snitt, høvesvis 84,4 % mot 86,4 % .

For å lukkast med å nå målet om auka fullføring, er det avgjerande at skulane har system for å sikre tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging av elevar som kan vere i faresona og som kan trenge tilrettelegging for å lukkast.

Opplæringsavdelinga har utarbeidd dokumentet *Blikk for alle – fokus på den enkelte*, som peiker på viktige område som har kome fram gjennom Ny GIV-satsinga. Det skal vere til inspirasjon og rettleiing for korleis skulane kan oppfylle forventningane til tidleg identifikasjon, kartlegging og tett oppfølging av elevane.

Hordaland har ein større andel elevar i yrkesfag enn landssnittet, og det er positivt at også desse elevane i større grad enn landssnittet fullfører over fem år. I den samanhengen må ein også sjå på måla i Samfunnskontrakten, og korleis ein kan leggje til rette for auka fullføring gjennom auka tilgang på læreplassar.

Det har vore ein auke i avlagde fag- og sveineprøver dei fem siste åra, saman med ein nedgang i stryk på prøvene i same periode. Samfunnskontrakten har som mål å auke talet på læreplassar med 20 % til 2015. I Hordaland har det dei siste åra vore ein auke i *løpande* lærekontraktar, men ein liten nedgang i *nye* kontraktar frå 2012 til 2013. I 2014 var det også ein auke i søkjarar til lærekontrakt. Det er tidleg å seie noko om i kor stor grad Hordaland vil nå målet, men det er sentralt i eit gjennomføringsperspektiv at det er tilgang på læreplassar for elevane som ønskjer det.

Totalt sett har HFK også færre sluttarar enn nasjonalt for 2008-kullet, målt over femårsperioden. Samla sett har vi likevel fleire elevar som manglar eitt eller fleire fag, så dei ikkje får fullført og bestått. HFK har også fleire elevar som framleis er i opplæring fem år etter oppstart på Vg1, samanlikna med nasjonalt nivå. Det er desse elevane, som ikkje har bestått eitt eller fleire fag, som i hovudsak gjer at Hordaland har eitt prosentpoeng lågare gjennomføring over fem år, enn snittet nasjonalt.

Når ein ser på registrerte årsaker til at elevar sluttar i den vidaregåande skulen i HFK, er det personlege årsaker og fråvær som skil seg ut. Den aggregerte fråværsutviklinga viser lita endring sett over dei siste fire åra, sjølv om det er nokre svingingar mellom skuleåra. Her må ein ta høgde for lokale forskjellar. Alle skulane jobbar med å redusere fråværet, noko som krev ulike tiltak av ulikt omfang, alt etter kva føresetnader skulane har. Dette er eit område som har stor merksemd på skulebesøka frå opplæringsavdelinga, og vil også ha det i tida framover.

Både fråvær og personlege årsaker kan stamme i årsaker som ligg utanfor det skulen kan løyse aleine, t.d. psykisk og fysisk helse. Helse- og opplæringssektoren må derfor i større grad sjå kvarande i samanheng, og hausten 2014 opna arbeidsgruppa for *helsefremjande skule* dialog og samarbeid med ulike kompetansemiljø. I arbeidet framover er det då viktig å ha eit heilskapleg blikk på helse og læring. Tre skular med ulik profil og storleik er tenkt inn i pilotprosjektet.

Lærlingar og bedrifter blir oppmoda om å registrere årsak til heving av lærekontraktar når det er semje om heving. Det er ikkje lovpålagt å gjere dette, og ved samtalar med lærlingar som har heva kontrakten, kjem det fram at det ikkje alltid er den oppgitte årsaka som er den eigentlege grunnen til heving av lærekontrakt. Det ein ser er at når ein lærling avbryt kontrakten, får han eller ho ofte inngått ein ny kontrakt kort tid etter.

Oppfølgingstenesta (OT) får tidleg kontakt med storparten av ungdommane som avbryt opplæringa. Nasjonalt var det 60 % av ungdommane som var i OT ved utgangen av skuleåret 2011/12, som var i arbeid eller opplæring ved starten av skuleåret 2012/13. 30 % av ungdommane var tilbake i OT. Den største utfordringa ligg i å skaffe nok eller riktig tilbod til dei som ikkje er tilbake i opplæring.

Det viser seg at lokalt er dei mest vellukka verkemidla tiltak frå NAV, samt praksisplassar og studie-senter i dei vidaregåande skulane. Utfordringa ligg i at dette er eit tilbod til dei som er busette i bergensregionen, og at få skular i Bergen og fylket elles har eit tilbod til dei som ikkje har elevstatus, men som likefullt er eit fylkeskommunalt ansvar.

Elevane sitt læringsmiljø er avgjerande for læring og inngår som ein del av kvalitetsvurderinga i opplæringa. Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle relasjonane mellom elev og lærar og elev-elev. Desse relasjonane gir støtte for læring og utvikling. Elevundersøkinga gir elevane moglegheit til å seie kva dei meiner om forhold som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen.

Frå hausten 2013 blei det lagt til spørsmål knytt til om elevane opplever krenkingar i skulekvardagen, i tillegg til spørsmål om mobbing. Vi ser at andel elevar som opplever mobbing går ned, ei utvikling vi har sett over fleire år. Frå undersøkinga i 2012 til 2013 er det ei halvering i andel elevar som opplever mobbing 2-3 gonger i månaden eller meir. Dette er også ei trend ein ser nasjonalt.

I undersøkinga hausten 2013 blei elevane presentert for spørsmål om krenkingar før spørsmål om mobbing. Vi ser at det er ein større andel elevar som rapporterer at dei har blitt krenka enn kva det er som har blitt mobba. Undersøkinga stiller seks spørsmål knytt til krenkingar, og det er stor variasjon i elevar som rapporterer om 2-3 gonger i månaden eller meir, avhengig av kva krenking det blir spurt om. Det er hendingar knytt til utestenging og verbale krenkingar som det er hyppigast rapportert på.

Forskjell i svara tyder på at elevane skil mellom det å oppleve mobbing og krenkingar. Sidan det er flest elevar som rapporterer om krenkingar som å bli gjort narr av, halde utanfor og å bli spreidd løgnar om, kan ein konklusjon vere at elevane ikkje opplever slike krenkingar som mobbing. Ein alternativ konklusjon er at det er ein underrapportering av mobbing, sidan fleire elevar rapporterer om ulike typar krenkingar.

Tilstandsrapporten peikar på ein del sentrale område for å auke gjennomføringa. Desse knyter seg i stor grad til vidareføring av erfaringar frå Ny GIV, der tett oppfølging av elevane i overgangen frå grunnskulen, mellom trinna på vidaregåande, og fokus på nærverksfaktorar er sentrale. Samtidig er det naudsynt å fortsetje arbeidet for å vidareutvikle kvaliteten og samanhengen i det fireårige løpet i fag- og yrkesopplæringa.

I *styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane* er dei prioriterte tiltaksområda *klasseleiing, vurdering for læring og bruk av IKT i læringsarbeidet* forankra. Desse områda er sentrale for å auke kvaliteten på opplæringa, som legg grunnlaget for auka læringsutbytte og fullføring. Tilstandsrapporten vurderer kvaliteten på områda gjennom analyse av ulike tilgjengelege kjelde, som rapportar frå skulane, Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa. I tillegg finst det mykje kvalitative data som ikkje let seg talfeste, men som er sentrale i tilstandsvurderinga.

I arbeidet med klasseleiing, fokuserer mange skular på arbeidsro og felles regelhandtering, men også på dei gode og trygge relasjonane med elevane. Det er viktig å inkludere elevane som aktørar i eiga læring og læringsmiljø. God klasseleiing kan ikkje utøvast utan at relasjonen med eleven og elevgruppa er god.

Undervisningsevalueringa viser at ein stor del elevar gir gode tilbakemeldingar på område som er vesentlege for at vurdering skal virke læringsfremjande. Resultat frå både Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa viser at ein mindre del av elevane opplever at dei får høve til å delta i vurdering av eige arbeid.


Satsinga på målretta utviklingsarbeid og organisering av læringsprosjekt knytt til IKT i læringsarbeidet ser ut til å fungere godt. Prosjektarbeidet skapar engasjement og kollektiv verksemd. Dei skulane som har sett i verk læringsprosjekt med bruk av nettbrett i praktiske fag rapporterer at dette bidreg til tydelegare undervegs- og framovermeldingar, og auka eigenvurdering.

Mål og strategi

Den overordna målsettinga for arbeidet med kvalitet i den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune er skildra i *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2013-2015*. Hovudmålet auka læringsutbytte og fullføring skal ligge til grunn for andre mål, strategiar og tiltak.

System for verksemdbasert vurdering (VBV) legg rammer for korleis skulane skal planleggje det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultatata av arbeidet.

VBV-systemet kan illustrerast med modellen under:



Figur 1 (Modellen er forminska)

Dei viktigaste elementa i system for verksemdbasert vurdering er

- Skuleeigar sitt styringsdokument
- Skulane sine årlege utviklingsplanar
- Skulane og skuleeigar sine tilstandsrapportar
- Oppfølging frå regionleiarane
- Årlege skulebesøk med rapport frå skuleeigar

I skuleåret 2013/14 blei det gjennomført skulebesøk på alle dei vidaregåande skulane for femte gong. Representantar for opplæringsavdelinga møter skuleleiinga og representantar for lærarane og elevane til ein dialog om skulane sine planar, tiltak og resultat knytt til hovudmålet og dei tre prioriterte tiltaksområda. I 2011/12 blei systemet evaluert og rapport frå evalueringa blei lagt fram for Opplærings- og helseutvalet 5.6.2012.

Strategiar i vidare arbeid med kvalitetsutvikling

Klare mål

Ved skular der lærarane opplever at det er klare mål for utviklingsarbeidet, meiner dei også i større grad at utviklingsarbeidet når inn i klasserommet (AUD 5-2012, *Evaluering av system for verksemdbasert vurdering*¹). Forsking viser likevel at ikkje alle typar mål har gunstig effekt på utviklinga, slik at vi må sikre at dei måla vi set oss, faktisk fører oss i rett retning. Målbare resultat er viktig og naudsynt, men i utviklingsarbeidet kan det vere vel så effektivt at skulen i fellesskap blir einige om nokre felles konkrete og kvalitative beskrivingar av kva som er måla for utviklingstiltaket. Det er likevel viktig at skulane er sikra handlingsrom til å gjere sjølvstendige prioriteringar av mål innanfor område dei meiner er viktige for skulen si framtid.

Tett samhandling og oppfølging av skulane

HFK vil arbeide vidare med å utvikle samspelet mellom skuleeigar og skulenivå gjennom system for verksemdbasert vurdering. Opplæringsavdelinga har innført ny organisering, og har mellom anna fått eit nytt leiarliv med regionleiarar som arbeider systematisk for å sikre tettare oppfølging og samhandling med skulane.

Sikre at kvalitetsarbeid fører til utvikling av ny læringspraksis i klasserommet

Rapporten om evaluering av VBV-systemet peikar på at systemet er godt forankra hos skuleeigar og skuleleiing, men at lærarane og elevane framleis ikkje er involverte i stor nok grad. Å forankre arbeidet heilt inn i klasserommet tek tid, og det er naudsynt med tilrettelegging av tid og arenaer for samarbeid og refleksjon. Det er utfordrande å leggje opp utviklings- og vurderingsarbeidet slik at det blir opplevd som relevant for det som skjer i klasserommet.

Kontinuerlig utvikling av profesjonelt leiarskap på skuleeigar- og skulenivå

Regionleiarane samarbeider i dag tett for å sikre ei einskapleg tilnærming til leiarutvikling i HFK. Dei gjennomfører regionale leiarsamlingar to gonger i året i samarbeid med resten av opplæringsavdelinga. På samlingane møter rektorane, ass.rektorane og avdelingsleiarane for å drøfte korleis ein saman kan utvikle det pedagogiske leiarskapet i HFK.

Styrke vurderings- og evalueringskompetanse på skuleeigar- og skulenivå

Evalueringa av VBV-systemet viste at på skular der lærarane opplevde at det var lagt til rette for gode prosessar for tilstandsvurdering, opplevde dei også at utviklingsarbeidet nådde inn i klasserommet. For å få effekt av tiltaka er det viktig med tett oppfølging og evaluering undervegs. Forankring på alle nivå i organisasjonen og involvering av lærarar og elevar er viktig for å sikre måloppnåing. I tillegg til god systematikk og organisering i gjennomføring av tiltak er det viktig at dei blir evaluerte slik at arbeidet bidreg til læring og utvikling.

Tydeleg fokus og dialog kring resultat

Skuleeigar og skulane har i dag tilgang på ei stor mengde med informasjon om skulane si verksemd. Den store datamengda som er tilgjengeleg kan vere ei utfordring. Det er behov for at både skuleeigar og skulane oppnår enda betre kvalitetssikring av data og betre analyseverktøy. Analyseverktøyet PULS gir no tilgang til eit omfattande sett av resultatindikatorar på skulenivå. Arbeid med kvalitetsutvikling bør ta utgangspunkt i dialog og drøfting kring skulen sine resultat på ulike område.

Samarbeid med universitets- og høgskulesektoren om kompetanseutvikling

Skuleeigar vil leggje til rette for at det blir sett i verk fleire skulebaserte etterutdanningskurs i regi av universitet/høgskular der fleire lærarar frå same skule deltek, og der deltaking på kurset inneber utprøving og utvikling av ny praksis i klasserommet. Etterutdanninga må gå inn som ein del av skulen sitt ordinære utviklingsarbeid. Målet er å sikre breiare forankring og at kompetansehevinga skal få større innverknad for heile skulen.

¹ <http://www.hordaland.no/PageFiles/12471/AUD-%20rapport%20nr%205-12%20Evaluering%20av%20VBV.pdf>

Lærande nettverk på skule- og fylkesnivå

Mange lærarar og skular gjennomfører spennande prosjekt og finn fram til gode måtar å organisere undervisning og utviklingsarbeid på. Det ligg derfor eit stort potensiale i å leggje enda betre til rette for utveksling av erfaringar og deling av idear. Opplæringsavdelinga vil jobbe for å skape fleire arenaer for både lærarar og skuleleiarar for deling.

Fylkeskommunalt kvalitetsnettverk blei etablert hausten 2014 og er eit forpliktande samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, fylkeskommunar og KS for å betre gjennomføringa og auke kvaliteten i opplæringa. Oppfølging av program for gjennomføring vil eit sentralt samarbeidsområdet i nettverket. Målet er at arbeidet i fylkeskommunalt nettverk skal integrerast i fylkeskommunen si ordinære verksamd og aktivitetar. Arbeidet i nettverket vil i oppstarten konsentrere seg rundt områda:

- **Profesjonell leiing**
- **Profesjonell undervisning**
- **Fokus på kvalitet og samanheng i 4-årige fag og yrkesopplæring - Fleksible løp og bette samarbeid mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift**



Figur 2.

Nøkkeltal

Tal på elever og lærlingar	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Talet på elever (R94)	6	9			
Talet på elever (LK06)	17139	17424	17816	18186	18115
Talet på lærlingar (R94)	1144	381	64	6	1
Talet på lærlingar (LK06)	2968	3558	3922	4170	4354
SUM:	21257	21372	21802	22362	22470


Tabell 1: Tal elever og lærlingar. Kjelde: Skoleporten, 2014.

Elevar per årsverk	2009	2010	2011	2012	2013
Hordaland: Tal elevar per årsverk	8,6	8,9	9,4	9,5	9,4
Nasjonalt: Tal elevar per årsverk	8,7	8,7	8,8	8,8	8,9

Tabell 2: Tal elevar per årsverk, samanlikna nasjonalt. Skoleporten, 2014.

KS har på oppdrag av fylkeskommunane utarbeidd ein nøkkeltalsrapport² for vidaregåande opplæring. Rapporten viser tal for ressursinnsats og resultat, og inneheld både nasjonale og fylkesvise tal. Ein del av rapporten er fylkesvise tenesteprofilar, med data henta frå Statistisk Sentralbyrå si Kommune-Stat Rapportering (KOSTRA), Skoleporten (Utdanningsdirektoratet), Gjennomføringsbarometeret (Utdanningsdirektoratet) og Education at a glance (OECD). Under følgjer tenesteprofil for Hordaland. Diagrammet viser eit gjennomsnitt for landet sett til 100 prosent, Hordaland i høve til snittet, samt høgaste og lågaste fylke for dei enkelte indikatorane. Diagrammet og tabellen viser tal frå kalenderåret 2013.

Resultat for Hordaland i prosent av nasjonalt snitt sett lik 100



Figur 3: Tenesteprofil for Hordaland. Ressursbruk og resultat samanlikna med landsgjennomsnitt. KS' nøkkeltalsrapport 2014.

Indikatoren *Kostnad per elev* viser kor mykje vi faktisk brukar på vidaregåande opplæring i skule per elev, samanlikna med landsgjennomsnitt. Indikatoren *Ressursbruk* tek utgangspunkt i netto-driftsutgifter og korrigerer for forskjell i utgiftsbehov per innbyggjar basert på mellom anna kostnadsnøklane i inntektssystemet. Det blir korrigert for andel 16-18 år, andel søkjarar til yrkesfag, forskjellar i arbeidsgivaravgift, forskjellar i pensjonskostnader, statlege og private skular og andel minoritetsspråklege.

Indikatoren *Sluttare*, som ein ser i figur 3 og tabell 3, målar sluttarar i løpet av kalenderåret 2013, og inkluderer alle elevar i både offentlege og private skular. Indikatoren kan derfor ikkje direkte samanliknast med indikatoren for sluttarar når vi ser på gjennomføring over fem år, jf. figur 4, side 17.

Resultat for Hordaland uttrykt i eksakte tal (SSB-tal):

Indikator	Hordaland	Nasjonalt	Høgast	Lågast
Økonomisk belastning 510-560 videregående opplæring i skole per elev, konsern	136 032	140 205	178 893	127 890
Ressursbruksindikator	0,979	1,000	1,286	0,920
Elever per skole, fylkeskommunale skoler	398	534	948	320
Elever per lærerårsverk, fylkeskommunale skoler	9,4	8,9	11,4	6,8
Andelen elever og lærlinger som er i yrkesfaglige utdprog/studretn, bostedsfylk	52,7	50,1	58,8	31,8
Økonomisk belastning 510 skolelokaler og internater per elev, konsern	20 268	22 981	38 201	18 045
Andel netto driftsutgifter til spesialundervisning og særskilt tilpasset opplær	10,4	10,1	11,6	8,1
Sykefravær fra KS-PAI-register	6,3	6,6	8,4	5,0
Andel søkere med ungdomsrett som har fått læreplass	73,4	66,8	80,1	48,8
Gj. karakter norsk hovedmål studieforberedende	3,5	3,4	3,6	3,2
Andel av elever som startet på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/sv	33,4	32,0	41,7	24,9
Andel elever og lærlinger som har bestått vgo i løpet av fem år	71,1	71,0	77,3	55,7
Andel elever som har sluttet i løpet av året - alle trinn	6,0	4,9	7,2	3,7

Tabell 3: SSB-indikatorar. Hordaland samanlikna med nasjonalt. Henta frå KS' nøkkeltalsrapport 2014.

Første indikator, *Økonomisk belastning 510-560 (...)*, viser nettoutgifter per elev, etter skulefylke, uavhengig etter kor elevane har bustadsadresse. Her ser vi at HFK brukar mindre per elev enn landsgjennomsnittet. Vi ser også at vi i snitt har færre elevar per skule i fylket, men at det er fleire elevar pr. lærerårsverk enn landssnittet.

Dei tre siste indikatorane går på type oppnådd kompetanse og gjennomføringsgrad. KS har henta talla frå SSB, medan vi i denne rapporten hovudsakleg ønskjer å bruke tal frå Skoleporten når vi omtalar gjennomføring og sluttarar. Årsakene til det blir utdjupa i kapitlet *Auka fullføring og læringsutbytte*.

Auka læringsutbytte og fullføring

Auka læringsutbytte

Auka læringsutbytte er eitt av dei to hovudmåla for den vidaregåande opplæring i Hordaland, jamfør første kapittel. Vi måler læringsutbyttet gjennom karakternivå og karakterutvikling, men det må presiserast at karakterar ikkje gir eit fullgodt svar på spørsmål om kvalitet og læringsutbytte. Rapporten *Kom nærmere*³ skildrar læringsutbyttet slik:

«Læringsresultater» og «læringsutbytte» inkluderer i realiteten både den formative undervisevalueringen og den summative sluttevalueringen. Skoleeier på sin side kan kun ta tak i de summative vurderingsuttrykkene på aggregert nivå (...)

For å få eit meir utfyllande bilete av kvaliteten, utviklinga og utbyttet frå opplæringa må vi også ta omsyn til informasjon frå styringsdialog og arbeidet med det verksemdbaserte vurderingssystemet. Karakterar gir likevel verdifull informasjon om nivå og resultat i skulen, og er den beste kjelda vi har for å vurdere utviklinga over tid, og samanlikning med nasjonalt nivå. I tillegg til det samla resultatet for fylket, ser vi på karakterar i fellesfaga norsk, engelsk, matematikk og naturfag. Dette er fag alle elevar har, både på yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram.

Standpunkt alle fag

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Samla resultat, gjennomsnitt	3,9	3,87	3,89	3,91	3,94	3,95

Tabell 4: Gjennomsnitt standpunktarakterar i alle fag. HFK, 2014.

Eksamen alle fag

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Samla resultat, gjennomsnitt	3,46	3,33	3,42	3,46	3,53	3,52

Tabell 5: Gjennomsnitt eksamenskarakterar i alle fag. HFK, 2014.

Standpunkt, prosentandel 1-6

	Snitt 1-6	Andel 1	Andel 2	Andel 3	Andel 4	Andel 5	Andel 6	Sum kar 1-6 (100 %)
2014	3,95	1,72 %	10,33 %	21,83 %	30,91 %	27,40 %	7,81 %	100047
2013	3,94	1,88 %	10,47 %	21,49 %	31,03 %	27,87 %	7,26 %	104950
2012	3,91	1,93 %	10,87 %	22,02 %	31,18 %	27,02 %	6,97 %	104169
2011	3,89	1,88 %	11,04 %	22,59 %	30,78 %	27,18 %	6,52 %	102604
2010	3,88	1,80 %	10,30 %	23,09 %	32,98 %	26,66 %	5,17 %	145976
2009	3,90	1,88 %	10,35 %	22,26 %	32,53 %	27,49 %	5,49 %	126622

Tabell 6: Standpunktarakterar, prosentvis fordeling 1-6. HFK, 2014.

³ Rapport frå FOU-oppdraget ”Hvordan lykkes som skoleeier? Om kommuner og fylkeskommuners arbeid for å øke elevenes læringsutbytte” av PricewaterhouseCoopers AS på oppdrag frå KS.

Eksamen, prosentandel 1-6

	Snitt 1-6	Andel 1	Andel 2	Andel 3	Andel 4	Andel 5	Andel 6	Sum kar 1-6 (100 %)
2014	3,52	5,09 %	17,63 %	27,64 %	26,51 %	16,43 %	6,71 %	20626
2013	3,54	4,51 %	16,81 %	28,21 %	27,70 %	16,57 %	6,20 %	20586
2012	3,46	6,20 %	18,22 %	27,52 %	25,70 %	16,45 %	5,91 %	18036
2011	3,42	7,55 %	18,12 %	27,64 %	24,59 %	15,70 %	6,40 %	27018
2010	3,33	8,13 %	19,66 %	28,35 %	24,33 %	14,31 %	5,21 %	22988
2009	3,46	6,92 %	17,91 %	27,04 %	25,18 %	16,13 %	6,82 %	26376

Tabell 7: Eksamenskarakterar, prosentvis fordeling 1-6. HFK, 2014.

Karakterfordeling på kjønn til standpunkt, gjennomsnittskarakter

Standpunkt (alle fag)	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kvinne	3,99	3,98	4,00	4,02	4,05	4,07
Mann	3,8	3,77	3,79	3,81	3,84	3,83
Total	3,9	3,87	3,89	3,91	3,94	3,95

Tabell 8: Karakterfordeling på kjønn til standpunkt. Gjennomsnittskarakter. HFK, 2014.

Vi ser ein auke på rundt eit halvt prosentpoeng som får karakteren 6 til standpunkt frå 2013. Samtidig er det også lågaste andel elevar som får standpunktkarakteren 1 i perioden 2009-2014. Når vi ser på eksamensresultat, er det i høve til 2013 ein auke på ca. eit halvt prosentpoeng som får karakteren 1, og elevar som får karakteren 6.

Det samla resultatet, altså gjennomsnittet, for standpunktkarakterar er stabilt over dei siste åra. Talet på karakterar som inngår i grunnlaget er stort, og det skal mykje til for at dette snittet endrar seg vesentleg. Likevel ser vi ei utvikling i standpunktkarakterar som er positiv over tid.

Eksamenskarakterane varierer noko meir, noko som kan ha fleire årsaker. Det er færre karakterar som inngår i grunnlaget for gjennomsnitt, så dette talet er noko meir sårbart for tilfeldige svingingar. I tillegg er vurderingsgrunnlaget for ein eksamen langt mindre enn for ein standpunktkarakter, og faktorar som til dømes utforminga av eksamensoppgåvene kan gi utslag. I tillegg kan andre høve, til dømes streik i opplæringssektoren, føre til at det blir enda færre karakterar totalt. Dette var mellom anna tilfellet våren 2012.

Ein tendens er at gjennomsnittleg standpunktkarakter ligg om lag ein halv karakter over gjennomsnittleg eksamenskarakter, noko som samsvarer med nasjonale tendensar. Det er ikkje i utgangspunktet problematisk, fordi ein standpunktkarakter som nemnt har eit mykje breiare grunnlag enn ein eksamenskarakter.

Stryk

Som tabell 6 side 12, og tabellen under viser, har det vore ein reduksjon i andel strykkarakterar til standpunkt, og utviklinga er positiv over fleire år.

Stryk	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Tal strykkarakterar	2067	1949	2011	1977	1720
Tal elevar	1392	1284	1206	1189	1130
Andel strykkarakterar	1,8	1,88	1,93	1,88	1,72

Tabell 9: Tal og andel strykkarakterar til standpunkt. HFK, 2014.

IV, Ikkje vurdert

IV	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Tal IV	2357	2235	2388	2316	2299
Tal elevar	980	905	910	920	957
Andel IV	1,59 %	2,13 %	2,24 %	2,16 %	2,25 %

Tabell 10: Tal og andel IV. HFK, 2014.

Talet IV som blir gitt har gått ned dei siste åra, men det er fleire elevar som får IV. Andelen har auka i perioden.

FYR – Fellesfag, Yrkesretting, Relevans

Fellesfag	Yrkesfag			Studieførebuande		
	Karaktersnitt	Andel 1	Andel IV	Karaktersnitt	Andel 1	Andel IV
Matematikk						
1P (praktisk)	3,2	6,87 %	4,72 %	3,35	5,46 %	1,32 %
1T (teoretisk)	3,63	0,72 %	0 %	3,96	1,2 %	0,72 %
Naturfag	3,43	3,53 %	4,01 %	4,2	1,79 %	1,1 %
Engelsk	3,58	2,23 %	3,03 %	4,23	0,57 %	0,86 %
Norsk	3,51	2,18 %	5,2 %	3,96	0,48 %	1,23 %

Tabell 11: Karakterar og IV i fellesfag yrkesfag og studieførebuande. PULS, 2014.

I utvalet over er følgjande karakterar samanlikna:

Matematikk og naturfag: Standpunkt Vg1. *Engelsk:* Standpunkt SF Vg1 og YF Vg2. *Norsk:* Termin 2-karakter Vg1 YF og SF.

Elevane på yrkesfag (YF) og studieførebuande utdanningsprogram (SF) har naturleg nok ikkje same progresjon i fellesfaga. Elevar på YF og SF får standpunkt-karakter i matematikk (praktisk eller teoretisk) og naturfag etter Vg1. I engelsk vil YF ha faget over to år, medan elevar på SF avsluttar faget på Vg1. Norsk er eit fag alle elevane har gjennom heile løpet, men elevar på YF følgjer læreplan over to år som SF-elevar følgjer på Vg1.

På dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det ei stor overvekt av elevar som vel praktisk matematikk. På studieførebuande vel om lag halvparten av elevane praktisk matematikk og halvparten teoretisk.

Svake prestasjonar i fellesfaga er ein av dei kritiske faktorane når det gjeld gjennomføring av vidaregåande opplæring på yrkesfaglege utdanningsprogram. Når ein ser på forskjellar i standpunkt-karakterar, varierer det mellom 0,15 og 0,77 karakterpoeng mellom yrkesfag og studieførebuande, med størst differanse i naturfag. Når ein ser på kor mange elevar som ikkje får bestått, med anten 1 eller IV, skil resultatane på yrkesfag seg ut. Dette må ein sjølv sagt sjå i samanheng med at karaktergrunnlaget frå grunnskulen er ulikt fordelt, men ein må også sjå på eleven sin kontekst.

I tilstandsrapportene frå skulane ser vi eit aukande tal på skular som vil jobbe meir med yrkesretting av fellesfaga og ta i bruk opplegg. Åsane vidaregåande skole har laga nettsida www.hordaland.no/FYR og brosjyrar til bruk for andre skular, og dei har reist rundt for å informere og stimulere til auka bruk i fylket. Arbeidet vil bli følgd opp frå opplæringsavdelinga.

It's Learning er delingsplattform for Hordaland og NDLA nasjonalt frå 2013. Statistikk frå april 2014 viser at talet på besøkande på NDLA frå Hordaland hadde auka med 111,7 % i høve til 2013.

Frå hausten 2014 har FYR-arbeidet blitt implementert i dei faglege utvala (FAU), gjennom at FYR-kordinatorane har blitt ein del av høvesvis FAU realfag, framandspråk og norsk. FYR skal vere ein sentral del av FAU-aktivitetane.

Leksehjelp

I skuleåret 2013/14 hadde HFK ti leksehjelpstiltak i Hordaland, leidd av Røde Kors. Fire tiltak blei arrangert i Bergen sentrum, eitt kvar i Åsane, Fana, Askøy, Øystese, Bømlo og på Voss. *Leksehjelpen* i HFK starta i 2007.

Evalueringar gjort på Askøy og i Bergen viser at elevar i den vidaregåande skulen har stor nytte av leksehjelp. I Bergen, på Voss og i Fana har det vore godt og stabilt oppmøte. I Åsane og på Bømlo er ein framleis i ein oppstartsfase med ein stabil auke i elevoppmøte.

Det er ei utfordring å kartleggje kor mange enkeltelevar som kvart år nyttar leksehjelpen, men Røde Kors reknar med at vi i 2013/14 har gitt leksehjelp til ca. 700 enkeltelevar frå vidaregåande skular. Kvar veke er ca. 150 elevar innom leksehjelpen, dvs. rundt 6000 besøk i løpet av eitt år, om ein tar utgangspunkt i at ein arrangerar leksehjelp i 40 veker. 88 frivillige i heile Hordaland var med å leggje til rette for tiltaket.

Sommarskulen

Sommarskulen blei arrangert for åttande gong i 2014. Totalt var det 128 påmelde, fordelt på 88 i Bergen, 21 i Knarvik og 19 på Askøy. Av dei 128 påmelde var det 29 som ikkje møtte eller som ikkje fullførte.

43 elevar og lærlingar tok ny eksamen i matematikk 1P-Y (praktisk yrkesfag). 30 elevar fekk bestått. Dette utgjer 70 % mot 50 % i 2013. 15 av dei 18 lærlingane fekk bestått, noko som utgjer 83 %. Lærlingane kom frå ti ulike fag.

Framleis er det mange av dei påmelde som av ulike årsaker ikkje møter eller som sluttar utan å fullføre dei to vekene. Nokre kan vere påmelde av føresette eller av lærar utan sjølve å ha motivasjon til å nytte ferien til skule. Tilbakemeldingar frå dei som fullførte er derimot særns nøgde.

Nesten 600 elevar og lærlingar har delteke dei åtte åra sidan tilbodet starta.

	2007 ⁴	2008	2009	2010	2011	2012 ⁵	2013	2014	Totalt
Deltakarar	20	25	48	80	95	133	99	99	594
Til eksamen	5	10	22	28	37	39	66	43	250
Bestått	5 (100 %)	8 (80 %)	18 (80%)	25 (90 %)	28 (75 %)	23 (60 %)	33 (50 %)	30 (70 %)	170 (68 %)

Tabell 12: Deltakarar, tal elevar til eksamen, tal og andel bestått. HFK, 2014.

⁴ Sommarskulen starta i Bergen i 2007. I 2009 kom Askøy med, og frå 2012 blei tilbodet utvida også til Knarvik

⁵ Ny eksamensordning blei innført i 2012, der ein del må gjennomførast utan hjelpemidlar

Auka fullføring

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og fullføring.

Det er sett eit nasjonalt mål om å auke andelen som fullfører og består innan fem år til 75 % for kullet som starta i vidaregåande opplæring i 2010. Etter vedtak i fylkestinget i Hordaland i 2012 blei mål for gjennomføring over fem år i Hordaland sett til 80 %. Statistikken for dette kullet er klar i 2016.

Andelen som fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem år etter at dei begynte, er definert ved prosentandelen av eit elevkull som begynte i Vg1 for første gong, som fem år seinare har oppnådd vitnemål eller fag- og sveinebrev.

På grunn av måling fem år etter påbegynt Vg1, må ein vurdere endringar på bakgrunn av aktivitetar som ligg fleire år tilbake i tid. Som styringsindikator gir indikatoren informasjon med avgrensa aktualitet. Indikatoren er likevel nyttig fordi han er den einaste som følgjer kompetanseoppnåinga til eitt enkelt kull gjennom opplæringsløpet.

Andel elevar som fullfører og består innan fem år har lege stabilt mellom 67 og 70 prosent sidan 1999-kullet, både i Hordaland og nasjonalt. Innsatsen i Hordaland blir retta mot der ungdommen er til ein kvar tid, i eit opplæringsløp (skule eller lære), i praksis eller utanfor. Målet er ei betre koordinert samhandling for å auke tal på unge som gjennomfører vidaregåande opplæring.

Dette kapittelet er organisert slik at vurdering av gjennomføring i skule og fag- og yrkesopplæring blir presentert først, før sentrale innsatsområde for å auke gjennomføringa blir presentert.

Gjennomføring i skule

Frå SSB til Skoleporten – Endra bruk av datakjelder i Tilstandsrapporten.

I tidlegare tilstandsrapportar har ein nytta tal frå både SSB og Skoleporten når ein har sett på gjennomføringstal for vidaregåande opplæring – utan å presisere kvifor ein nyttar dei ulike datakjeldene. SSB og Skoleporten måler begge gjennomføring over fem år, men gir ulike resultat⁶.

Frå og med i år vil vi berre nytte tal frå Skoleporten. Det er fleire gode grunner til dette. For det første, så inkluderer gjennomføringstala frå SSB private skular, som gir eit noko feilaktig bilete av tilstanden, sidan det berre er dei offentlege skulane Hordaland fylkeskommune har ansvar for.

For det andre viser Skoleporten offisielle gjennomføringstal frå Udir, tala er ein del av den nasjonale satsinga *Gjennomføringsbarometeret*, og ein sentral del av *Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem* (NKVS). I Udir sin rettleiar til tilstandsrapport er det presisert at det i hovudsak er data frå Skoleporten som skal nyttast som grunnlag for skuleeigar si vurdering av tilstanden.

For det tredje er dette tal som er tilgjengeleg for alle, som gir større openheit og føreseieleg bruk av data. Ein kan også med same datagrunnlag sjå på forskjellar mellom utdanningsprogram og -nivå, samt mellom Hordaland og andre fylke eller nasjonalt.

Offisielle gjennomføringstal frå Udir er 70,1 % for Hordaland og 70,6 % nasjonalt. Desse tala inkluderer både offentlege og private skular. Dersom vi berre ser på offentlege skular blir biletet slik:


	2006-2011	2007-2012	2008-2013
Hordaland - offentlege skular	70,5%	67,5%	68,9%
Nasjonalt - offentlege skular	69,1%	68,1%	69,9%

Tabell 13: Gjennomføring over femårsperiodar i Hordaland og nasjonalt. Offentlege skular. Skoleporten, 2014

⁶ Dei ulike resultatata skuldast mellom anna at SSB tek utgangspunkt i *bustadsfylke* til elevane og Skoleporten tek utgangspunkt i *skulefylke* (det fylket kor skulane som elevane på Vg1 er). I tala frå SSB er også privatskulane inkluderte - i Skoleporten kan man filtrere desse vekk.

Gjennomføringstala frå Skoleporten ligg noko lågare enn tala frå SSB, både for Hordaland og nasjonalt, men det er ikkje store forskjellar når ein ser på endringane i gjennomføringsprosenten frå perioden 2007-2012 og 2008-2013. Både når ein nyttar tal frå SSB og Skoleporten så aukar gjennomføringsprosenten i Hordaland frå førre kull, med høvesvis 1,3 og 1,4 prosentpoeng. Tal frå SSB viser like stor auke i gjennomføringsprosenten samanlikna med førre kull for både Hordaland og nasjonalt, nemleg 1,3 prosentpoeng. Uavhengig av kva talmateriale ein nyttar, så er det ei positiv utvikling frå perioden 2007-2012 til 2008-2013.


Statistikkprosjektet i Ny GIV har utvikla eit felles statistikkgrunnlag og sett indikatorar som viser kor ein står i høve til måla som er sett for gjennomføring av vidaregåande opplæring. Indikatorsettet er utvikla i samråd med fylkeskommunane, og gjer det mogeleg å samanlikne gjennomføringstal mellom fylke og nasjonalt snitt.



Figur 4: Gjennomføring 2008-2013. Offentlege skular. Skoleporten, 2014

Gjennomføringstalet (68,9%) er sum av fullført og bestått på normert tid (53,8%) og fullført på meir enn normert tid (15,1%).

Det er store forskjellar mellom ulike utdanningsprogram, både når det gjeld grad av fullføring og sluttarar i løpet av fem år. Tabellen under viser alle dei ulike utdanningsprogramma nasjonalt og i Hordaland, og kor mange som har fullført og bestått eller slutta i løpet av femårsperioden 2008-2013.



Figur 4: Fullført eller slutta i løpet av fem år, fordelt på utdanningsprogram. Hordaland og nasjonalt. Offentlege skular. Skoleporten, 2014.

Som ein kan sjå, er det ikkje store forskjellar mellom Hordaland og nasjonalt snitt når det gjeld kven som har fullført og bestått eller slutta i løpet av fem år i dei ulike utdanningsprogramma.

Hordaland ligg likevel noko betre an enn nasjonalt snitt når det gjeld prosentvis sluttarar gjennom femårperioden, med høvesvis 16,2 % mot 16,9 %. I enkelte utdanningsprogram kan ein sjå ein meir markant forskjell: I Restaurant- og matfag sluttar det nasjonalt 39 %, medan i Hordaland er talet 27,9 % og i Service og samferdsel er tala høvesvis 27,3 % og 15,4 %.

Den overordna forskjellen ligg mellom yrkesfag og dei studieførebuande utdanningsprogramma, både nasjonalt og i Hordaland, noko tabellane under viser.

Status for oppnådd nivå fordelt på studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram

Hordaland

Utdanningsprogram	Fullført	Fortsatt i vgo	Gjennomført Vg3 eller gått opp til fagprøve, ikkje bestått	Slutta undervegs
Studieførebuande (alle)	84,4 %	3,0 %	7,3 %	5,7 %
Yrkesfag (alle)	60,6 %	10,7 %	8,0 %	20,6 %


Tabell 14: Status oppnådd nivå i Hordaland, offentlege skular, studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram 2008-kullet. Skoleporten, 2014.

Nasjonalt

Utdanningsprogram	Fullført	Fortsatt i vgo	Gjennomført Vg3 eller gått opp til fagprøve, ikkje bestått	Slutta undervegs
Studieførebuande (alle)	86,4	1,9	7,1	4,6
Yrkesfag (alle)	57	9,4	7,7	26

Tabell 15: Status oppnådd nivå nasjonalt, offentlege skular, studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram 2008-kullet. Skoleporten, 2014.

I tillegg til at ein større del av elevane på yrkesfag vel å slutte, så er det også ei viktig problemstilling at av dei som begynte på yrkesfag i 2008, så er det berre 33 % som enda opp med fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. 29 % enda opp med studiekompetanse. Tabellen under viser kva kompetanse elevane som starta opplæringa i 2008 innan dei ulike utdanningsprogramma hadde i 2013.



Figur 5: Oppnådd kompetanse etter fem år, fordelt på utdanningsprogram i Hordaland. Offentlige og private skuler. SSB, 2014⁷

Prosjekt til fordjuping (PTF) er eit sentralt fag i fag- og yrkesopplæringa i skulen, då det skal fungere som eit verkemiddel for å auke gjennomføringa. Som ein ser av tabellane under, er karaktersnittet på standpunkt høgt. Av dei som ikkje får bestått, er det ein høgare andel som ikkje får vurdering (IV) enn det er som stryk i faget.

Prosjekt til fordjuping, Vg1	Karaktersnitt	Andel 1	Andel IV
2011/12	4,11	2,03	3,75
2012/13	4,12	1,49	3,11
2013/14	4,14	1,05	3,22

Tabell 16: Karaktersnitt, andel 1 og IV i Prosjekt til fordjuping, Vg1. PULS, 2014.

Prosjekt til fordjuping, Vg2	Karaktersnitt	Andel 1	Andel IV
2011/12	4,27	0,71	1,64
2012/13	4,3	1,04	1,98
2013/14	4,28	0,83	1,8

Tabell 17: Karaktersnitt, andel 1 og IV i Prosjekt til fordjuping, Vg2. PULS, 2014.

Det er krevjande for elevane som ikkje får vurdering i faget. Dei må då dokumentere anten relevant praksis i eit lærefag på Vg3-nivå eller ta eksamen i relevante fag med sentral eksamen som tilsvarar årstimetalet i PTF. Krav til lengde på praksis og tal timar i fag med eksamen er høgare på Vg2, då PTF har fleire årstimar her.

Rapporten *Fleksibilitet eller faglighet*⁸ viser at på Vg1 er faget i stor grad prega av yrkesorientering. Elevane blir introdusert for ein rekke ulike fag og yrke innan det aktuelle utdanningsprogrammet. På Vg2 er det vanlegare at PTF gjennomførast som praksisperiodar i arbeidslivet eller ved praksis ein dag i veka med større fagleg fordjuping.


⁷ For å sjå type oppnådd kompetanse etter fem år, må ein nytt tal frå SSB. Det kan derfor vere noko avvik samanlikna med tal frå Skoleporten.

⁸ <http://www.faf.no/pub/rapp/20274/20274.pdf>

Det er fleire forhold som tyder på at PTF kan vere viktig for å skaffe seg læreplass. For bedriftene og verksemdene i offentleg sektor er det viktig å kome i kontakt med aktuelle lærlingar, og rapporten viser at fleire lærlingar har fått tilbod om læreplass gjennom faget. Både organisering av undervisning med mykje yrkesorientering på Vg1, fagleg fordjuping i praksis i Vg2 og at faget blir eit middel for å skaffe seg læreplass, ser vi også i Hordaland.

Gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa

Manglande gjennomføring i vidaregåande opplæring omfattar også lærlingar som ikkje fullfører læretida eller ikkje greier fagprøven. Tal frå Skoleporten indikerer at 60,6 % av kullet som starta på yrkesfag i 2008 har fullført på anten normert eller lengre tid. 20,6 % har slutta, medan 8 % har fullført, men ikkje bestått opplæringa.



Figur 6: Gjennomføring fag- og yrkesopplæring. Offentleg eigarskap, alle trinn. Skoleporten, 2014.

Fagprøvar

I 2013 blei det avlagd 2793 fag-/sveineprøvar i Hordaland, medan talet i 2012 var 2428. Dei fem siste åra har talet på gjennomførte fag-/sveineprøvar vore relativt stabilt med unntak av ein liten nedgang i 2012.

	2009	2010	2011	2012	2013
Avlagde	2732	2696	2724	2428	2793
Praksiskandidatar	811	789	993	682	890
Stryk lærlingar	10 %	11,8 %	12 %	11,9 %	9,7 %
Stryk elevar slutt-opplæring i skule	34 %	41,6 %	36,5 %	43 %	26 %
Stryk praksiskandidatar	5 %	7,7 %	8 %	6%	8 %

Tabell 18: Utvikling avlagde prøvar 2009 -2013. Vigo, 2014.

I 2013 fekk 9,7 % av lærlingane ikkje bestått fag-/sveineprøve etter første prøve. Det er det lågaste talet sidan 2009. 84 lærlingar gjekk opp til andregongsprøve, og av desse bestod 86,9 %. Tilbakemeldingane frå lærlingane er at dei har fått "øvd" seg på situasjonen med ein fagprøve. I tillegg går det gjerne mellom to og fire månader før dei går opp til ny prøve. Det er ingen plikt for bedrifta å ha lærlingane i arbeid mellom dei to prøvane, men langt dei fleste får bli i bedrifta.

Formidling

Per 31.12.2013 var det 4828 løpende lærekontraktar, ein auke på 470 frå 2012. I 2011 var talet på same tidspunkt 4144, noko som tyder på ein auke i løpende kontraktar dei siste åra. Talet på søkjarar og formidlingstal for desse har vore relativt stabil dei siste åra, jf. tabell 19.

I 2013 blei det til saman godkjent 2072 nye lærekontraktar. Dette er ein nedgang på 179 kontraktar frå 2012.

Oversikt over søkjarar 2011-2013

Status	2011	2012	2013
Søkjarar med rett	1744	1772	1715
Formidla med rett	1242	1270	1259
Søkjarar alle rettar	2398	2523	2440
Kontraktar alle rettar	1834	1834	1806
Alternative Vg3-kontraktar	59	48	54

Tabell 19: Tal lærekontraktar 2011-2013, Udir per 1.12 med unntak 2011 der tala er frå 1. nov. Alternativ Vg3. Vigo, 2014.

Sluttopplæring i skule, Vg3

Dersom fylkeskommunen ikkje kan formidle opplæring i bedrift til dei som ynskjer slik opplæring, må også bedriftsdelen av opplæringa gjennomførast i skulen. Tilbodet skal vere på eit opplæringsår i enkelte fag, og vi har også tilbod i samarbeid med både vidaregåande skular og bedrifter. Tal på ungdommar i Vg3 i skule i 2013 var 54.

Seksjon fagopplæring har satsa på å få til modellar i Vg3 som liknar opplæring i læretid gjennom samarbeid med blant anna HOP Kompetansesenter og Profitek (OneCo). Kvalitet på sluttopplæring i skule har vore eit fokus. Fagopplæring har i 2013 gått vekk ifrå sluttopplæring i skule etter normal modell for bilfaga, og oppretta eit forlenga løp i Norheimsund med tette band til lokalt arbeidsliv. Dette kan vere med på å forklare nedgang i stryk frå 2012, jf. tabell 18, s. 20.

Per september 2014 blir det arbeid med oppretting av Vg3 i skule i bilfaget, lette kjøretøy, platearbeidar, sveisar og industrimekanikarfaget, landsbruksmaskinmekanikar, kjole- og draktskyar, matros og motormann. Også i år utmerkar industriteknologi og industrimekanikar seg med mange restsøkjarar.

Samfunnskontrakten

Samfunnskontrakten har som overordna mål å forplikte styresmakter og partane i arbeidslivet til å forbetre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og skaffe lærekontakt til alle elevar som ønskjer det. Det nasjonale målet er å auke talet på læreplassar med 20 % frå 2011 til 2015.

Hordaland har hatt ein nedgang i nye kontraktar frå 2012 til 2013. Det er enno tidleg i prosessen, og derfor også for tidleg å seie noko om korleis Hordaland gjer det i høve til å nå målet. I 2014 var det 127 fleire søkjarar til læreplass enn i 2013, det høgaste talet sidan 2009.

Fråvær og avbrot i opplæringa for elevar og lærlingar

Fråværsutvikling for alle elevar

	Snitt fråværstimar	Snitt fråværsdagar
2010/11	25,96	11,33
2011/12	25,19	10,85
2012/13	24,40	12,20
2013/14	25,10	10,74

Tabell 20: Fråværsutvikling 2010/11-2013/14. Extens, 2014.

Tabellen over viser den totale fråværsutviklinga for elevar i HFK dei siste fire åra. Vi ser ein auke i gjennomsnitt i timar, og ein reduksjon i gjennomsnitt dagar frå året før.

Gjennomføring føreset at elevane er til stades i undervisninga. Måten elevane blir møtt på i det daglege, avgjer i mange tilfelle om dei fortset å møte til undervisninga, og vi ser ei klar samanheng mellom fråvær og IV i fag og sluttarar. Det er derfor viktig å ta tak i fråvær på eit tidleg tidspunkt.

Dei aller fleste skulane held fram med tiltak for å redusere fråvær, og er eit arbeid som må halde fram. Tiltaka vi ser på skulane er mange, og må tilpassast dei lokale forholda. Nokre jobbar med det sosiale fellesskapet for å styrke den uformelle sosiale kontrollen, medan andre skular har styrka rådgivarressursen og lagt ansvar for oppfølging i ressursteam med mål om tettare oppfølging. I andre tilfelle vil det vere naudsynt å ha ei enda breiare tilnærming. Oppfølging av fråvær har dei siste åra vore, og vil framleis vere, eit aktuelt tema på alle skulebesøk i den verksemdbaserte vurderinga.

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har inngått eit samarbeid med prosjektet «Innenfor skolen». Prosjektet er initiert av Bergen kommune og har som hensikt å redusere fråvær og fråfall i dei vidaregåande skulane i Bergen og å utjamne sosiale forskjellar. Tiltaka er retta mot å forbetre samarbeidet mellom skulane og skulehelsetenesta og ei styrking av tidleg innsats når det gjeld elevar med mykje fråvær.

Lærlingane er tilsette i ordinære arbeidsforhold, og HFK har ikkje fråværsversikt for desse.

Elevar og lærlingar som avbryt opplæringa

Det finst ulike kategoriar av sluttarar. *Skulesluttarar* er dei som avbryt i løpet av skuleåra. Desse blir registrert med dato og avbrotårsak og ein har god statistikk på desse. *Overgangssluttarar* er dei som avbryt mellom to skuleår, eller ikkje går vidare i lære. Desse kjem ikkje med i skulen si oversikt over sluttarar. I NIFU si undersøking *Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?*⁹, viste det seg at i Akershus i 2010/11 var om lag 60 % av sluttarane overgangssluttarar. For å forstå gjennomføringsandelen - altså kor stor prosentdel som fullfører og består opplæringa i løpet av fem år - må ein sjå både på skulesluttarane og overgangssluttarane.

Avbrot i løpet av skuleåret

Talet på elevar som avbraut opplæringa i skuleåret 2013/14 er 818. Talet speglar dei elevane som var registrert med «kritisk» sluttårsak, dvs. stort fråvær, feilval, fagvanskar, personlege årsaker/sjukdom, skolelei/motivasjon, anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt. Andre årsaker som ikkje er inkluderte, kan vere at elevane har fått arbeid, har bytt skule eller har bytt til eit anna utdanningsprogram på same skule. Dei blir også registrerte som sluttarar, men ved å filtrere desse bort i oversikta, får ein meir presise tal på dei elevane som det er kritisk at ein fangar opp.

	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Sluttarar i % av samla elevtal	4,14 %	4,51 %	4,9 %	4,8 %

Tabell 21. Prosentvis kritiske sluttarar frå 1. oktober ut frå talet på elevar i 3. inntaket. Extens, 2014.

Dersom ein ser nærare på desse 818 elevane, kan ein sjå at størsteparten sluttar på 1. trinn. Dei hyppigaste sluttårsakene er *personlege årsaker* og *stort fråvær*.

Avbrotårsak	Tal elevar	Årstrinn	Tal elevar
Personlege årsaker	229	3	160
Stort fråvær	207	2	233
Anna årsak/ikkje oppgitt	161	1	420
Feilval	129	0	5
Skulelei/motivasjon	89		
Fagvanskar	4		
Totalt			

Tabell 23.

Tabell 22 og 23: Avbrotårsaker 2013/14 og fordeling på årstrinn. Extens, 2014.

⁹ <http://www.nifu.no/files/2012/11/NIFUrapport2012-6.pdf>

Heva lærekontraktar i 2013

I 2013 blei det heva 391 lærekontraktar, medan det i 2012 blei heva 255 kontraktar. Det utgjer ein auke på 53 % frå 2012. Årsaker til heving av lærekontraktar blir vurdert på side 24.

Årsak til heving	2012	2013
Bedrifta sitt ønske	35	53
Lærlingen sitt ønske	82	106
Ved semje mellom lærling og bedrift	138	232
Totalt	255	391

Tabell 24: Årsaker til heving av lærekontraktar. Vigo, 2014.

Overgangsslutterane

Overgangsslutterane er elevar som har gjennomført eit skuleår på Vg1 eller Vg2 og som er forventa å fortsetje på neste nivå skuleåret etter, men som ikkje gjer det. Dvs. dei forsvinn ut av opplæringa mellom to skuleår. Det kan vere ulike grunner til at ein avbryt opplæringa mellom to år, og det varierer i kva grad dei kjem tilbake.


Den mest kritiske overgangen er etter Vg2, og i særskilt grad dei som ikkje får læreplass. Når elevar ikkje får læreplass, skal fylkeskommunen tilby desse ei tilsvarende opplæring i form av et Vg3 i skule, slik at dei får oppfylt retten sin til treårig vidaregåande opplæring. Det blir oppretta for få Vg3-klassar nasjonalt og i Hordaland til at desse får eit tilfredsstillande tilbod. Vi har lite talmateriale på desse og veit i liten grad kor mange som kjem tilbake til skulen, eller går ut i arbeid.

Tabellen på side 24 viser overgangane frå dei ulike trinna i 2013 i Hordaland. Informasjon om overgangar i vidaregåande opplæring kan ikkje seie noko direkte om kor stor del som kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Det er likevel rimeleg å gå ut frå at ein auke i delen med ordinær progresjon vil føre til ein høgare del med fullført og bestått. *Ordinær progresjon* er frå Vg1 og Vg2 definert som overgang til eit programområde på høgare nivå, mens frå Vg3 er definert som oppnådd vitnemål/fag- eller sveinebrev/læreplass (inkluderer alternativ Vg3/fagopplæring i skule som går opp til fag eller sveineprøve). *Ute av utdanning i eitt år* er definert ved ikkje å vere registrert i vidaregåande opplæring i Noreg året etter.

Repetisjon av trinn er definert som overgang til eit programområde på same eller lågare nivå.

Tabellen gir informasjon om overgangane mellom trinna, og viser status på dei som var i vidaregåande opplæring året før. Indikatorane gjeld overgangar i skuleløpet, og følgjer derfor berre elevar, ikkje lærlingar.

Som ein kan sjå av tabellen, er det i snitt 17,2 % som er ute av opplæring i eitt år fordi dei ikkje møtte opp til neste skuleår. Ser ein berre på yrkesfaga, er andelen 20 %.



Figur 7: Overgangar. Skoleporten, 2014.

Årsaker til at ungdom avbryt opplæringa

Mange av sluttårsakene er grunna i tilhøve skulen ikkje kan løyse aleine. I NIFU-rapporten *Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?* gav 40 % av elevane sluttårsak i tilhøve som ligg utanfor skulen, som vanskelege heimetilhøve, psykisk sjukdom, psykososiale problem, fysisk sjukdom og rusproblem.

Tendensen ser vi i aukande grad også i Hordaland. Mange skular peikar på elevar med psykiske vanskar/sjukdom i samband med fråfall og stryk/IV.

Rapporten finn også fleire overgangssluttarar enn skuleårssluttarar, som er det vi konkret har tal på. Dei fann fleire overgangssluttarar mellom Vg2 og læretid enn mellom Vg1 og Vg2.

Skulerelaterte årsaker til fråfall kan ein definere som feilval, låg motivasjon, faglege utfordringar einsemnd, mistrivnad og lang reiseveg. Når eleven t.d. hadde låg motivasjon eller kom inn på anna enn førstevealet sitt, kunne lang reiseveg slå ut som avgjerande faktor. Mange av elevane som hadde feilval som sluttårsak, opplevde at forventningane ikkje slo til, sjølv om dei kom inn på førstevealet sitt. Her kjem behovet for styrka rådgiving inn. Vi veit at låge inngangspoeng og høgt fråvær slår ut på fråfall og for elevar som ikkje får vurdering.

Hordaland fylkeskommune har etablert eit samarbeid med Uni Helse som har laga ein stor undersøking om Ung i Hordaland våren 2012. Undersøkinga er m.a. på fråvær som ein forløpar for fråfall i skulen, på psykiske plagar og rus hos ungdom. Arbeidet har vore følgt opp av ei kartlegging av ungdom som fell ut av vidaregåande opplæring, «Utenfor skolen», på nokre skular i inneverande skuleår. Kartlegginga har vore krevjande for å få opp svarprosent, det har ofte vore vanskar med å få tak i ungdomar som har slutta.

Årsaker til heving av lærekontraktar

Det kan vere fleire årsaker til at ein lærekontrakt blir heva i opplæringstida. Lærlingar og bedrifter blir oppmoda om å registrere grunn til heving av lærekontrakt, men ved semje om hevinga, der begge partar har signert på dette, er det ikkje lovpålagt å grunngi bakgrunnen for hevinga.

Samtalar med lærlingane viser likevel at det ikkje alltid er den eigentlege grunnen til hevinga som blir oppgitt når papira om heving blir sendt inn til seksjon fagopplæring. Lik andre arbeidstakarar som har ulike grunnar til å avslutte eit arbeidsforhold, vil dette også gjelde for lærlingar. Der grunn blir oppgitt,

blir dette registrert, men innanfor kategoriane «personlege årsakar» og «ikkje oppgitt» er det stor variasjon.

Grunnar til heving av lærekontrakt kan vere løn, trivsel og kjemi mellom kollegaer, brot på arbeidslivet sine reglar, sjukdom, militærteneste, fødsel eller vidare skulegang. Dersom det blir oppgitt at grunn til hevinga av lærekontrakt er manglande opplæring frå bedrifta, blir dette følgt opp av seksjon fagopplæring. I mange tilfelle der lærekontrakten blir heva, vil dette likevel ikkje bety at lærlingen avsluttar opplæringa.

Ny lærekontrakt blir ofte inngått kort tid etter, i ny bedrift. Dette gjeld mellom anna når bedrifter går konkurs eller blir kjøpt opp av andre. Så langt det lar seg gjere, blir slike hevingar registrert som overføringar frå ein kontrakt til ein annan. Ein del kjem også tilbake til bedrifta etter militærteneste og anna skulegang for så å fullføre læretida og ta fagprøve.


Fylkeskommunen sitt ansvar for ungdom utanfor vidaregåande opplæring

Den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT) sitt oppdrag er å ha oversikt over all ungdom mellom 16 og 21 år som ikkje er i vidaregåande opplæring og sørge for at desse får:

- tilbod om opplæring
- hjelp til utprøving i arbeidslivet/praksisplass i samarbeid med NAV
- andre kompetansefremjande tiltak
- eventuelt ein kombinasjon av desse

Avklaringsamtaler for skulesluttarar blei innført i 2011 som eit verkemiddel under Ny GIV. Føremålet med samtalen er å leggje til rette for ei tidlegare og meir forpliktande oppfølging av ungdom som kan falle ut av opplæring og arbeid. Vidare er føremålet å etablere rollar og ansvarsforhold for det vidare oppfølgingsarbeidet. Samtalen skal fungere motiverande og realitetsorienterande og OT skal gi rettleiing og informasjon om dei mogelegheitene som finst. Ansvaret for å kalle inn OT og eleven ligg hos skulen. OT gjennomførte i skuleåret 2013/14 719 avklaringsamtalar, som er ein auke på 16 % frå året før.

Oppfølgingstenesta har i tillegg rådgivingsamtaler for ungdom som har vore utanfor opplæring i lengre tid. Mange av desse har prøvd seg fleire gonger i skule og blir kalla «gjengangarar». Tabellen under viser registrerte avklarings- og rådgivingsamtaler som Oppfølgingstenesta har hatt dei to siste skuleåra.



Figur 8: Tal rådgivingsamtalar og avklaringsamtalar i Hordaland 2013/14. HFK, 2014.

Oppfølgingstenesta får tidleg kontakt og dialog med storparten av dei som sluttar i skulen. Svært mange av desse starter opp igjen i skuleåret etter kartlegging og rettleiing frå OT. *Gjennomføringsbarometeret 2014* viser at det nasjonalt var 60 prosent av ungdommane som var i oppfølgingstenesta ved utgangen av skuleåret 2011/12, som var i arbeid eller i vidaregåande opplæring ved starten av neste skuleår. 30 % av ungdommane var tilbake i OT. Den største utfordringa er å skaffe nok eller riktig tilbod til dei som ikkje er tilbake i opplæring.

Pr. 15.6.2014 var 37.6 % av ungdommane i oppfølgingstenesta i aktivitet. Dette var ein auke på 1,3 prosentpoeng frå året før. Oppfølgingstenesta sine mest nytta verkemiddel er tiltak frå NAV. Kombinasjonstiltak som praksisplass og studiesenter i vidaregåande skule har vist seg å vere vellukka. Likevel er dette eit tilbod til dei som er busette i bergensregionen, og det er få vidaregåande skular i både i Bergen og elles i fylket som har eit slikt tilbod til dei som ikkje har elevstatus, men som likevel er eit fylkeskommunalt ansvar.

Fylkeskommunen si satsing på produksjonsskule blir eit sentralt verkemiddel for OT. Skulen vil dekkje eit behov for mange som treng arbeidslivsdanning gjennom å styrke fagleg utdanning, personlege eigenskapar og sosial kompetanse. Deltakarane blir plukka ut frå OT sine målgrupper.

Oversikt over Oppfølgingstenesta sine tiltak

- Gruppetilbodet #Gameplan i regi av OT
- Studiesenter i vidaregåande skule
- Ungdomsmottaket i NAV Bergen
- Praksisplassar gjennom NAV
- Tilrettelagde plassar i arbeidsmarknadsbedrifter gjennom NAV
- Truckførarkurs på Hjeltnes vidaregåande skule (OT-tiltak, fylkeskommunale fråfallsmidlar)
- Korte kompetansegivande kurs (OT-tiltak, fylkeskommunale fråfallsmidlar)
- Hyssingen produksjonsskule (fylkeskommunalt tiltak frå 2014)

Tabellen under viser status for ungdom tilmeldt OT ved utgangen av skuleåret 2011/12 og neste skuleår 2012/13, nasjonalt og Hordaland.

	Ungdom med oppfølgingsrett fordelt på aktivitet neste skuleår						Ungdom med oppfølgingsrett neste skuleår	Ungdom tilmeldt OT ved utgangen av skuleåret	Ungdom som har mista opplæringsrett
	I vidaregåande opplæring	I anna utdanning	I arbeid	Tilbake i OT	Ikkje registrert i arbeid, opplæring eller OT	I alt			
Nasjonalt	39,6	1,2	19,5	31,2	8,5	100	15322	19975	4653
Hordaland	40,6	1,5	19,4	28,1	10,4	100	1494	1932	438

Tabell 25: Ungdom med oppfølgingsrett fordelt på aktivitet neste skuleår. Gjennomføringsbarometeret, 2014

Oppfølgingsprosjektet

Gjennom Ny GIV oppfølgingsprosjektet har den største satsinga vore å lage berekraftige strukturar og band mellom dei ulike instansane som har ansvar for ungdom som har slutta i vidaregåande opplæring. Viktige aktørar er Oppfølgings- og PP-tenesta (OT/PPT), NAV, kommunale etatar, ungdomsskular og vidaregåande skular. Som ei følgje av dette laga Hordaland fylkeskommune og NAV i 2013 ein ny samarbeidsavtale.

Målgruppa for avtalen er:

- rettsungdom som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid
- elevlar/lærlingar som har vanskeleg for å bli formidla ut i bedrift/lære
- elevlar som skulen vurderer vil ha store utfordringar på den ordinære arbeidsmarknaden i etterkant av skulen

Vidare etablerte ein i 2013 eit samarbeid mellom Bergen kommune og OT/PPT for ungdom som har omfattande utfordringar. Målet er å løse dei vidare slik at dei kan oppnå heil eller delvis kompetanse innanfor vidaregåande opplæring eller arbeid.

Sentrale innsatsområde for å auke fullføringa

Tiltak og område som blir beskrive under har som føremål å støtte opp om hovudmåla auka gjennomføring og læringsutbytte. For å oppnå resultatmåla i sektoren er viktige suksesskriterier samarbeid og samordning av innsats på alle nivå i opplæringsløpet. Det vil derfor vere sentralt å halde fast på tiltak som rettar seg inn mot det fireårige løpet i vidaregåande opplæring.

NIFU STEP sin rapport *Bortvalg og kompetanse*¹⁰, som har følgd satsinga mot fråfall frå rundt år 2000, viser at sjansen for fråfall er størst hos elevar som har svake resultat frå ungdomsskulen, høgt fråvær eller som kjem inn på andre- eller tredjeønske i vidaregåande opplæring.

Manglande gjennomføring på normert tid i yrkesfag kan vere ein konsekvens av manglande samanheng i det fireårige løpet. Tiltak som skal styrke fagopplæringa i skule, som t.d. FYR, og styrking av kvalitet i faget prosjekt til fordjuping, er alle element som skal bidra til å auke kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa og dermed auke gjennomføringa.

Vidareføring av prosjektet Ny GIV

Erfaringane frå Ny GIV-satsinga skal vidareførast og kompetanseheving av lærarar blir vidareført skulevis. Mellom anna er det fleire skular som nyttar ny metodikk og verktøy i tilbod i studieverkstad. I Hordaland delte vi i 2013 ut i overkant av 3 millionar kroner til skuleinterne tiltak der målet m.a. er å bidra til å lette overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring og styrke motivasjon og mogelegheit til å gjennomføre og bestå vidaregåande opplæring. Hovudmålgruppa er framleis Vg1-elevar som skårar lågt på obligatoriske kartleggingsprøver i Vg1, men vil også omfatte svakt presterande elevar på høgare nivå. Det er oppretta eige tilbod på Årstad vidaregåande skule med tilbod til rettselevar registrert i oppfølgingstenesta.

1161 elevar fekk tilbod om ulike tiltak i 2013/14, og 28 skular fekk midlar til tiltak. Særleg tilbod i studieverkstad er godt etablert på mange skular som melder om gode resultat for elevar som har fått tilbodet. Frå hausten 2014 er det 12 skular som har meldt at dei vil prøve ut intensivopplæring, t.d. før tentamen og eksamen, ofte i matematikk, og/eller tilbod til elevar som treng kortare tilbod særleg i fellesfaga. I samband med utlysing av midlar, blei det laga ein brosjyre *Det nytter*¹¹ med gode lokale døme på tiltak for å styrke gjennomføringa i Hordaland.

Fire nye skular skal gjennomføre skulebasert opplæring i lesing og skrivning i alle fag, i samarbeid med Høgskolen i Bergen og NLA Høgskolen.

Vidare er det mål om å etablere bærekraftig samarbeid mellom dei ulike nivåa i grunnskule og vidaregåande opplæring for å ta vare på og vidareutvikle samarbeidet som kom i gang under prosjektet Ny GIV. Opplæringsavdelinga har laga ei rettleiing for skulane *Blikk for alle – fokus på den enkelte*¹², ei rettleiing for tidleg identifikasjon, kartlegging og oppfølging av elevar for auka gjennomføring.

Rådgiving

Rådgivarar og lærarar i heile grunnopplæringa får systematisk tilbod om etterutdanning frå opplæringsavdelinga. Kvart skuleår får rådgivarane tilbod om samling med fokus på nettverksbygging og kompetanseutvikling. I skuleåret 2013/14 starta og fullførte 15 rådgivarar på vidareutdanning i karrierettleiing ved Høgskulen i Bergen.

Rådgivarane sitt handlingsrom til individretta rådgivingsarbeid og systemarbeid på eigen skule bør styrkast. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane i forpliktande nettverk på rådgivarnivå skal prioriterast, inkludert tette relasjonar med lokalt og regionalt arbeidsliv.

¹⁰ <http://www.nifu.no/files/2012/11/NIFUrapport2008-13.pdf>

¹¹ <http://www.hordaland.no/Global/opplering/dokument/2014/Inspirasjonshefte-HFK.pdf>

¹² www.hordaland.no/Global/opplering/OT%20PPT/Blikk_for_alle_fokus%20p%C3%A5_de_enkelte_august2014.pdf

Tiltak for minoritetsspråklege elevar

Ved skulestart hausten 2014 hadde vi 1696 elevar med anna morsmål. Registreringa er basert på eleven si eiga registrering, då skulen ikkje har rett til å registrere på grunnlag av etnisitet. I Hordaland har vi overvekt av elevar med kort butid i Noreg, ei elevgruppe som naturleg nok har svake norsk-kunnskapar.

Våren 2014 var det 838 elevar i HFK med rett på særskilt språkopplæring, og frå hausten 2014 hadde vi innføringsklassar på seks skular med i alt 123 elevar, mot 152 elevar i 2013. Skulane har fri tilgang på det nettbaserte norskopplæringsprogrammet «Veien fram» for denne elevgruppa, men bruken er redusert siste skuleår. Nye lærarar får tilbod om opplæring hausten 2014.

Det blei sett i gang eit opplæringstilbod retta mot lærarar med ansvar for opplæring i innføringsklassar frå hausten 2014. Innhaldet blir utarbeidd i samarbeid med HiB, som får ansvar for tilbodet. Ei arbeidsgruppe har laga lokal læreplan for innføringsklassar i Hordaland. Denne er på utprøving i skuleåret 2014/15.

Opplæringsavdelinga arrangerer årleg informasjonsmøte for elevar og føresette i ungdomsskulen om tilbod i vidaregåande opplæring. Møta er svært populære, og dei vil halde fram.

Opplærings- og helseutvalet har bestilt ei utgreiing om utfordringar og aktuelle tiltak for minoritetsspråklege elevar som manglar norskkunnskapar for å gjennomføre opplæring. Denne saka blei lagt fram for OPHE i november 2014.

Påbygg til generell studiekompetanse

I NIFU sin rapport om *Påbygg – et gode eller en nødløsning*¹³ viser dei til at påbygg i mykje større grad enn vi har gått ut i frå, er resultat av eit bevisst val hos elevane. Gjennomføring og bestått resultat heng i like stor grad som elles i vidaregåande opplæring saman med resultat frå ungdomsskulen og med fråvær.

Utdanningsdirektoratet har sett i gang tiltak som ei oppfølging av Mld. St. 20 (2012-13) *På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen*, der tiltak m.a. som har som mål å styrke fag- og yrkesopplæringa. Det er gitt midlar til eit utvida og forsterka pedagogisk tilbod med sikte på å betre gjennomføringa på påbygg. Sju skular i Hordaland har fått midlar i skuleåret 2014/15, og skal gi tilbod i 140 timar i skuleåret for elevar med inntil stryk i inntil to fag.

I Hordaland er det frå skuleåret 2014/15 høve til å søkje allmennfagleg påbygging for elevar med fag-/sveinebrev, og for elevar som kjem frå 3-årige yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjarane må ha bestått alle fag på Vg1 og Vg2. Tilbodet er etablert på seks skular i Hordaland.

FYR – Fellesfag, Yrkesretting, Relevans

Målet med FYR er å betre yrkesrettinga av fellesfaga på yrkesfaglege utdanningsprogram. Arbeidet skal sikre at elevar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma får ei opplæring i fellesfaga matematikk, norsk, engelsk og naturfag som blir opplevd som relevant for deira kvardag, og er yrkesretta mot arbeidsliv.

Det nasjonale målet i perioden 2014-2016 er at alle vidaregåande skular med yrkesfaglege utdanningsprogram ved utgangen av 2016 skal jobbe aktivt med yrkesretting og relevans i fellesfaga som ein naturleg del av opplæringa. Frå 2014 blei FAU (fagutvala i Hordaland) trekte med i spreingsarbeidet i fylket.

Rett kompetanse

Den årlege konferansen "Rett kompetanse" har som målsetjing å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv, og blei i 2014 arrangert for femte året på rad i Hordaland. Konferansen er basert på eit samarbeid mellom opplæringsavdelinga og partane i arbeidslivet. I 2014 var tema retta inn mot samarbeid skule og arbeidsliv. Vi har hatt aukande oppslutning om konferansen, og i 2014 var det 210 påmelde, mot 180 i 2013. Deltakarane kjem frå utdanning, NAV, opplæringskontor og ulike bransjar.

¹³ <http://www.nifu.no/files/2012/11/NIFUrapport2012-2.pdf>

Samfunnskontrakten

Samfunnskontrakten, ei avtale mellom styremaktene og partane i arbeidslivet, har som overordna mål å forplikte partane til å forbetre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og gi lærekontakt til alle elevane som ønskjer det. Det nasjonale målet er å auke talet på læreplassar med 20 % frå 2011 til 2015. *Hospitering* og *prosjekt til fordjuping* er tiltak som skal bidra til å nå måla i avtalen.

Hospitering

Hospitering kan definerast som eit tidsavgrensa opphald på ein annan arbeidsplass, der føremålet er at den som hospiterer skal oppdatere sin fagkunnskap eller lære seg noko nytt om t.d. arbeidsmåtar eller ny teknologi. Hospiteringsordninga blei vidareført i 2013 med 41 deltakarar frå skular og bedrifter. Tiltaket har blitt vidareført i 2014.

Føremålet med hospiteringa er tosidig:

- Å styrke breiddekompetansen hos lærarar for å gi dei ein breiare kompetanse i andre fagområde enn sitt eige fag. Dette er for å styrke rettleinga i val av vidare utdanning og yrke for elevar på Vg1.
- Å styrke fordjupingskompetanse hos lærarar i opplæringa i Vg2 for å gjere elevane betre rusta med naudsynte ferdigheitar før dei går ut i lære.

I skuleåret 2013/14 blei tre utdanningsprogram prioritert: Restaurant- og matfag, Bygg- og anleggsteknikk samt Elektrofag. I inneverande skuleår har vi opna for deltaking i alle fag. Bygg- og anleggsteknikk gjennomfører ein ny modul, rådgivarar får eige tilbod i regi av SYR, og hospiteringstiltak for fellesfaglærarar på Olsvikåsen vgs blir gjennomført hausten 2014.

Prosjekt til fordjuping

Målet med prosjekt til fordjuping er at nettverksbygging mellom skulane og arbeidslivet skal styrke tilbodet i fag- og yrkesopplæringa i skule gjennom å synleggjere samanhengen i det fireårige løpet.

Faget er viktig for å styrke elevane sine kunnskapar om utdanning og yrke, og gi dei eit betre grunnlag for vidare val, både på Vg2 og i lærefag. Resultatet avheng av eit godt samarbeid med arbeidslivet. Fafo-rapporten *Fleksibilitet eller faglighet*¹⁴ konkluderer med at faget gir elevane betre grunnlag for å gjere val. Rapporten konkluderer samstundes med at faget verker motiverande for elevane og at praksis i bedrift i faget er ein viktig arena for å skaffe seg læreplass. Forskinga viser også at overgangen frå skule til læretid blir opplevd som ganske stor for dei fleste.

I Hordaland blir prosjekt til fordjuping ulikt organisert på skulane. Seksjon skule har gjennomført ei kartlegging på nokre skular og bedrifter for å få eit bilde av eksisterande praksis. Hausten 2014 kjem ny forskrift for faget frå Utdanningsdirektoratet. Det blir planlagt ein nasjonal konferanse med prosjekt til fordjuping som tema i april 2015.

Alternative opplæringstilbod

Alternative tilbod i vidaregåande opplæring, som grunnkompetanse (lærekandidatordninga), utvikling av vekslingsmodell og produksjonsskule er aktuelle tiltak også i 2014/15.

Vekslingsmodellen

Vekslingsmodellen er gjennomført med tilbod i Helse- og oppvekstfag på Olsvikåsen vidaregåande skole og i Bygg- og anleggsteknikk på Slåtthaug vidaregåande skole frå hausten 2013. Det har vore stor interesse for tilbodet. Det er tatt inn to grupper i dei same utdanningsprogramma hausten 2014. Andre bransjar/utdanningsprogram har meldt interesse for vekslingsmodellen dersom tiltaket blir vidareført.

¹⁴ <http://www.faf.no/pub/rapp/20274/20274.pdf>

Lærekandidatordninga

I 2013 blei det inngått om lag 50 nye opplæringskontraktar, der to av desse har blitt hevt. Det er 123 opplæringskontraktar per 3.9.2014.

Alle lærebedrifter får informasjon om lærekandidatordninga. Ordninga slik den er i dag, er fleksibel. Ein kan ta ut mål i læreplanen i skule både frå Vg1 og Vg2, og ein kan slik starte opplæringskontrakt i bedrift utan fellesfag eller programfag. For lærekandidatar som går opp til kompetanseprøve og får kompetansebevis, er det mogeleg å opparbeide seg vidare praksis og seinare ta fagbrev som praksiskandidat.

Alle bedrifter blir informert om lærekandidatordninga. Det er forskjell frå bransje til bransje i kor stor grad lærekandidatordninga blir brukt. I eksempelvis barne- og ungdomsarbeidarfaget er det fleire bedrifter som har lærekandidatar, medan i Elektrofag er ikkje ordninga teke i bruk.

Praksisbrevet

I tråd med Meld. St. 20 (2012-2013) På rett vei¹⁵, har Kunnskapsdepartementet tilrådd at ordninga med praksisbrev blir etablert som eit ordinært tilbod innanfor tilbodsstrukturen, og å etablere praksisbrev innanfor fleire fagområde i samarbeid med partane i arbeidslivet. Det er utforma læreplanar for ordninga i 16 lærefag. Kompetansemåla er dei same som for ordinære lærlingar, men talet er redusert og henta frå ulike trinn. I tillegg blir det gitt opplæring i norsk, matematikk og samfunnsfag. Tilbodet gir høve til å gå opp til praksisbrevprøve etter to års opplæring. Mange kandidatar går over i ordinær læretid etter praksisbrevet og fullfører med fullt fagbrev.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak på møte 14.06.14:

«Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på to år, skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.»

Produksjonsskulen

Det er tilsett leiar og tre instruktørar i produksjonsskulen i Hordaland i 2014, «Hyssingen». Målgruppa er elevar som ikkje har søkt eller som har falle ut av vidaregåande opplæring og som treng oppfølging, trening og meistring med mål om å få dei til å fullføre vidaregåande opplæring. Skulen skal ha tilbod i musikk/kulturverkstad, på kjøkken og på bygg- og anleggsverkstad. Skulen har fått lokalar i Møllendalsveien, og har planar om oppstart i november/desember 2014. Målet er å starte med 30 ungdommar.

¹⁵ <http://www.regjeringen.no/pages/38263383/PDFS/STM201220130020000DDDPDFS.pdf>

Læringsmiljø

Et godt læringsmiljø med et inspirerende klasseklime og en anerkjennende og strukturert læringsledelse er understøttende for læring hos alle elever (Mitchell, 2014).

Sitatet oppsummerer mykje av den nasjonale og internasjonale forskinga som er gjort på og om skulane dei siste åra. Det er nettopp dei miljømessige faktorane som utgjør læringsmiljøet:

- Vennskap og relasjonar til jamnaldrande
- Relasjonar mellom elev og lærar
- Læraren si leiing av klassar og undervisning
- Normer og reglar
- Elevsyn og forventningar til læring
- Det fysiske miljøet i skulen
- Samarbeid mellom heim og skule

Det er lett å einast om desse faktorane, dei er sjølvsegte og ikkje oppsiktsvekkande på nokon måte, likevel er det viktig å gå nærare inn på både enkeltfaktorar og samspelet mellom dei når ein skal kartleggje og bidra til utvikling av læringsmiljøet i dei vidaregåande skulane.

Som nemnt i førre tilstandsrapport var Utdanningsdirektoratet då i gang med å kartleggje og samle erfaringar frå heile den 5-årige satsinga «Bedre læringsmiljø». Ei kartleggingsundersøking blei utført på ein stor del av skulane som var med i prosjektet.¹⁶ Ho viser at skulane som har arbeidd systematisk skårar best på indikatorane i undersøkinga.

Det er interessant at lærarane og elevane i undersøkinga har forholdsvis like vurderingar og oppfatningar av læringsmiljøet. Dette styrkar gyldigheita av funna. Resultata tyder på at mange skular har utvikla eit profesjonelt læringsfellesskap, og det er tydeleg at dei skulane som har arbeidd mest systematisk, skårar best på mange indikatorar. Om skulane no har utvikla ein kollektiv kultur, vil denne vere med å føre ei god utvikling vidare.

Prosjekt Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø 2014/15

Utdanningsdirektoratet har lyst ut midlar for 2014/15 til tiltak for betring av læringsmiljø, og HFK var ein av få skuleeigarar som blei tildelt midlar. Desse går til skular som vil utvikle arenaer for *systematisk elevdeltaking knytt til læring*. Skulane vil få særskilt oppfølging, og må dele erfaringane undervegs i nettverk regionalt og på Skulestartkonferansen hausten 2015.

Resultat av utviklingsprosjekt frå andre fylke, til dømes om foreldresamarbeid og innsats mot krenkingar og mobbing vil etter kvart også bli nytta som kunnskapstilfang for eige arbeid med læringsmiljø.

Som nemnt i tilstandsrapport 2012/13 har det systematiske arbeidet hatt høg prioritet det siste skuleåret, og vil fortsetje å ha det framover.

- Skulestartkonferansen 25.-26. september 2014 var ein viktig milestein i arbeidet, der nettopp 'Systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø' var overskrifta for begge dagane. Her var høvesvis rektorar og elevinspektørar målgrupper dag ein og elevrådsstyre og elevinspektørar dag to.
- Skulane er allereie i gang med å følgje opp konferansen og arbeidet med arenaer for systematisk elevmedverknad. Gjennom skulebesøk og system for verksemdbasert vurdering veit vi at skulane har svært positiv erfaring med å involvere elevane i utviklingsarbeidet, men også at dei synest det kan vere vanskeleg å skape systematiske arenaer for det. Det er nettopp dette det nemnde utviklingsprosjektet skal fokusere på.

¹⁶ <http://www.udir.no/PageFiles/87684/Foredrag%20-%20Kartlegging%20av%20Bedre%20laeringsmilj%C3%B8-%20Thomas%20Nordahl.pdf?epslanguage=no>

- Ein grundig gjennomgang av elevinspektøren sine hovudområder og fornying av oppgåvene frå og med hausten 2014 er ein annan viktig faktor i arbeidet. Innsats for betre læringsmiljø er ei hovudoppgåve for elevinspektørane, og skuleeigar prioriterer dette ved å gjere dei sentrale i Skulestartkonferansen og andre samlingar gjennom året.

I tillegg til denne kortfatta drøftinga av læringsmiljø, omgrep, tyding og utvikling av betre praksis, vil dette kapitlet tematisere relasjonar mellom elev og lærar og elev-elev. Det er viktig å byggje og oppretthalde gode relasjonar som både emosjonelt og fagleg er støttande for elevane si utvikling og læring og for lærarane sin profesjonelle praksis. Relasjonar til medelevar og jamnaldrande er også avgjerdande for elevane, og Elevundersøkinga, i tillegg til annan informasjon frå skulane, gir viktig dokumentasjon. Desse temaa blir rapportert på under overskriftene *Mobbing og krenkingar* og *Trygt miljø*. Arbeidet med *Psykososialt skulemiljø* blir også presentert.

Mobbing og krenkingar

Elevundersøkinga er den viktigaste kjelda til informasjon om elevane sine opplevingar av eige arbeidsmiljø. Kombinert med aktiv oppfølging av rutinar og handlingsplikt nedfelt i opplæringslova, har skuleeigar og skulane godt grunnlag for å arbeide førebyggjande og framtidsretta, og å følgje opp situasjonen på den einskilde skulen.

Det blei gjennomført ein revisjon av Elevundersøkinga i 2013, der tal spørsmål blei redusert. Spørsmålet om mobbing er eitt av temaa som er vidareført i revisjonen, slik at tala kan sjåast over mange år. Førekosten av elevar som opplever seg mobba har vore stabil frå 2007 til 2012, men i 2013 er det ein reduksjon frå 5 % til 2,3 %. I analysen av indeksane gjort av NTNU Samfunnsforskning¹⁷, drøftar ein om nedgangen er reell eller om han har metodiske eller andre årsaker. Dette kjem kort fram i avsnitta under.

Mobbing

2,35 % (266 elevar) av elevane som svarte på Elevundersøkinga seier at dei blir mobba 2 til 3 gonger i månaden eller meir. Dette er ein nedgang frå 5,32 % ved sist obligatoriske gjennomføring av Elevundersøkinga våren 2012. Nedgangen ser vi også nasjonalt.

Krenkingar

På ulike formar for krenkingar rapporterer elevane høgare, når ein ser på andel elevar som svarar 2-3 gonger i månaden eller meir. Under er nokre døme på dette. På alle spørsmåla blir elevane spurt om kor ofte den enkelte krenkinga har skjedd i løpet av skuleåret.

	Ikke i det hele tatt	En sjelden gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Flere ganger i uken
Noen gjorde narr av eller ertet meg, slik at jeg ble lei meg					
Hordaland (13 Høst)	74,80%	19,16%	2,70%	1,13%	2,21%

Tabell 26: Elevundersøkinga 2013, *krenkingar*

	Ikke i det hele tatt	En sjelden gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Flere ganger i uken
Jeg ble holdt utenfor					
Hordaland (13 Høst)	73,33%	20,56%	2,71%	1,20%	2,20%

Tabell 27: Elevundersøkinga 2013, *krenkingar*

17

<http://www.udir.no/PageFiles/80366/Mobbing%20krenkelser%20og%20arbeidsro%20i%20skolen.pdf?epslangu age=no>

	Ikke i det hele tatt	En sjelden gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Flere ganger i uken
Noen spredte løgner om meg					
Hordaland (13 Høst)	76,76%	18,47%	2,71%	0,78%	1,28%

Tabell 28: Elevundersøkinga 2013, *krenkingar*

Metodisk i Elevundersøkinga blir spørsmål om mobbing plassert rett etter spørsmål om krenkingar. Det kan ha medført at spørsmålet har blitt sett i ein samanheng som kan ha hatt påverknad på korleis elevane stillar seg til spørsmålet om mobbing. Det kan tenkast at nokre elevar opplever at dei har svart på spørsmålet om krenkingar, og når dei får spørsmål om mobbing, så opplever dei at dette har dei anten svart på, eller at det blir spurt om noko anna enn *krenkingar*.

Om vi ser resultatane på krenkingar i lys av mobbing, ser vi at det er fleire som opplever ein eller fleire typar krenkingar 2 til 3 gonger i månaden eller meir, enn tilsvarande for mobbing. Dette kan tyde på at elevane skil mellom det å oppleve krenking og det å bli mobba. Ein alternativ konklusjon er at i og med at det er fleire som rapporterer om krenkingar to til tre gonger i månaden eller meir, enn tilsvarande for mobbing, er det ein underreportering av mobbing. Samtidig har vi over fleire år sett ein nedgang i andel som blei mobba, både i Hordaland og nasjonalt, og årets undersøking viser derfor at det antakeleg har skjedd ein reell nedgang i mobbing.

Som med tidlegare forskning kring mobbing, finn vi også her at elevane i for liten grad informerer lærarar og skuleleiing om problema. På fleire av spørsmåla rapporterer elevane at skulen ikkje kjenner til det som skjer. Desse resultatane kan skulane nytte til å granske eigen praksis. Korleis kan skulen gripe inn når elevane ikkje fortel? Korleis kan ein bygge tryggare relasjonar? Mykje av dei krenkande hendingane skjer på arenaer der læraren ikkje har kontroll, til dømes ute, i garderobe og toalett, medan ein stor del av erting og plaging skjer i klasserommet. Plaginga skjer i mindre grad på internett/mobil.

Trygt miljø

Trygt miljø er ein annan indikator i undersøkinga som kan utdjupe dette. Analysen av Elevundersøkinga viser at mange elevar seier at det er eit trygt miljø på skulen og at dei har nokon å snakke med dersom det er noko som plagar dei, men det er ei lita gruppe elevar som ikkje synest miljøet er like trygt.

	Alle	De fleste	Noen få	Bare en	Ingen
Reagerer de voksne på skolen når noen sier eller gjør noe ubehagelig/ekkkelt mot en elev?					
Hordaland (13 Høst)	27,74%	45,16%	21,68%	1,97%	3,45%
Finnes det lærere eller andre voksne på skolen som du kan prate med hvis du har behov for det?					
Hordaland (13 Høst)	10,43%	31,12%	37,90%	9,69%	10,86%

Tabell 29: Elevundersøkinga 2013, *trygt miljø*

	Helt uenig	Litt uenig	Verken uenig eller enig	Litt enig	Helt enig
I min klasse gjør vi ikke narr av hverandre hvis noen gjør feil.					
Hordaland (13 Høst)	10,51%	14,67%	18,48%	23,23%	33,12%

Tabell 30: Elevundersøkinga 2013, *trygt miljø*

Systematisk arbeid med psykososialt miljø

Elevane har rett til eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova, kap. 9a. Dei vidaregåande skulane arbeider med elevane sitt psykososiale miljø med tanke på trivsel, tryggleik og sosialt tilhør, her også førebygging av, og tiltak mot mobbing. Opplæringslova § 13-10 seier at skuleeigar og skulane skal ha eit forsvarleg system for å ivareta elevane sine rettar.

- Det er utarbeidd rutinar for skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Rutinane er i kvalitetssystemet.
- I etterkant av tilsynet, jf. tilstandsrapporten 2011/12, blei det etablert eit prosjekt for oppfølging av skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø, og der system for støtte til skulane og system for evaluering og avviksmeldingar var hovudmål. Skulane skal vere godt kjende med, og følgje opp system og rutinar og vite kva støtte dei kan forvente frå skuleeigar. Skuleeigar, skuleleiarar, HMT og organisasjonane er representerte i prosjektet.
- Arbeidet blei presentert for rektorane og elevinspektørane på ei samling i september 2013.
- Elevinspektørane blir følgt særskilt opp med tanke på deira rolle i arbeidet med betring av læringsmiljøet på skulen og for den enkelte elev. Hovudområda er definerte på nytt og dei får tettare oppfølging frå skuleeigar

Helsefremjande skular

Våren 2014 starta planlegginga av pilotprosjekt for helsefremjande skular i Hordaland, og ei skisse til prosjektplan blei utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar frå opplærings- og regionalavdelinga.

Kva skal dette prosjektet gjere annleis enn dei tiltaka skulane alt gjer for å skape god trivsel, helse og godt læringsmiljø? Ein overordna struktur er avgjerande, jf. SHE-nettverket¹⁸, som definerer ein helsefremjande skule som «ein skule som gjennomfører ein strukturert og systematisk plan for helse, trivnad og utvikling av alle elevar, pedagogisk og ikkje-pedagogisk personale.»

Hausten 2014 opna arbeidsgruppa for dialog og samarbeid med ulike kompetansemiljø. Frå fleire hald er forskning tydeleg på at det er ein klår samanheng mellom helsevanar, skulemiljøfaktorar og grad av «livstilfredshet». Det blir understreka at helse og læring er to faktorar som er gjensidig avhengig av kvarandre, og at helse- og opplæringssektoren derfor må ut av *silotenkinga*, og aktivt bruke kvarandre sin kompetanse inn i ei stor samfunnsutfordring. I prosjektet vil det vere viktig å ha eit heilskapleg blick på helse og læring.



Figur 9: Helse og læring

¹⁸ SHE-nettverket: <http://www.schools-for-health.eu/she-network>

Tidsplan for prosjektet

Skuleåret 2014/15:

- Val av prosjektskular, etablere prosjektorganisering, opprette samarbeid med kompetansemiljø
- Forarbeid med å involvere skuleleiinga, skulehelsetenesta, lærarar og elevar, samt andre aktuelle aktørar

Skuleåret 2015/16:

- Prosjektstart og gjennomføring

Skuleåret 2016/17:

- Styringsgruppa, skulane og kompetansemiljø evaluerer prosjektet
- Hordaland fylkeskommune evaluerer organisering og implementering av aktuelle tiltak
- Hordaland fylkeskommune lagar eit utkast til prosjektplan for helsefremjande skule for heile fylket

Tre skular, med ulik profil og storleik, er tenkt inn i pilotering av prosjektet. Opplæringsavdelinga har tilsett ein prosjektleiar.

Pedagogiske innsatsområde for å auke læringsutbyttet

Dei prioriterte tiltaksområda i perioden 2013-2015 er *klasseleiing, vurdering for læring og bruk av IKT i læringsarbeidet*. Områda er valt ut på grunnlag av sentrale styringssignal og våre lokale vurderingar av tilstanden og utfordringane i opplæringssektoren.

Alle skulane må vise korleis dei systematisk arbeider med klasseleiing for betre læring og læringsmiljø, korleis dei systematisk jobbar for å utvikle ein vurderingspraksis som har fokus på vurdering for læring, og korleis dei legg til rette for systematisk utvikling av kompetanse innan praktisk og pedagogisk bruk av IKT. Skulane prioriterer tiltak knytt til områda.

I avsnitta under vil vi sjå utviklinga i tiltaksområda på fylkesnivå.

Klasseleiing – relasjonar lærar-elev og mellom elevar

Klasseleiing er eitt av tre tiltaksområde i HFK som har til hensikt å bidra til auka læringsutbytte og fullføring. Alle skulane har sett i gang ulike tiltak og rapporterer om behov for å arbeide systematisk og over tid.

Mange skular fokuserer på arbeidsro og felles regelhandtering, og det er semje mellom skuleleiing, lærarar og elevar at arbeidsro er viktig for læring og læringsmiljø. Det viser seg at sjølv om nokre av skulane registrerer framgang eitt år, er denne ikkje alltid varig. Sjølv skular som fokuserer særskilt mykje på klasseleiing, opplever tilbakegang på arbeidsro og regelhandtering. Her er resultatata for dei siste fire åra:

Arbeidsro

	Helt uenig	Litt uenig	Verken uenig eller enig	Litt enig	Helt enig
Det er god arbeidsro i timene.					
Hordaland (13 Høst)	7,83%	16,84%	20,27%	35,92%	19,13%
Hordaland (12 Vår)	6,95%	17,44%	24,28%	34,52%	16,81%
Hordaland (11 Vår)	7,27%	17,81%	22,39%	34,51%	18,02%

Tabell 31: Elevundersøkinga 2013, arbeidsro

Ein måte å forklare dette på kan vere å sjå nærare på faren for ein reduksjonistisk tilnærming, som nemnt i førre tilstandsrapport. I nokre av tilstandsrapportane frå skulane kan det sjå ut som skulane ikkje tilstrekkeleg inkluderer elevane som aktørar i eiga læring og læringsmiljø. Eit system som baserer seg på kontroll av elevar meir enn eit verktøy for gode og trygge relasjonar vil ikkje nødvendigvis gi betre resultat. Der elevar vurderer at dei har ein god relasjon til lærarane er kjenneteikna¹⁹ gjennom:

- God emosjonell støtte frå lærar til elev som også knyt seg til faget og læringsprosesser.
- Lærarane har god struktur, er tydelege leiarar og organiserer klassen på ein hensiktsmessig måte. Dei har klare læringsmål og kan variere arbeidsmåtar og aktivitetar.
- Gjennomgåande gode støttande instruksjonar ved at læraren nyttar feedback både til den enkelte elev og til kollektivet

Sjølv om det er fornuftig med konkrete tiltak som kan målast i utviklinga av eit område, er det like viktig å vere medviten om konteksten, at god klasseleiing ikkje kan utøvast utan at relasjonen med eleven og elevgruppa er god. I Elevundersøkinga 2013 er resultatet for deltaking i elevrådsarbeid under *Elevdemokrati og elevmedverknad* betre enn dei to førre åra. Det er positivt og kan tyde på ein samanheng med skulane sine uttala ønske om meir systematisk samarbeid med elevane. Mange skular er i

¹⁹ <http://www.udir.no/PageFiles/87684/Foredrag%20-%20Kartlegging%20av%20Bedre%20læringsmilj%C3%B8-%20Thomas%20Nordahl.pdf?epslanguage=no>

gang med å finne ei best mogeleg organisering av samarbeidet med elevane gjennom elevrådet. Både læringsmiljø, organisering og vurdering av opplæringa er her tema.

Elevdemokrati og elevmedverknad

	I svært stor grad	I stor grad	I noen grad	I liten grad	Ikke i det hele tatt
Legger lærerne til rette for at dere elever kan delta i elevrådsarbeid og annet arbeid som tillitsvalgt?					
Hordaland (14 Høst)	15,53%	37,54%	33,82%	10,68%	2,43%
Hordaland (13 Høst)	15,59%	33,49%	36,04%	11,93%	2,95%
Hordaland (12 Vår)	11,03%	20,97%	35,63%	22,42%	9,94%
Hordaland (11 Vår)	11,96%	21,47%	37,35%	19,81%	9,42%

Tabell 32: Elevundersøkinga 2013, *elevdemokrati og elevmedverknad*

Under er nokre av spørsmåla frå Elevundersøkinga på indikatoren *Støtte frå lærarane*, der resultatane viser at mange elevar seier at dei har lærarar som gir dei støtte og hjelp i skularbeidet, som bryr seg om dei og har tru på dei, men det finst ei lita gruppe elevar som seier at dei ikkje får denne støtta. Ei styrking av arenaer for systematisk elevmedverknad i skulen vil virke førebyggjande og styrke felles kultur på skulen. Dette vil bli følgt opp av skuleeigar.

Støtte frå lærarane

	Alle	De fleste	Noen få	Bare en	Ingen
Opplever du at lærerne dine bryr seg om deg?					
Hordaland (13 Høst)	17,78%	52,51%	23,99%	3,19%	2,53%
Opplever du at lærerne behandler deg med respekt?					
Hordaland (13 Høst)	30,89%	48,67%	16,06%	2,58%	1,79%
Når jeg har problemer med å forstå arbeidsoppgaver på skolen, får jeg god hjelp av lærerne					
Hordaland (13 Høst)	25,45%	50,43%	20,09%	2,41%	1,62%

Tabell 33: Elevundersøkinga 2013, *støtte frå lærarane*


Vurdering for læring

Alle skulane må vise korleis dei jobbar systematisk for å utvikle ein vurderingspraksis som har fokus på vurdering for læring. Tiltak skulane set i verk skal leggje vekt på følgjande prinsipp som er forankra i forskrift til opplæringslova.

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Elevane skal vere involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga fagleg utvikling.

Gjennom verktøyet PULS har vi for første gong aggregerte data frå undervisningsevalueringa. Det vil seie at vi får samla resultat som viser korleis elevane vurderer undervisninga innanfor ulike utdanningsprogram. Sidan dette er første året med aggregerte data vil det ikkje vere tal som viser utvikling over tid.

Det er positivt at ein stor del av elevane gir talverdi 5-6 på område som forskning peikar på som vesentlege viss vurdering skal virke læringsfremjande. Mellom 44 og 47 % av elevane meiner at dei i stor grad får informasjon om kva dei skal lære, og tilbakemeldingar som viser kva dei lukkast med, og kva dei må gjere for å lukkast betre i framtida. Berre mellom 12 og 15 % av elevane gir talkarakter 1 og 2 på same spørsmål.



Figur 10: Undervisningsevalueringa 2014. Vurdering for læring.

I tråd med funn i Elevundersøkinga viser svara i figuren over at ein noko mindre del av elevane opplever at dei får høve til å delta i vurdering av eige arbeid. Det er også noko færre som rapporterer at tilbakemeldingane motiverer dei/fører til at dei lærer meir i faga. Om lag 20 % gir lågaste talverdi 1-2 i desse spørsmåla.

Elevmedverknad i læringsarbeidet var derfor hovudtema på skulestartkonferansen med elevråd, elevinspektørar og rektorar i september 2014. I skuleåret 2014/15 er det også fleire skular som skal prøve ut modellar for systematisk arbeid med elevmedverknad i læringsarbeidet gjennom det verksemdbaserte utviklingsarbeidet. I tillegg har opplæringsavdelinga lyst ut midlar til eit prosjekt der fem skular skal gå saman i eit læringsfellesskap og prøve ut modellar for systematisk elevmedverknad i læringsarbeidet.

Den nasjonale satsinga Vurdering for læring (2010-2014) har hatt som målsetting å vidareutvikle lærarane og instruktørane sin vurderingspraksis gjennom auka kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for læring. Det vart lagt fram ein OECD-rapport²⁰ i oktober 2013 som gir eit godt bilete av kompleksiteten i utviklingsarbeid generelt, og som gir anbefalingar til nasjonalt og lokalt styringsnivå når det gjeld strategiar for vidareføring av satsing på vurdering. Rapporten anbefalar mellom anna å:

- Halde fram med å leggje til rette for kommunikasjon og tillit mellom dei ulike nivåa i utdanningssystemet.
- Nytte elevane sine tilbakemeldingar på undervisningspraksis som ein pådrivar i arbeidet med vurdering for læring.
- Hjelpe mindre kommunar til å sjå samanhengar og prioritere mellom ulike satsingar.
- Utvikle ein bærekraftig implementeringsstrategi mellom anna gjennom kapasitetsbygging.

Bruk av IKT i læringsarbeidet

Bruk av IKT i læringsarbeidet har som hensikt å bidra til auka læringsutbytte og fullføring. For perioden 2013-2015 er det vidare spesifisert at alle skulane må vise korleis dei legg til rette for systematisk utvikling av kompetanse innan praktisk og pedagogisk bruk av IKT, og korleis bruk av IKT fremjar læring for eleven. Krav til lærer og elev er vidare spesifisert i styringsdokumentet.

Data og informasjonsskjelder som ligg til grunn for tilstandsvurderinga er undervisningsevalueringa våren 2014, dei skulevise tilstandsrapportane, tilbakemelding gjennom PDS (Pedagogisk Digitalt Støttesystem) og resultat frå pågåande læringsprosjekt. Elevundersøkinga inkluderer ikkje lenger spørsmål om bruk av IKT.

Undervisningsevalueringa 2014 inkluderer følgjande fire påstandar om bruk av IKT i faga. 73 % av elevane har svart på påstandane. Resultat av undersøkinga ser vi i tabellane under.

Svaralternativ 1 tydar Heilt ueinig og 6 tydar Heilt einig.

Påstand 1: Eg har fått tilstrekkeleg opplæring i bruk av digitale verktøy

1	2	3	4	5	6	Ikkje sikker
7,37%	7,14%	13,49%	22,37%	21,59%	19,94%	8,08%

Tabell 34: Undervisningsevalueringa 2014, IKT i læringsarbeidet

Påstand 2: Eg blir meir motivert for skularbeid med bruk av digitale verktøy

1	2	3	4	5	6	Ikkje sikker
7,1 %	7,42%	14,17%	23,78%	21,98%	18,49%	7,06%

Tabell 35: Undervisningsevalueringa 2014, IKT i læringsarbeidet

Det har ikkje vore gjennomført undersøkingar som direkte måler elevane sine digitale ferdigheiter, men ut i frå påstand nr. 1 les vi at 64 % av elevane er litt einig, einig eller heilt einig i at dei har fått tilstrekkeleg opplæring i bruk av digitale verktøy. Resultata indikerer at opplæring av elevane sine ferdigheiter varierer noko, men at fleirtalet av elevane ser på opplæringa og egne ferdigheiter som tilfredsstillande.

²⁰

<http://www.udir.no/Upload/Rapporter/2013/Norwegian%20GCES%20case%20study%20OECD.pdf?epslanguage=no>

Påstand nr. 2 viser om lag same fordeling som spørsmål 1. Frå tidligare undersøkingar i Hordaland og resultat frå forskning på IKT og læring veit vi at god bruk av digitale verktøy i undervisninga bidreg til auka motivasjon og læring. Vi tolkar derfor spørsmålet i undervisningsevalueringa som ei vurdering av kvalitet på bruk av digitale verktøy i undervisning i fag, snarare enn kva elevane meiner om bruk av digitale verktøy generelt.

Ser vi resultatane på tvers av utdanningsprogram og skulane i Hordaland, så ser vi at skulane ikkje er kome like langt. Her veit vi av erfaring at elevar på enkelte utdanningsprogram er meir kritisk til bruk av IKT, samtidig som at digitale verktøy meir naturleg lar seg integrere i visse fag.

Påstand 3: Læraren min bruker digitale verktøy på ein måte som gir betre læring for meg

1	2	3	4	5	6	Ikkje sikker
7,04%	7,75%	14,28%	22,69%	23,04%	18,02%	7,18%

Tabell 36: Undervisningsevalueringa 2014, IKT i læringsarbeidet

Påstand 4: Læraren min bruker It's Learning aktivt til å leggje ut planar/informasjon

1	2	3	4	5	6	Ikkje sikker
3,75%	4,44%	9,41%	17,52%	25,98%	35,61%	3,29%

Tabell 37: Undervisningsevalueringa 2014, IKT i læringsarbeidet

Som vi ser i påstand 3 og 4, svarar 64 % av elevane at læraren bruker digitale verktøy på ein måte som gir auka læring, medan om lag 80 % meiner at læraren bruker *It's Learning* aktivt til å leggje ut planar og informasjon.

Dei skulevise tilstandsrapportane, kartlegging av digital grunnkompetanse og direkte tilbakemelding gjennom PDS, viser også at lærarane sine digitale ferdigheiter framleis varierer. Bruken av *It's Learning* er tilfredsstillande, men det er framleis stor variasjon frå fag-til-fag og lærar-til-lærar i høve til kor godt bruk av IKT er integrert i fag. Skulane presiserer at opplæring av pedagogisk tilsette er eit kontinuerleg behov. Dette syner at det framleis er behov for å satse på digital grunnkompetanse som eit minstekrav til verktøykompetanse for pedagogisk tilsette.

På nettstaden <http://www.digitalskule.no/digital-grunnkompetanse/> finn skulane læringsressursar og naudsente reiskap for å kartleggje og følgje opp pedagogisk tilsette.

Auka motivasjon gjennom læringsprosjekt

Satsinga på målretta utviklingsarbeid og organisering av læringsprosjekt ser ut til å fungere godt. Skulane rapporterer at prosjektarbeid med tydelege målsetjingar skapar engasjement og kollektiv verksemd. Prosjektarbeid har også tilført skulane auka digital kompetanse.

Betre formativ vurdering og eigenvurdering i praktiske fag

Skular som har sett i verk læringsprosjekt med bruk av nettbrett i praktiske fag (t.d. kroppsøvnings- og idrettsklassar, Musikk, dans og drama, og Teknikk- og industriell produksjon) rapporterer at bruk av nettbrett bidreg til at elevane får meir presise tilbakemeldingar. Bruk av nettbrett til filming og felles og individuell gjennomgang av elevane sitt praktiske arbeid, bidreg til tydelegare undervegs- og framovermeldingar, og auka eigenvurdering. I tillegg til auka eigenvurdering blant elevane, har opptak av undervisnings- og vurderingssituasjonar også bidrege til at lærarar får sett seg sjølve og ønskjer å betre eigen kommunikasjon og undervisning.

Fleire skular set no i verk læringsprosjekt der ein ser vidare på mogelegheiter for tilpassa opplegg i kroppsøvningsfaget. Korleis ein ved hjelp av digitale hjelpemiddel kan støtte elevar som av ulike årsaker ikkje er motivert for faget er eit spørsmål vi vil jobbe med framover. Korleis elevar kan unngå eksponering i større grupper gjennom faglege opplegg ved hjelp av digitale verktøy, der ein kan trene åleine eller i mindre grupper og framleis få støtte og vurdering frå lærar, er forhold vi ønskjer å stimulere skulane til å utforske.

Betre tilpassa opplæring

Skular som har sett i verk læringsprosjekt der lærarar utviklar undervisningsvideoar i fag rapporterer om auka aktivitet i faga og at elevane gir gode tilbakemeldingar på undervisningsopplegga. Elevane kan gjennomgå undervisninga i eige tempo og få meir støtte av lærar i klasserommet. Undervisning i klasserommet blir også opplevd som meir variert og effektiv. Elevar som grunna sjukdom har falle ut av undervisninga på skulen har kunne halde tritt ved å sjå læraren sine videoar og arbeide seg inn igjen.

IKT og spesialpedagogisk arbeid

Skular som har sett i verk læringsprosjekt med bruk av iPad i HTA- og HTH-klasser rapporterer at bruk av film med opptak av elevane sin aktivitet bidreg til at elevane blir meir fokusert og meir motiverte. For denne gruppa har det også ein pedagogisk effekt å sjå opptaket etterpå, der læraren samtalar med eleven om utføring av aktiviteten. Skulane rapporterer også at nettbrett og godt utval av *apps* bidreg til auka læring og kontakt mellom skule og heim.

Skuleleiing

Skuleleiing er eit eige satsingsområde innan den digitale satsinga. Støttesystemet PDS blei i 2013 utvida til å inkludere også ein skuleleiar med særskilt ansvar for IKT-satsinga på kvar skule. Dette har styrka satsinga på skulane og samarbeidet med opplæringsavdelinga. Fagsamlingar dette skuleåret viser at det likevel er behov for å involvere heile leiinga på skulane i overordna diskusjonar rundt skuleleiing med IKT, samt å fokusere på digital grunnkompetanse som minstekompetanse også for leiarar med pedagogisk ansvar. Skular som til no har sett i verk læringsprosjekt innan skuleleiing rapporterer om auka digitale ferdigheiter i administrasjonen, og at bruk av samhandlingsplattformer, som t.d. OneNote og Google, har bidrege til betre dokumentbehandling og betre kommunikasjon. Vi ser at bruken av desse verktøya i skuleleiinga no spreier seg raskt til andre skular. Nye prosjekt på skuleleiing er derfor eit tiltak vi ønskjer å stimulere skulane til å setje i verk.

Spesialpedagogisk arbeid

Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har individuell rett til spesialundervisning. Før det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning skal skulen kartleggje, vurdere og eventuelt prøve ut nye tiltak innafør ramma av tilpassa opplæring. Enkeltvedtak om spesialundervisning skal vere basert på ei sakkunnig vurdering som blir utarbeidd av OT/PPT. Skulen lagar ein individuell opplæringsplan (IOP) som viser mål, innhald og organisering i spesialundervisninga for kvar elev. Eleven si måloppnåing skal evaluerast i ein årsrapport.

Opplæringsavdelinga har som mål for spesialundervisninga å:

- sikre høg kvalitet på spesialundervisning, dokumentasjon og sakshandsaming
- sikre eit system for vurdering og oppfølging av elevar med vedtak om spesialundervisning

Elevar med vedtak om spesialundervisning

Skuleår	Tal elevar	% av totalt elevtal
2010/11	897	5,1 %
2011/12	1040	5,8 %
2012/13	823	4,8 %
2013/14	880	4,9 %

Tabell 38: Elevar med vedtak om spesialundervisning. NSSU og Vigo, 2014.

Tala for skuleåret 2013/14 viser ein liten auke i talet på elevar som får spesialundervisning samanlikna med førre skuleår. Dette kan ein forklare med at det er fleire elevar som har omfattande behov for tilrettelegging, og som får opplæring i små grupper (arbeidslivstrening HTA og kvardagslivstrening HTH).

Elevar som får undervisning i desse gruppene (HTA, HTH) gjennomfører i stor grad planlagt løp. Blant elevar med planlagd grunnkompetanse i HT-grupper er det om lag 9,8 % sluttarar. Av desse er det 22,8 % jenter og 77,2 % gutar. Talet gjeld dei som slutta grunna stort fråvær, feilval, låg motivasjon, fagvanskar og «ikkje oppgitt grunn».

Gjennomførte tiltak 2013/14

Opplæringsavdelinga gjennomførte i skuleåret 2013/14 fleire tiltak for å kvalitetssikre det spesialpedagogiske tilbodet i skulane. Desse blir presentert i avsnitta under.

1. Kompetanseheving innan spesialundervisning

Opplæringsavdelinga har arrangert seminar om lovverket og saksgangen som ein oppfølging av prosjektet om spesialundervisning utført skuleåret 2012/2013. Seminara fann stad på dei vidaregåande skulane som ikkje hadde fått opplæring året før. Lærarar frå om lag 14 skular saman med sakshandsamarane i OT/PPT har tatt del. Rektorar frå alle skular som har elevar med behov for spesialundervisning har også fått opplæring om enkeltvedtak i eigne seminar.

2. Ny inntaksforskrift

Opplæringsavdelinga har i store deler av året arbeidd med å implementere den nye forskrifta om inntak. Arbeidet inkluderte utvikling av nye informasjonshefter og søknadsskjema, rettleiing av søkjarar og samlingar med rådgivarane på ungdoms- og vidaregåande skular. Avdelinga laga også forslag til den lokale inntaksforskrifta i lag med fylka i sør-vest samarbeidet.

3. Arbeid med Nordahl Grieg vgs., avdeling sykehuskole og Klokkarlia

Avdeling sykehuskole gir opplæring til pasientar etter opplæringslova §13-3a, og avdeling Klokkarlia til barn og ungdom som er busett i barnevernsinstitusjon etter §13-2. Inntaksprosedyrar blei implementert på begge avdelingane som ei oppfølging av arbeidet som starta førre skuleåret.

Opplæringsavdelinga hadde fleire seminar med lærarane på sjukehuskulen i løpet av året med mål å utvikle felles fagleg praksis. Opplæringsavdelinga hadde også tett samarbeid med Bufetat med mål å betre samarbeidsrutinane mellom HFK og barnevernsinstitusjonar.

4. Tilsyn

Våren 2014 oppretta Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune om opplæring for barn i grunnskulealder som bur i barnevernsinstitusjon etter § 13-2. Den endelege rapporten frå tilsynet låg føre i juli 2014. Tilsynet undersøkte fem hovudområde og fant at to av fem krav ikkje er oppfylt.

Opplæringsavdelinga arbeider no med å endre rutinar etter dei forholda som fylkesmannen peika på. Viktige endringar blir:

- Klårare samarbeidsrutinar mellom HFK og kommunane for systematisk oppfølging av elevane
- Interne rutinar for vurdering og resultatoppfølging

5. Bergen Katedralskole, avdeling Kyrre

Avdelinga gir opplæring for elevar med psykiske og sosioemosjonelle vanskar. Opplæringsavdelinga har i samarbeid med avdeling Kyrre laga klårare rutinar for inntak med mål om å sikre skuleplass til dei som har rett til det. Det er enno ikkje gjort endringar i samband med relokaliseringa (jf. skulebruksplanen).

6. Elevar med behov for pleie-/medisinskfagleg oppfølging i løpet av skuledagen

Opplæringsavdelinga ser på ansvar og roller når det gjeld elevar med omfattande behov for pleie-/medisinskfagleg oppfølging i skulen. Saman med fylka i sør-vest samarbeidet er det utvikla eit kartleggings skjema for slike behov. Opplæringsavdelinga arbeider også med å få på plass ein avtale med Bergen kommune om systematisk oppfølging av desse elevane.

7. Rettleiar om spesialundervisning

Arbeidet med rettleiarer er planlagt fullført i løpet av hausten 2014.

Utfordringar og konsekvensar for vidare arbeid

Utfordringar

- Få på plass samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket for elevar med behov for pleie- og medisinskfagleg oppfølging i løpet av skuledagen
- Sikre at skulane har kompetanse og kontinuitet i arbeidet med spesialundervisning

Konsekvensar/tiltak for komande år

- Utarbeide system for kartlegging og oppfølging av elevar med behov for pleie- og medisinskfagleg oppfølging i løpet av skuledagen. Sør-vest samarbeidet fortsett med utvikling av felles rutinar
- Etablere nettverk for ressurspersonar med særleg ansvar for spesialundervisning på dei ein-skilde skulane
- Utarbeide lokale læreplaner tilpassa elevar som får opplæring i små grupper (HTA, HTH)

Vidaregåande opplæring for vaksne

Fylkeskommunen har som hovudmål at vaksne i Hordaland skal få tilbod om å fullføre vidaregåande utdanning. Ved inngangen til 2013 stod i alt 36 970 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, anna yrkeskompetanse eller studiekompetanse (SSB).

Kursplassar, gjennomføring og fråfall

Skuleåret 2013/14 var det 1355 nye kursplassar i vaksenopplæringa, fordelt på 17 undervisningsstader. Det blei undervist i 22 yrkesfag, samt studiespesialiserande og fellesfag.

2013/14	Helsefag	Studiespesialiserande	Andre yrkesfag	Totalt
Kursplassar	439	566	350	1355
Sluttarar	99	168	70	337
Gjennomført	77 %	70 %	80 %	75 %

Tabell 39: Tal på nye kursplassar og sluttarar skuleåret 2013/14. HFK, 2014.

Omgrepet «gjennomføring» er noko vanskeleg å nytta i vaksenopplæringa av ulike grunнар. For det første er det mange av dei vaksne som deltek som praksiskandidatar – det vil seie at dei må bestå ei tverrfagleg eksamen og så dokumentere fem års relevant praksis for å kunne melde seg opp til fagprøven. Dette betyr at dei ikkje har fullført ønska kompetanse før fleire år etter at dei har fått undervisning gjennom vaksenopplæringa. For det andre har praksiskandidatane status som privatistar, noko som betyr at dei kan avslutta opplæringa, og likevel gå opp til eksamen.

Læringsmiljø

Vaksenopplæringa har ei eiga «elevundersøking» der dei vaksne blant anna svarar på i kva grad dei er nøgd med undervisninga, det faglege nivået, læringsmiljøet, og om dei blir mobba. Spørsmåla er knytt til kvart enkelt fag slik at skulane kan nytta svara som eit reiskap til å evaluere kvaliteten på det enkelte fag. Kvart år sender kvart vaksenopplæringscenter ein rapport der dei kommenterer resultat frå brukarundersøkinga, samt karakternivå, fråfall og faglege- og organisatoriske utfordringar. Eventuelle problem blir tatt opp med den enkelte skulen.

God regional utvikling

Arbeidsgivar har ein nøkkelrolle som motivator og tilretteleggar for at tilsette skal kunne ta vidaregåande opplæring. Vidaregåande opplæring for vaksne er derfor eit løft for den enkelte, for verksemda og for regionen som får tilført naudsynt kompetanse innan ulike bransjar. Tabellen nedanfor viser at vaksenopplæringscentra tilbyr regionane opplæring innan alle fagområde.

Region	Senter for vaksenopplæring	Studiespesialiserande	Helsefag	Yrkesfag
Stor-Bergen	Bergen Katedralskole	X		
	Årstad vgs			X
	Lønborg vgs		X	
	Åsane vgs		X	X
Nordhordland	Knarvik vgs	X	X	
	Hardanger og Voss			X
	Voss vgs	X	X	
Sunnhordland	Kvinnherad vgs		X	X
	Stord vgs	X	X	X

Tabell 40: Tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne i dei ulike regionane i Hordaland i skuleåret 2013/14. HFK, 2014.

Kurstilboda er tilrettelagt for vaksne. I dei studiespesialiserande faga tilbyr vaksenopplæringsentra rettleiing ved studiestart og undervegs m.a. for å sikre høveleg studiebelastning. Det handlar ofte om å fordele fag over fleire år i staden for å gjennomføre opplæringa normert på eitt år, eventuelt å ta nettbasert opplæring. Opplæringsstilboda i Hordaland er elles lagt så nær brukar som råd og fordelt over få vekedagar, eventuelt på kveldstid for nokre yrkesgrupper.

Læringsresultat

Innan yrkesfag tek dei vaksne ein sentralt gitt eksamen for lærlingar og praksiskandidatar i privatist-systemet. Gjennomsnittskarakteren er 3,2. Innan studiespesialiserande fag får dei vaksne både standpunkt-karakterar og karakterar frå lokalt gitt eksamen. Tabellane under viser gjennomsnittskarakter innan høvesvis yrkesfag og studiespesialiserande fag og fellesfaga skuleåret 2013/14.

Utdanningsprogram	Snitt 1-6		Snitt 1-6
Naturbruk	4,52	Standpunkt, alle fag	3,9
Elektrofag	3,56	Eksamen, alle fag	3,2
Teknikk og industriell produksjon	3,14		
Helse- og oppvekstfag	2,99		
Service og samferdsel	2,99		
Bygg- og anleggsteknikk	2,77		
Restaurant- og matfag	2,67		
Design og handverk	2,00		
Alle	3,21		

Tabell 42.

Tabell 41 og 42: Læringsresultat yrkesfag og studiespesialiserande fag. HFK, 2014.

Vaksenopplæringa består av ei variert gruppe vaksne med ulik bakgrunn, motiv og erfaringsgrunnlag. Nokre grupper har til dels låge eksamensresultat og høg strykprosent. Helsearbeidarfaget, som er det mest populære faget, har eit karaktersnitt på 2,23 og 33 % stryk. Ambulansefaget hadde i 2013 tilsvarende strykprosent. I faga Gartnarnæring og Landbruk var det totalt eit snitt på 4,9 og stryk på 1 eksamen (1,7 %).

Vi har ikkje fullgode svar på dei store forskjellane. I dei to nemnte faga har dei ulik eksamensform, høvesvis ein tverrfagleg eksamen og avsluttande skuleeksamen. Ulike fag tiltrekk seg også vaksne med ulik bakgrunn. Men ein kan også sjå skulevise forskjellar innan same fag – der to ulike skular hadde snitt på høvesvis 3,24 og 1,57 innan Helsearbeidarfaget. Desse forskjellane er noko vaksenopplæringa tek tak i og jobbar med gjennom kvalitetssikringssystemet vårt.

Minoritetsspråklege elevar i vaksenopplæringa

Sentrumskulane har generelt hatt størsteparten av minoritetsspråklege søkjarar, då primært innan helsefaga og studiespesialiserande fag. Dei siste åra har dei regionale sentra fått stadig fleire minoritetsspråklege søkjarar i ulike fag. Det er ikkje noko krav i opplæringslova at ein må ha gode norsk-kunnskapar for å ha rett til vaksenopplæring. Det er heller ikkje heimel i opplæringslova til å gi minoritetsspråklege vaksne ekstra norskundervisning. Vaksenopplæringa i Hordaland brukte i 2013 om lag 2 mill. kr. i ekstraløyvingar for tiltak retta mot minoritetsspråklege. Døme på tiltak er innføringsklassar med grunnleggjande norsk eller ekstrakurs med norskundervisning eller yrkesnorsk for minoritetsspråklege.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

November 2014. Opplæringsavdelinga.



Arkivnr: 2014/10030-17

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		25.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		02.12.2014
Fylkesutvalet		04.12.2014
Fylkestinget		09.12.2014

Avklaring av vidaregåande skular i Åsane.

Samandrag

Sommaren 2014 vart programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs midlertidig stoppa for å få ei avklaring rundt følgjande forhold:

- Integrering av fengselsundervisninga si avdeling Fossane ved Nye Åsane vgs
- Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs
- Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kvar det eventuelt er mest tenleg å byggje idrettshall i fylkeskommunal regi
- Fordeling av fagtilbod på Tertnes vgs og Åsane vgs

Denne saka legg opp til ei avgjerd rundt desse punkta slik at grunnlaget for det vidare programmeringsarbeidet i Åsane er best mogleg avklart når det startar opp igjen i januar 2015.

Forslag til innstilling

1	I det vidare programmeringsarbeidet for nye Åsane vgs skal det leggst til grunn ei integrering av avdeling Fossane. Representantar frå Kriminalomsorga må involverast i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Vidare ser fylkesrådmannen det som tenleg at skulen i si bemanning har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.
2	Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsssenter for byggfag skal inkluderas i den vidare planlegginga av skulen. Parallelt med programmeringa av skulen skal det gjerast ein gjennomgang av tilbodsstrukturen i Stor-Bergen innan yrkesfaga.
3	Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs blir framskunda til 2016 slik at arbeidet er ferdig før Nye Åsane vgs vert teken i bruk. I samband med dette arbeidet blir det bygt ny idrettshall på Tertnes. ID blir flytta frå Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Tilbodet på skulane blir som vist i tabell i saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.11.2014

Innleiing

I sak 205/14 i Fylkesutvalet 24.09.2014 om oppfølging av skulebruksplanen vart det gjort følgjande vedtak i høve til mellombels stopp i programmeringsarbeidet for nye skular i Åsane:

«Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:

- i. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs*
- ii. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen*
- iii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.*
- iv. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.»*

Denne saka legg opp til ei avgjerd rundt desse punkta slik at grunnlaget for det vidare programmeringsarbeidet i Åsane er avklart når det startar opp igjen i januar 2015.

Integrering av avdeling Fossane ved nye Åsane vgs

[Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 2f:](#)

«(...) Fengselsundervisninga vert organisert på same vis som før og innslusingsavdelinga held fram i lokala på Fossane som i dag. (...)».

Skulen med rektor og avdelingsleiar for Fossane har tatt initiativ til at dette spørsmålet blir vurdert på nytt igjen i samband med planlegginga av den nye skulen i Åsane. Eit viktig argument for å vurdere dette er erfaringar som er gjort ved nye Steinkjær vgs, som stod ferdig hausten 2012. Denne skulen har integrert innslusingsavdelinga Furuskogen som ein del av den ordinære skulen. Tidlegare har ein i liten grad hatt relevante døme av dette slaget å samanlikne med som grunnlag for å kunne ta ei avgjerd. Hausten 2014 har det difor vore gjennomført eit arbeid for å sjå på dette på nytt. Det er gjennomført to studieturar til Steinkjær for å sjå på dei erfaringane som er gjort der. Arbeidet er gjort i tett dialog med Bergen fengsel, og det er gjennomført drøftingar med Fylkesmannen i Hordaland, som har nasjonalt ansvar for fengselsundervisninga.

Opplæring i kriminalomsorga - Målgruppe og elevgrunnlag.

Ei stor gruppe innsette har rett til opplæring etter opplæringslova anten til vidaregåande opplæring eller vaksenopplæring. Opplæringslova med forskrifter regulerer kva retten til opplæring inneber også innanfor kriminalomsorga. Innsette med ungdomsrett har til dømes rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram, medan innsette med vaksenrett har rett til ei opplæring som kan føre fram til ønskt sluttkompetanse.

Mange med ungdomsrett eller vaksenrett ønskjer å nytta seg av retten til opplæring, men tek ikkje del i eit opplæringstilbod. Tilgang til opplæring og eit opplæringstilbod i tråd med behov til den innsette og arbeidsmarknaden kan gje lågare tilbakefall til kriminalitet og betre tilbakeføring til samfunnet. (Tilstandsrapport del 1, s. 27, Fylkesmannen i Hordaland 2013) Tverrsnitt av samfunnet – ikkje skape høgare terskel for å ta del i opplæring og utdanning – heller lågare.

Fylkeskommunane har ansvar for at innsette får retten til opplæring oppfylt, og i Hordaland er opplæring i kriminalomsorga lagt til Åsane vidaregåande skule. Undervisninga for innsette er lagt til Bergen fengsel, Bjørgvin fengsel og Ulvsnesøy. Avdeling Fossane er ei utslusings- eller oppfølgingsavdeling under «paraplyen» *Opplæring i kriminalomsorga*. Målgruppa ved denne avdelinga er elevar som anten har

frigangsordning, er i opne avdelingar/bueiningar, er i den siste delen av soninga eller ønskjer å fullføre opplæring som er påbyrja under soning. Det kan også vere elevar knytt til Narkotikaprogram med domstolsprogram (ND), tidlegare elevar som vil prøve på nytt eller få hjelp til å kome vidare. Frigangsordninga inneber låg grad av risiko.

Fossane gir undervisning i fellesfaga og enkelte programfag, og det er samarbeid med vaksenopplæringa, m.a. ved Bergen Katedralskole. Avdeling Fossane har i tillegg rettleiingstilbod og rådgjeving i samband med søknad om skuleplass, lære-plass eller fast arbeid. Det er etablert kontakt og samarbeid med bedrifter.

Avdelinga Fossane ligg i dag ca. 1,5 km frå skulen og held til i leigde lokale på om lag 800 kvm. Den årlege leiga er på ca. 1,3 mill. kr

Litt om aktiviteten på Fossane

- Kriteria for å få kome til Fossane er ei eller anna tilknytning til kriminalomsorga – innsette på frigang, lauslatne, folk på alternative soningsformer (heimesoning, EK (fotlekkje) -soning osv.)
- Det er i snitt om lag 12 deltakarar om dagen
- Dei fleste har oppfølging frå eininga når dei ikkje er på Fossane.
- Maks timetal er 25 timar i veka. Snitt -timetalet er vanskeleg å berekne, men ligg på ca. 15 timar i veka. Når deltakarane er til stades, har dei heile dagar frå seinast kl. 0900 til kl. 1400
- Opplegget er ei blanding av undervisning og eigenstudie.
- Måla er vanlegvis å tette hol i utdanninga, praksiskandidateksamen, arbeide mot fagbrev, få skrive CV, grunnleggjande innføring i IKT, eksamensførebuing osv.
- Opplegget for dei som er på Fossane er særskilt individuelt tilrettelagt.
- Målsettinga er ei normalisering mot samfunnet, overgang til praksisplassar, lære-plassar, skuleplassar, tilrettelagde arbeidsplassar osv.
- Fossane representerer ein overgang.
- Ingen registrerte skadar eller særskilte hendingar inneverande år.

Lovfesta rettar

Retten til opplæring er heimla i opplæringslova kap 3 Vidaregåande opplæring, kap 4 Vidaregåande opplæring i bedrift og 4A Opplæring spesielt organisert for vaksne.

Opplæringslova kap 9A omhandlar retten til helse, trivsel og læring som gjeld alle elevar. Omsynet til eit trygt skule- og læringsmiljø må vurderast i høve til spørsmålet om korleis samlokalisering kan verke inn på skulemiljøet.

Fylkeskommunen har som skuleeigar ansvar for opplæringstilbodet og forsvarleg system for å ivareta elevane sine rettar etter opplæringslova. Kriminalomsorga har ansvar for vurdering av tryggleik i høve til kvar enkelt deltakar som ønskjer å ta del i opplæringstilbodet. Både risikovurdering når det gjeld enkeltpersonar og målgruppevurdering er fengselet sitt ansvar. Fengselet samarbeider med skulen om deltaking og gruppesamansetting, og det er viktig med oppfølging og tilbakemeldingar om læringssituasjon og utvikling for den enkelte og for gruppa. Eventuell samlokalisering av denne opplæringa med den vidaregåande skulen vil kunne verke inn på fengselet si risikovurdering og kva kriterium som må leggjast til grunn for å ivareta tryggleiken. Kriminalomsorga har vidare ansvaret for tilfredsstillande undervisningslokale, jf. rundskriv G1/2008 om *Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga*. Tilgang til og kvalitet på lokale til opplæring/undervisningsrom påverkar opplæringstilbodet både når det gjeld omfang og kvalitet.

Mål for opplæring

Retten til opplæring er knytt til gjeldande læreplanar og ønske om sluttkompetanse. Oppfyljing av retten til opplæring, tilbakeføring til samfunnet og eit liv utan kriminalitet er grunnleggjande prinsipp for arbeidet. Samlokalisering av avdeling Fossane med Nye Åsane vidaregåande skule gjer det mogleg å leggje til rette for eit godt opplæringstilbod med integrering innanfor trygge rammer.

Eventuell etablering av Opplæringskontor i den nye skulen gir godt høve for samarbeid om TAFU-modellen. TAFU står for tilbakeføring, arbeid, fritid og utdanning, og dette er ein modell det blir vurdert å opprette i Hordaland. Frå før eksisterer modellen i Rogaland og Troms, men i det siste fylket avviklar ein modellen.

Fordelar og utfordringar med samlokalisering

Spørsmålet om samlokalisering må vurderast grundig med tanke på om det vil gi rammer som kan bidra til styrking av opplæringstilbodet og betre tilbakeføring til samfunnet for elevgruppa som i dag høyrer under avdeling Fossane. Ivaretaking av arbeidsmiljøet for tilsette og tryggleik for alle i skulesamfunnet er også grunnleggjande i vurderinga av samlokalisering.

Samlokalisering vil gi rammer som vil vere positive for skulen i høve til å ivareta samfunnsoppdraget og rolla som opplæringsinstitusjon. Brukarane vil kunne kjenne at dei er i ei meir normalisert og inkluderande ramme i ein vidaregåande skule enn om dei er i ei eiga avdeling med anna plassering. Brukarane skal etter ferdig soning ikkje gøymast bort, men integrerast i samfunnet att. Nokre av brukarane vil også vere ferdige med soning, men har behov for oppfølging i etterkant eller tid til fullføring av utdanning dei har teke til med. Samlokalisering inneber at opplæringa er tettare på hovudskulen. Dette kan gi samdriftsfordelar når det gjeld lærarstillingar og fagtilbod. Det vert lettare å få inn lærarar med ulik kompetanse til avdelinga etter behov. Fleksible lærarressursar og stort yrkesfagtilbod gir eit solid grunnlag for å gi best mogleg opplæringstilbod til ei samansett gruppe elevar/brukarar. Ein vil ha eit stort personale å spele på lag med. Ein får ein felles identitet med hovudskulen, og faren for utvikling av "subkultur" blir mindre. Ein vil i større grad vere forankra i eit fagleg miljø, og "normalitetstankegangen" blir tydelegare.

Samlokalisering vil i større grad gi høve til val av programfag ut frå behov og ønskt sluttkompetanse. Med tanke på integrering og tilbakeføring til samfunnet vil det vere fordelar med å vere på ein «vanleg» arena, då overgangen kan leggjast til rette over tid.

Fysisk lokalisering saman med resten av skulen vil gjere det lettare å administrere det samla tilbodet ved Åsane vidaregåande skule. Samstundes vil ein oppnå samdriftsfordelar med m.a. bibliotek, kantine, klasserom og grupperom, samt betre utnytting av kontor/arkivtenesta ved skulen. Når det gjeld arbeidsmiljøet for tilsette, vil m.a. nærleik til andre tilsette på hovudskulen kunna vere positivt i høve til fagleg samarbeid og tryggleik i arbeidssituasjonen.

Kva talar mot samlokalisering?

Dei mest nærliggjande innvendingane mot samlokalisering handlar om korleis ein kan ivareta tryggleik for alle og moglege negative miljømessige konsekvensar. Ei utfordring er at samlokalisering kan utsetje ungdomsmiljøet for påverknad når det gjeld t.d. kriminalitet og rus, og eventuelt gi større spelerom for uvedkomande som oppsøker skulen t.d. med tanke på sal av ulovlege rusmiddel. Elevar kan då bli utsette for press, vanskelege situasjonar og manglande trivsel. Skulen sitt omdøme kan også bli skadelidande dersom det vert opplevd pågang eller sal av narkotika. Det siste skuleåret har m.a. avdekking av omfang og tilgang til narkotika, samt aksjonar mot ulovleg rusbruk frå politiet si side, bidrege til at merksemda og tiltaka i høve rusproblematikk er skjerpa.

Med omsyn til rusproblematikk kan ei anna utfordring vere om rusa personar kjem til skulen eller undervisninga. Fengselet vurderer elevane når det gjeld tryggleik og risiko m.a. i høve til rusmisbruk, risiko for truslar og vald. Det kan vere vanskeleg å vurdere kva elevar som kan få plass, men kontrollen er streng. I tillegg kan ein vurdere behovet for miljøarbeidarar eller andre stillingsgrupper med kompetanse innan t. d rus og det fengselsfaglege feltet.

Eit anna moment som kan nemnast her er at det vil kunne vere ein viss aldersskilnad i høve elevgruppa på 16-19 år i den vidaregåande skulen. Aldersforskjellen kan vere til hinder for integrering og mogleg påverknad frå positive rollebilete og sosiale samanhengar. I tillegg til elevane med ungdomsrett har Åsane vidaregåande skule lærlingar og vaksenopplæring, noko som gjer at skulen har aldersblanding i utgangspunktet.

Ei eventuell flytting av avdeling Fossane til den nye vidaregåande skulen, vil innebere ei gruppe på ca. 10-15 elevar. Med ein slik gruppestorleik og elevar av begge kjønn vil det vere mogleg å integrere elevane i skulen.

Erfaringar frå andre

Når det gjeld samlokalisering av opplæring i kriminalomsorga med ordinær vidaregåande opplæring, er det lite erfaringar frå andre stader. Samlokalisering vil vere ei form for nybrottsarbeid som må følgjast opp med evaluering. Hordaland fylkeskommune har innhenta erfaringar frå Steinkjer vidaregåande skule som har samlokalisert avdeling Furuskogen med skulen. Erfaringane frå Steinkjær viser at slik integrering har fungert veldig godt. Både tilsette på skulen og kriminalomsorga peikar på få eller ingen negative erfaringar frå sjølve aktiviteten som har vore ved avdelinga. Fengselet i Steinkjær har likevel erfart at dei har blitt meir restriktive med klarering for frigang særleg opp mot seksualforbrytarar. Slik dei framstiller denne problematikken, har dette i like stor grad vore knytt opp mot stigmatisering av dei innsette i lokalmiljøet som mot sikkerheita for andre elevar på skulen. Det har heller ikkje kome negative reaksjonar frå elevar, føresette eller lokalmiljøet generelt. Skulen har lagt vekt på openheit og grundig informasjon til elevar og føresette.

Kva føresetnader er viktige for å lukkast med eventuell samlokalisering?

- Godt eigna lokale til opplæring og undervisning med høve til fleksibilitet for å kunne leggje til rette for varierte arbeidsmåtar.
- God informasjon tidleg/til rett tid til tilsette, elevar og føresette om opplæringstilbodet og forsvarleg tryggleik.
- Motivasjon og tilslutning til løysinga lokalt er svært viktig. Spørsmålet om samlokalisering kom opp etter initiativ frå skulen, og dette er klart ein styrke for å kunne lukkast med gjennomføringa.
- Kriminalomsorga/fengselet må vere med på planlegging og gjennomføring.
- Samarbeidet mellom Åsane vidaregåande skule og andre/fleire samarbeidspartnarar, m.a. kriminalomsorga, NAV og Bergen kommune må utviklast vidare.
- Samarbeid i fasen med utforming av romprogram for Nye Åsane vidaregåande skule vil vere viktig.
- Ei god handheving av tilgangskontroll – dette vil ikkje skilje seg vesentleg frå den tilgangskontrollen som til dømes er ved Amalie Skram vgs i dag .

Tilråding

Fylkesrådmannen rår til at ein i det vidare programmeringsarbeidet for nye Åsane vgs legg til grunn ei integrering av avdeling Fossane. Det er viktig at representantar frå Kriminalomsorga deltek i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Vidare ser fylkesrådmannen det som tenleg at skulen i si bemanning har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.

Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs

Med tanke på at ein byggjer ein ny skule med yrkesretta fagtilbod, ser fylkesrådmannen det som viktig at det vert tenkt nytt og framtidsretta i planlegginga av skulen. Åsane ligg ikkje så langt unna verken Knarvik eller Arna, og det må vere eit poeng å sjå tilbod og arealutforming ved dei tre skulane i samanheng, særleg når det gjeld Bygg og anlegg (BA) og Teknologi og industriell produksjon (TIP). Dette gir rom for nytenking rundt organiseringa av yrkesfaga på den nye skulen. Dette er særleg viktig i forhold til lærlingar og samarbeid med næringslivet og opplæringskontora for yrkesfag. Ein viktig referanse i så måte er Kuben Yrkesarena i Oslo, som blei opna hausten 2013. Der er det oppretta eit læringsssenter for byggfag som opplæringskontora samarbeider om.

I 2014 har ei arbeidsgruppe med representantar frå Fagopplæringskontoret og opplæringskontora i Hordaland jobba med å vurdere eit yrkesopplæringsssenter knytt til Nye Åsane vgs. Gruppa har mellom anna vore på studietur til Kuben Yrkesarena.

Kuben Yrkesarena

Kuben Yrkesarena består av Kuben videregående skole, Fagskolen Oslo Akershus, Kuben kurs- og teknologisenter og Læringsssenteret for byggfag. Bakgrunnen for byggsenteret var behovet for oppdaterte lokale for samarbeid, eit presserande behov for å gjere noko med rekruttering og omdøme innan byggfag i Oslo, samt eit ønskje om å styrke opplæringa i bygningsfaga. Læringsssenteret for byggfag er eit samarbeid mellom ulike opplæringskontor om tilrettelegging for lærlingar som skal opp til fag- og sveineprøver. Senteret er også brukt av praksiskandidatar og lærlingar til gjennomføring av fag- og sveineprøver.

Dei ulike opplæringskontora ved læringsssenter for byggfag Kuben Oslo

- VKE - Forening for Ventilasjon, Kulde og Energi
- Opplæringskontoret for tømrefaget
- Maler- og byggtapetsermesternes opplæringskontor
- NELFO – bransjeforeningen for el- og it-fagene
- Opplæringskontoret for rørleggerfaget Oslo og omegn
- Muresternes Forening
- Opplæringskontoret for Bygg og Anleggsteknikk
- Opplæringskontoret for Ventilasjons og Blikkenslagerfaget Oslo og omegn

Med ønske om å sjå på moglegheitene for eit slikt byggsenter ved Nye Åsane vidaregåande vart opplæringskontora innan byggfag invitert til dialog om ein slik modell.

Inviterte opplæringskontor frå Hordaland

- Byggmestrenes servicekontor
- Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk - Byggopp
- Maler- og byggtapetsermestrenes opplæringskontor
- Blikkenslagermestrenes opplæringskontor
- Opplæringskontoret for rørleggerfaget VVS
- Opplæringskontoret for anlegg- og bergfagene
- Norsk opplæringskontor for ISO fagene (stillasfaget)
- Murefagets opplæringskontor

Første møte vart gjennomført 8. april 2014, der dei fleste opplæringskontora var representert. Ideen om eit opplæringsssenter i Åsane møtte positiv respons frå alle kontora. Tilbakemeldinga var og at det var ulike behov frå dei forskjellige opplæringskontora. Innan røyr vart det lagt fram at dei har investert mykje i noverande lokale og difor ikkje hadde stort behov eller ønskje om å flytte på verksemda, medan det innan mur, målarfaget og fleire andre er interesse for å flytte verksemda til eit slikt senter. Ein av føresetnadene som gjekk igjen hos alle opplæringskontora, var ein økonomisk modell der kostnadene ikkje vil auke i forhold til eksisterande leigeavtalar. Opplæringskontora er finansiert av lærlingtilskot og har merka sviktande innsøking og dermed færre kontraktar dei siste åra.

Fagopplæringskontoret besøkte saman med nokre representantar for opplæringskontora Kuben Yrkesarena 10. juni for å sjå nærare på organiseringa der. Frå besøket er det nokre erfaringar som er sentrale:

1. Opplæringskontora betalar ikkje leige til Kuben Yrkesarena. Dei må dekkje driftskostnader inkludert felles resepsjonsteneste. Fylke/kommune dekkjer dette som eit ledd i marknadsføring av yrkesfag og byggfag spesielt. Byggfag har lenge hatt ein svak posisjon i Oslo trass trong for fagutdanna arbeidskraft.
2. Opplæringskontora hadde før oppretting av opplæringsssenteret eit samarbeid, og fleire hadde felles kontor på ein tidlegare skule som eit mellomledd før innflytting på Kuben Yrkesarena.
3. Opplæringskontora har ikkje kontoradresse på opplæringsssenteret men nyttar senteret til opplæring, kurs og som prøvestasjonar. Det vil seie at opplæringskontora nyttar senteret til opplæring samt fag- og sveineprøver.

Kvifor og korleis kan vi organisere eit læringsssenter for byggfag i Hordaland

Innan byggfaga har vi i Hordaland 9 opplæringskontor inkludert OKEL (opplæringskontoret for elektrofag). Desse kontora er lokalisert på forskjellige stader i Bergen, der nokre få har kontor i felles lokale. Kjem ein til

Lindås, Hardanger, Voss, Norheimsund og Sunnhordland, er det meir tverrfaglege kontor enn fagspesifikke. Det er 12 skular som tilbyr Vg1 Bygg- og anleggsteknikk, 14 skular som tilbyr Vg2 Byggteknikk, 1 i Anleggsteknikk (landslinje) og 1 i Klima-, energi- og miljøteknikk. I tillegg er det 5 særlopsfag med læretid etter Vg1.

Det er per dags dato ikkje nokon tydeleg felles treffplass for byggfag verken i skule eller næring, noko som gjer det vanskelig å treffe ungdom med tilbod og informasjon om utdanning innan byggfag, medan det er trong for rekruttering av lærlingar og nye fagarbeidarar. Ein kan summere opp argumenta for eit felles opplæringsssenter for byggfag slik:

- Vi manglar eit signalbygg for yrkesfag i Hordaland, Nye Åsane VGS kan vere eit slikt bygg
 - ✓ Eit slikt signalbygg vil vere eit tydeleg symbol på satsing innan yrkesfag
 - ✓ Signal til både foreldre, ungdommar og andre innbyggjarar i fylket
 - ✓ Signal på landsbasis at Hordaland satsar på yrkesfag
- Byggfaga har trong for koordinering
- Eit opplæringsssenter kan gjere det enklare for byggfaga å vere eit tydeleg og attraktivt alternativ for ungdom
- Eit slikt senter vil også gjere byggfaga meir tilgjengelege ved at ein kan gjennomføre fagdagar i fleire fag på same tid på same stad
 - ✓ Det vil bli lettare å organisere fagdagar for grunnskulen når ein kan samle fleire fag på ein plass
 - ✓ Ungdommar kan prøve fleire fag på kort tid, slik at også skulen sin ressursbruk blir effektivisert
- Opplæring for lærlingar og vaksne vil lettare kunna samkjørast med vaksenopplæringa
 - ✓ Både lærlingar og vaksne tar teori gjennom vaksenopplæringa. Nye Åsane vil ha vaksenopplæring. På eit slikt senter vil begge grupper få tilgang til lokalitetar med fagressursar.

Opplæringsssenteret på Kuben er organisert som ein del av Kuben Yrkesarena, der Kuben vgs også inngår. Det er truleg ikkje tenleg at Nye Åsane vgs skal organiserast som ein del av eit større senter. Det er difor to moglege modellar for organisering av eit opplæringsssenter i Åsane.

1. Åsane vgs og Opplæringsssenter for byggfag har separate administrasjonar og blir drifta som to einingar.
2. Opplæringsssenter for byggfag blir drifta administrativt av Nye Åsane vgs.

Modell 2 peikar seg ut som det mest aktuelle alternativet for Åsane vgs:

- Senteret vil vere i same bygg som Nye Åsane vgs eller på same område, og driftskostnader vil vere tett koplå mellom dei to einingane, felles driftsressursar vil vere naturleg.
- Det er ikkje på noverande tidspunkt planlagt at Åsane vgs skal vere ein del av eit større senter slik som Kuben Yrkesarena. Difor er det naturleg at det er snakk om ein felles administrasjon.
 - ✓ Ved å kople administrativ leiging til skulen vil ein spare ressursar og kunne få betre samhandling gjennom *ein* administrasjon og *ei* leiging.
- Ein vil kunne utnytte ressursane betre ved at ein kan nytte ledig areal i opplæringsssenteret til skule, lærling- og vaksenundervisning samt fengselsundervisning når arealet ikkje er i bruk av opplæringsssenteret.
 - ✓ På Kuben var areal på senteret ikkje i bruk i lengre periodar grunna klar avgrensing mellom skule og opplæringsssenter. Dette kan ein unngå med betre koordinering og ei leiging.
- Opplæringskontora har eigne verkstader med første prioritet, men som nemnt kan desse gjerast tilgjengelege for skulen ved avtale og behov når dei ikkje er i bruk.
- Kwart opplæringskontor treng ca. 200 kvm til verkstad
- Kurs og møterom er felles
- For å gjere det attraktivt for opplæringskontora å nytte senteret bør ein vurdere løysinga på Kuben, der opplæringskontora berre dekkjer driftsutgifter for sine areal.
 - ✓ Dette gir eit signal frå fylkeskommunen om at det er ønskeleg å samle faga og å etablere eit tettare samarbeid. Dette er spesielt viktig for opplæringskontor med få lærekontraktar

- Inntekter ved fagprøver vil dekkje kostnader ved prøvestasjonar i dei forskjellige faga, slike inntekter har fylket på prøvestasjonar i elektrofag ved Bergen Maritime vgs og Årstad vgs.
- Det må tidleg i arbeidet avklarast i samarbeid med opplæringskontora korleis dei skal nytte opplæringsssenteret og i kva grad ein flyttar verksemd frå noverande lokalitetar. Det må inngåast gjensidig forpliktande avtalar.

Oppsummering

Det er eit stort behov for fagarbeidarar i åra som kjem. Det er behov for å vise ungdom at yrkesfag er eit likeverdig alternativ som val av utdanning som det studiespesialiserande er. Byggfaga og byggebransjen er i ein posisjon der dei har trong for fagarbeidarar, men det er låg innsøking i forhold til meldt behov. Opplæringskontora for fag innan bygg treng ei koordinert satsing. Eit opplæringsssenter for byggfag i Hordaland vil gje opplæringskontora moglegheit til å samkjøre sitt arbeid for dei som er under utdanning og målgrupper for framtidig rekruttering. Dette er òg eit godt høve for Hordaland Fylkeskommune til å vise at det blir satsa på yrkesutdanning og at yrkesfag er eit attraktivt val.

Kapasitet på idrettshall og fordeling av fagtilbod i Åsane

Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 2e:

«Tertnes vgs vert vidareført, med fagtilbod og dimensjonering som vist i tabell i saksutgreiinga. Dette inneber at utdanningsprogramma studiespesialiserande (ST) og studiespesialiserande med formgjeving (ST-FO) vert vidareført. Tilbodet om studiespesialiserande med toppidrett vert og vidareført inntil vidare, men eventuell flytting kan vurderast når toppidrett symjing vert starta opp på Amalie Skram vgs. Design og handverk (DH) vert lagt ned og flytta til Knarvik vgs. Service og samferdsel (SS) og TO-tilbodet på Tertnes vgs vert flytta til den nye vidaregåande skulen i Åsane når denne står ferdig. Tertnes vgs vert utvida for å auke kapasiteten på ST».

Skule	Elevtal 2013/14	AO	BA	DH	EL	HO	ID	MD	MK	NA	PB	RM	SS	ST*	TO	TIP	Ny kapasitet
Tertnes vgs	468												0	735	0		735

For Åsane vgs, U.pihl vgs og Lønborg vgs vart det gjort følgjande vedtak (Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 2f):

«U. Pihl og Åsane vgs vert samlokaliserte ved U. Pihl sine noverande lokale i ein ny vidaregåande skule i Åsane. (...) Service og samferdsel (SS) vert overført frå Tertnes vgs og Knarvik vgs og samla i eitt fagmiljø på den nye skulen. ST vert lagt ned på U. Pihl vgs/Åsane vgs og flytta til Tertnes vgs. HO-tilboda på Lønborg vgs vert overført til U. Pihl vgs/Åsane vgs når denne er ferdigstilt».

Tabell: Framtidig kapasitet for U.Pihl / Åsane vgs, etter utbygging og samlokalisering. Elevtal skuleåret 2013/14 er basert på samla elevtal for Lønborg, Åsane og U.Pihl vgs.

Skule	Elevtal 2013/14	AO	BA	DH	EL	HO	ID	MD	MK	NA	PB	RM	SS	ST	TO	TIP	Total
U. Pihl/Åsane vgs	817	50	75		90	195	180				90	75	105	0	60	150	1070

Kapasitet på idrettshall

Auken i elevtal saman med tilbod om toppidrett vil gi store utfordringar med tanke på tilstrekkeleg kapasitet på idrettsanlegg ved Tertnes vgs. Situasjonen i dag er allereie pressa, og det føreligg ikkje planar frå Bergen kommune si side som vil endre på dette. Dette gjer at det ikkje vil vere tilstrekkeleg tilgang på idrettshall i forhold til det vedtekne tilbodet ved skulen. Når det gjeld klasserom, vil flyttinga av SS langt på veg dekkje kapasiteten for klasserom til ST.

For Åsane vgs sin del vil òg tilgangen på idrettshall vere kritisk. Bergen kommune har planar om å bygge ein ny arena for topphandball og andre hallidrettar i Myrdalsområdet, som grensar opp mot skuletomta. Ein ny hall vil ha større kapasitet enn dagens Åsanehallen og vil kunne tilfredsstillere behovet til den nye skulen. Kommunen sine planar er likevel lite konkrete og vil kunne liggje langt fram i tid. HFK sin bruk av Åsanehallen er regulert i ein tinglyst avtale som sikrar tilgang fram til eit nytt alternativ er klart, men dette vil ikkje

vere tilstrekkeleg for skulen sitt vedtekne fagtilbod. Dette gjer at det truleg vil vere naudsynt for HFK å bygge idrettshall enten ved Tertnes vgs eller ved Nye Åsane vgs.

Bygging av idrettshall og fordeling av fagtilbod.

Med tanke på at det på sikt vil kome ny idrettshall i Myrdalsområdet, vil det vere mest tenleg å knytte ein ny idrettshall oppført av HFK til Tertnes vgs. Dette vil gi ei samling av gode og varierte idrettsfasilitetar i nærleiken til skulen. Toppidretten nyttar mellom anna den kommunale Åstveithallen. Kapasiteten i den hallen er pressa, og skulen får ikkje leigd så mykje hall-tid som den ønskjer. Ein ny hall ved Tertnes vgs opnar for å flytte tilbodet innan ID frå Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Ved bygging av idrettshall kan ein samstundes bygge nye undervisningsrom. På Tertnes vil ein då ha ny idrettshall, Åstveithallen til symjing, Åstveitbana til fotball og friidrett. Åstveitskogen er også ideell til naturaktivitetar. Kombinasjonen av *ein* skule med ST, ID og toppidrettstilbod saman med gode og varierte idrettsanlegg er svært gunstig.

Flytting av ID gjer at Åsanehallen vil ha naudsynt kapasitet for Nye Åsane vgs til ny hall står klar i Myrdalsområdet.

Tertnes vgs ligg inne på fylkesrådmannen si liste over prioriterte skulebygg i høve til rehabilitering og nybygg (Jf. saksutgreiing til f.t.sak 1/13, kap. 13). Prioriteringa er knytt til utvida kapasitet på ST, og tiltaka er tidfesta til perioden 2017-2020. Tidspunkt for overføring av elevar frå ST og eventuelt ID ved U.Pihl til Tertnes vil avhenge av når dei planlagde nybygga ved Tertnes vgs og Åsane vgs står klare til bruk. Med bygging av idrettshall og flytting av ID vil det vere tenleg at rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs er ferdig før Nye Åsane er ferdig. Fylkesrådmannen tilrår difor at start på arbeidet blir framskunda til 2016. Vidare tilrår fylkesrådmannen at ei ny fordeling av fagtilboda mellom skulane blir som vist i tabellen under.

Forslag til fagtilbod i Åsane

	AO	BA	EL	ID	HO	TP	PB	RM	SS	TO	ST	Total
<i>Tertnes vgs</i>				180							735	915
<i>Nye Åsane vgs</i>	50	75	90		195	150	90	75	105	60		890
Total	50	75	90	180	195	150	90	75	105	60	735	1805

PS 41/14 Ymse